



Universitetet  
i Stavanger

Fakultet for utdanningsvitenskap og humaniora

## MASTEROPPGÅVE

Studieprogram: Master i Lesevitenskap

Vårsemesteret 2018

Open

Forfatter: Tommas Øyri Grøtterød

(signatur forfatter)

Rettleiar: Sidsel M. Skjelten, IGIS

Tittel på masteroppgåva: *Skrivekompetanse i norskfaget på vidaregåande skule. Ein studie av kvalitetsforskjellar i elevtekstar.*

English title: *Writing skills in Norwegian subjects in the field of education in High School. A study of quality differences in students' texts.*

Emneord: Kvalitetsforskjellar i tekst, skrivekompetanse, norsk skriftleg, vg3, vurdering, kriterium.

Sidetal: .....95.....

+ vedlegg/anna .....69.....

Stavanger, 20. juni 2018

## Samandrag

Denne oppgåva undersøker kvalitetsskilnader i eit utval norskfaglege tekstar skrivne av elevar på siste året på vidaregåande i studieførebuande studieretning. Problemstillinga er: Kva skil tekstar som har fått svært god karakter frå dei som har fått middels god? Skriveoppgåver og elevtekstar frå tre skular er samla inn og eit intensivutval på tolv elevtekstar blir analysert.

Funna tyder på at det på dette trinnet blir lagt vekt på tradisjonelle skriveoppgåver innanfor ei fagspesifikk skriving i norskfaget, som litterær og retorisk analyse. Det er ingen oppgåver om såkalla kreative tekstar i materialet. Dette tyder på at ein kunnskaps- og kulturarvmodell framleis dominerer i vidaregåande skule (Berge 2005:24). Det ser ut til at eksamensordninga støttar opp om tradisjonelle oppgåvetypar.

Skrivesituasjonane ved skulane er ulike, og det viser seg i elevtekstane på fleire måtar. Den epistemologiske kunnskapen som blir vist i tekstane, tekstlengd og bruken av kjelder heng saman med tida som har vore til rådvelde, tilgangen til internett, samt støtte frå lærarar og medelevar undervegs. Ingen av tekstane har blitt skrivne i prosess ved at dei er blitt samla inn og kommentert på undervegs. Modelltekstar og skriverammer kan vera ein god støtte, men forfatarane av svært gode tekstar utnyttar oppgåvene til å posisjonera seg og skapa mening på andre måtar. Der førskrivingsprosessen har gått føre seg over lengre tid, viser fleirtalet av elevane større engasjement og tekstlengda aukar. Dette varierer i større grad for tekstar som er skrivne i meir tradisjonelle, summative vurderingssituasjonar.

Både skriveoppgåvene og vurderingskriteria kommuniserer formålet med skrivinga i ulik grad, noko som til ein viss grad kan sporast i den skrivekompetansen elevane viser. Dersom elevane aukar medvitet med formålet med skrivinga, og brukar fleire av dei ressursane som ligg i det kommunikative aspektet ved teksten, kan dette truleg føra til større engasjement og motivasjon for skrivinga. Det kan igjen visa seg i større breidd i tekstane og den kunnskapen som blir vist. Karaktervurderinga vil truleg bli påverka av dette.

Eit nytt sett med vurderingskriterier for norskfaglege tekstar for vidaregåande studieretning på vg3 er utvikla og blir sett i samband med elevtekstane. Kriteria er basert på forventningsnormene i Norm-prosjektet. Kriteria har ei analytisk tilnærming til tekstane, og er tenkt å kunna brukast til alle teksttypar, ved både formative og summative vurderingssituasjonar.

## Summary

This study examines quality differences in a selection of Norwegian-language texts written by pupils in the last year of the Norwegian school system. The study asks: What separates texts that have been given very good grades from those who have got medium good? Essays and writing tasks from three different schools have been gathered. An intensive selection of twelve student texts is analyzed. The findings indicate that in this level of the education traditional writing assignments is emphasized in Norwegian subjects, such as literary and rhetorical analysis. There are no tasks that requests so called creative writing in the material. This may indicate that a knowledge and cultural heritage model (Berge 2005:24) is predominantly dominant in the field of education. It appears that the exam scheme supports traditional types of writing.

The setting and access to sources such as Internet varies, and this has an influence on the texts that appear in many ways when it comes to the epistemological knowledge that is shown, the length, the process that the pupils has been involved in and the use of sources. None of the texts have been written in process where the teacher has commented. Scaffolding, such and model texts, can be a good introduction to the disciplinary discours. Authors of very good texts use the tasks to position themselves and create meaning in many ways. In one of the schools the pre-writing process has taken place over a longer period of time. The plural of the students in this school shows greater involvement and text-length increases. This varies more for texts that are written in more traditional, summative assessment situations on the debt.

Both the writing assignments and the assessment criteria communicate the purpose of the writing to varying degrees, which can, to some extent, be traced to the writing skills the students show. If students increase awareness of the purpose of writing, and can utilize more of the resources that lie in the communicative aspect, this can invariably lead to greater involvement and motivation for writing. Again, it can be seen in greater width in texts and the knowledge that is shown. The rating will likely be affected by this. A new set of rating critiques for Norwegian-language texts for advanced studies in grade 3 is developed and seen in connection with the student texts. The criteria are based on the expectation norms in the Norm project. The criteria have an analytical approach to text, and are intended to be applicable to all text types, in both formative and summative assessment situations.

## Forord

Å ta ein mastergrad ved sidan av jobben som lærar på vidaregåande er krevjande, og set både arbeidsevne og sjølvdisiplin på prøve. Då hjelper det godt med mykje tolmod frå studiestad, rettleiar, frå arbeidsgivar og kollegaer. Alle skal ha stor takk for den viljen dei har hatt til å leggja til rette for at denne oppgåva kunne bli noko av.

Tusen takk til rettleiar, Sidsel Merete Skjelten! Takk for alle gode spørsmål, faglege innspel og gode råd. Og ikkje minst takk for oppmuntringar og velvilje i prosessen. Utan at du hadde hatt tru på prosjektet, ville det truleg ha smuldra vekk undervegs.

Lærarane og leiarane ved skulane som empirien er henta frå skal ha stor takk for at eg fekk koma innanfor skuledøra, for at eg fekk tilgang til oppgåver og vurderingskriterium og for svar på spørsmål undervegs. Mange takk til elevane, som skreiv og som delte tekstane sine.

Førelesarane Nora Simonhjell og Ingrid Nielsen ved UiS bidrog i stor grad til at masterseminara blei interessante og lærerike. Prosjektleder Synnøve Matre skal ha takk for svar på spørsmål om Norm-prosjektet. Takk også til Tone Vindegg i Udir for svar på spørsmål om skriftleg eksamen.

Medstudentar ved UiS skal også ha takk, for interessante samtalar og spanande framlegg på seminara. Tusen takk til Silje Kolås Motland og andre gode kollegaer, som støtta i prosessen og gav nyttige innspel til forbetringar i språk og innhald. Arbeidsgivaren, Rogaland fylkeskommune, skal også ha stor takk for at eg fekk nytta ordninga Kompetanse for kvalitet. Eg håpar og trur at det eg har lært i prosessen med oppgåva kan koma til nytte i samband med undervisninga på vidaregåande skule.

Aller mest takk skal tre fantastiske ungar og du, Anne Maj, ha! For at dokker heldt ut med og oppmuntra skribenten.

Stavanger, juni 2018

## Innhald

1.0 Bakgrunn for val av tema og problemstilling.....	1
1.1 Problemstilling og formål.....	1
1.2 Tidlegare forskning på området .....	2
1.3 Disposisjon av oppgåva.....	5
2.0 Materiale og metodiske tilnærmingar .....	6
2.1 Innhenting og utval av tekstar .....	6
2.2 Tilnærming til materialet.....	8
2.2.1 Kriterium ved skriftleg eksamen .....	9
2.2.2 Kriterium ved skule A, B og C.....	13
2.2.3 Tekststruktur, engasjement, truverd og rettskriving.....	13
2.2.4 Kriterium i Norm-prosjektet.....	14
2.2.5 Kriterium som er førande for analysane.....	15
2.3 Reliabilitet, validitet og forskingsmessige utfordringar .....	17
3.0 Teori om språk og skriving .....	20
3.1 Å skapa meining med språk .....	20
3.1.1 Systemisk-funksjonell lingvistikk .....	20
3.1.2 Retorikk .....	22
3.1.3 Hermeneutikk og skjønn .....	23
3.2 Skulens normer for skriving .....	24
3.2.1 Normer og krav om kompetanse .....	24
3.2.2 Skrivekompetanse .....	27
3.2.3 Lesekompetanse og tekstforståing.....	30
3.2.4 Sjanger og teksttype .....	31
3.2.5 Skrivestrategiar og modellering .....	33
4.0 Skriveoppgåver og skrivesituasjonar .....	35

4.1 Springbrett eller direktiv om skriving? .....	35
4.1.1 Skriveoppgåver og -situasjon ved skule A .....	36
4.1.2 Skriveoppgåver og -situasjon ved skule B .....	38
4.1.3 Skriveoppgåver og -situasjon ved skule C .....	40
4.1.4 Oppsummering .....	41
5.0 Analyse av elevtekstar .....	42
5.1 Tre tekstar på tretalet .....	42
5.1.1 Tekst A1 – kunnskap om realisme .....	42
5.1.2 Tekst B1 – brukar skriveramma .....	46
5.1.3 Tekst C1 – sterkt til stades .....	49
5.1.4 Trearane – variasjon i posisjon og tekstlengd .....	52
5.2 Tekstar på firetalet .....	53
5.2.1 Tekst A2 – avansert struktur .....	53
5.2.2 Tekst B2 – fagforfattaren .....	56
5.2.3 Tekst C2 – ein god tekst .....	59
5.2.4 Firarane – gode fagtekstar .....	60
5.3 Tre tekstar på femtalet .....	61
5.3.1 Tekst A3 – resonnementet og tekstforståing .....	62
5.3.2 Tekst B3 – korleis resonnera? .....	66
5.3.3 Tekst C3 – god samanheng .....	68
5.3.4 Femmarane – gode, men kommuniserer i ulik grad .....	70
5.4 Tre seksarar .....	71
5.4.1 Tekst A4 – kunnskap om retorisk analyse .....	71
5.4.2 Tekst B4 – litt kritisk .....	75
5.4.3 Tekst C4 – eksperten .....	77
5.4.4 Seksarane – ulike, men også framstående .....	80
6. Drøfting av resultatata .....	82

6.1 Hovudområdet kommunikasjon .....	82
6.2 Hovudområdet innhald .....	83
6.3 Hovudområdet tekststruktur .....	85
6.4 Hovudområdet språkbruk .....	87
6.5 Hovudområdet rettskriving og formverk .....	88
6.6 Samla vurdering .....	89
7. Avsluttande kommentarar .....	93
7.1 Oppsummerande tendensar .....	93
Litteratur .....	1
Illustrasjonar .....	3
Vedlegg .....	4
Oppgåver, tekstvedlegg og elevtekstar ved skule A .....	4
Oppgåver og tekstvedlegg .....	4
Tekst A1 .....	10
Tekst A2 .....	12
Tekst A3 .....	17
Tekst A4 .....	20
Oppgåver, tekstvedlegg og elevtekstar ved skule B .....	25
Oppgåver, vedlegg og vurderingskriterium .....	25
Tekst B1 .....	33
Tekst B2 .....	34
Tekst B3 .....	36
Tekst B4 .....	38
Oppgåver, tekstvedlegg og elevtekstar ved skule C .....	42
Oppgåver .....	42
Vurderingskriterium .....	45
Tekst C1 .....	46

Skrivekompetanse i norskfaget på vidaregåande skule. Ein studie av kvalitetsforskjellar i elevtekstar.

Tekst C2 .....	48
Tekst C3 .....	52
Tekst C4 .....	55
Brev til elevar, lærar og skuleleiing .....	60
Brev til elevar .....	60
Brev til lærarar .....	61
Brev til skuleleiing .....	62
Vurdering frå NSD, Personvernombodet for forskning .....	63
Vurderingsskjema ved skriftleg eksamen vg3, 2017 .....	67



## 1.0 Bakgrunn for val av tema og problemstilling

Kva er ein god tekst i norskfaget? Kva kriterium kan og bør ein nytta for å vurdere tekstar? Handlar det mest om skjønn når ein norskfagleg tekst skal vurderast, eller er det råd å peika på kva som skil ein middels god tekst frå ein svært god?

Å vurdere norskfaglege tekstar er ikkje ei ny utfordring. I *Skolestilen som genre. Med påtvungen penn* peika Kjell Lars Berge på tre hovudproblem ved skriveopplæringa: 1) Kva er kriterium for tekstkvalitet? Kva gjer ein tekst god, og i kva grad er det ønskjeleg at elevane strekkjer seg mot og når desse kvalitetane i undervisningsforløpet? 2) Korleis skal vi vurdere tekstkvalitet? Kan vi gradere desse kvalitetane på ein skala? Korleis skal dei vektast i forhold til kvarandre? Er til dømes ortografi mindre viktig enn god tekststruktur? 3) Korleis skal tekstkvalitet lærast? Dersom vi kan bli samde om kva ein god tekst er, kan elevane læra av dette? Kva slags undervisningsmetodar og praksisar kan vi bruka for å sikra at det skjer ein faktisk vekst i elevane si meistring av skriftspråket? (Berge 1988:7). Rapporten *Framtidas norskfag* set ord på nokre utfordringar ved vurdering i faget norsk:

Innhaldet i norskfaget er svært komplekst, og i vurderinga skal mange delkompetansar vektast mot kvarandre – formidlingsevne, fagleg kunnskap, struktur og samanheng i tekst, kreativitet, sjanger- og mottakarmedvit, ordforråd og meir. Dette gjeld både munnleg og skriftleg norsk. Den samla vurderinga vil alltid i siste instans vere basert på eit fagleg skjønn. (Udir 2006:44)

Kva av dei momenta som blir nemnt her blir det lagt mest vekt på når ein ser på eit utval elevtekstar? Er det formidlingsevne, fagleg kunnskap, rettskriving? Eller noko heilt anna?

### 1.1 Problemstilling og formål

Formålet med denne studien er gi nokre bidrag til feltet vurdering i den skriftlege delen av norskfaget i vidaregåande skule. Problemstillinga for studien er:

*Kva skil tekstar som har fått svært god karakter frå dei som har fått middels god?*

Forskingsspørsmåla er formulert slik:

1. *Kva får svært gode skrivarar til som mindre gode skrivarar ikkje får til?*
2. *På kva tekstnivå finn ein desse kvalitetsskilja?*
3. *Er det råd å koma fram til kvalitetsskiljande kriterium som kan koma skulen til gode?*

Studieobjektet for denne oppgåva er tekstar innanfor tekstkulturen i norskfaget. Elevtekstar frå siste året på vidaregåande i studiespesialiserande program (vg3) er henta inn, og det er valt ut tolv intensivtekstar som lærarane til elevane har sett karakter på. Både skriveoppgåvene som elevane har svart på og skrivesituasjonane er ulike, og dette blir drøfta i samband med elevtekstane. Studien kan plasserast i feltet anvendt språkvitskap, der det handlar om «praktiske problem eller samfunnsoppgåver som har ein språkleg hovudkomponent» (Skjelten 2013:3). Sidan alle elevar på vg3 skal skriva norskfaglege tekstar, og sidan eksamen i norsk skriftleg er obligatorisk, er det råd å kalla vurdering i norsk skriftleg for eit språkleg og praktisk problem eller oppgåve som har ei tyding i samfunnet. Målet med studien er å oppdaga og forstå strukturar som kan vera indikatorar på kvalitetsskilnader i tekstane (ibid.:5). Studien har eit synkront perspektiv, sidan den undersøker elevars skriving på eit punkt i undervisninga.

Kvifor er det interessant å undersøka elevane sin skrivekompetanse i norskfaget på slutten av vidaregåande skule? Elevar i vidaregåande brukar lesing og skriving dagleg for å forhalda seg til fagstoff (Hertzberg 2011:10). Å ha eit tilhøve til tekst er blitt ein av dei aller viktigaste ferdigheitene eit menneske treng for å ta del i tekstsamfunnet (Blikstad-Balas 2016:15). Det er skulen som har fått oppdraget med å gi elevane den skrivekompetansen dei treng, og norskfaget hadde lenge ei særleg stilling som det faget som skulle gi skriveopplæring. Å ha god skrivekompetanse har stor innverknad på karakterar også i andre skulefag enn norsk, og på moglegheita til å koma inn på vidare studiar. Norsk er det einaste faget med obligatorisk skriftleg eksamen på vg3, i hovudmål. Elevane kan i tillegg bli trekt ut til eksamen i to andre disiplinlar av faget, sidemål og norsk munnleg. Dei skal også ha tre standpunktarakterar i norsk. Faget har dermed stor innverknad på den poengsummen elevane går ut med frå vidaregåande skule (Bach 2015:30). Skriveforskningsprosjekt som KAL, SKRIV og Norm peika på at formålet med skrivinga bør koma klarare fram, noko som er eit viktig aspekt i denne studien.

Normene og kriteria er i skrivande stund inne i ein fagfornyingsprosess. Prosessen er ikkje avslutta, og derfor konsentrerer oppgåva seg om normer og forventningar i gjeldande læreplan.

## 1.2 Tidlegare forskning på området

Det er gjort mykje forskning på skriving dei siste ti til femten åra. På 2000-talet kom det fleire større nasjonale forskningsprosjekt, som KAL, SKRIV og Norm. KAL-prosjektet (Kvalitets-sikring av læringsutbyttet i norsk skriftlig) er ein studie av eksamenstekstar i tiande klasse i

grunnskulen frå 1998 til 2001. Hovudkonklusjonen i studien er at elevane er i stand til å kommunisera gjennom tekst, særleg i sjølvsentrerte og forteljande tekstar. Berre om lag 15 % av elevane vel sakprega skiving, og for få meistrar argumenterande skiving på eit akseptabelt nivå (Nasjonalt senter for skriveopplæring og skriveforskning 2013:6). KAL-undersøkinga viste at skrivekompetansen til norske elevar på slutten av grunnskulen er for smal i tilhøve til den kompetansen som Kunnskapsløftet legg opp til. Det er dessutan store kjønnsforskjellar, og jenter skriv mykje betre enn gutar. KAL-prosjektet peika også på at det er kvalitetsforskjellar mellom middels gode og svært gode skrivarar når dei skriv resonnerande tekstar. Kjell Lars Berge og Frøydis Hertzberg seier i avslutninga av Bind II av *Ungdommers skrivekompetanse* at noko av årsakene kan vera at når elevane skal venda seg til ei offentlegheit, og skrivehandlinga er overtalande, set det tekststrukturen på prøve. Svake skrivarar skriv «meiningslister», medan sterke skrivarar løyser problemet med å vera ironiserande (Berge og Hertzberg 2005:391). Det kommunikative aspektet og formålet med teksten viser seg å vera utfordrande. I samband med denne studien er særleg studie 5, 6 og 10 i KAL aktuelle. Studie 5 tar for seg oppgåveval, Kjell Lars Berge ser på kva som kjenneteiknar resonnerande skiving i studie 6, medan Wenche Vagle i studie 10 tar for seg tekstlengd og ordlengdesnitt.

FAGER-prosjektet (Fagskriving i grunnopplæringen) føregjekk frå 2006 – 2010, og undersøkte ulike former for fagspesifikk skiving innanfor utvalde fag på ungdomstrinnet og i vidaregåande skule. Nadderud-prosjektet var ein del av FAGER-prosjektet, og eit viktig formål der var å utvikla kvalitetskriterier som kunne synleggjera fagspesifikke skrivetradisjonar, og dermed leggja grunnlaget for betre rettleiing (Nadderud vidaregåande skole og Universitetet i Oslo 2008:7). Ut frå prosjektet kom det fleire artiklar, og nokre av desse blei samla i *Skriv i alle fag!*

Norm-prosjektet blei starta opp i 2012 og avslutta i 2016. Det fulle namnet var «Developing national standards for the assessment of writing. A tool for teaching and learning». Formålet var å styrka den forskingsbaserte kunnskapen om skriveopplæring og vurdering av skiving i grunnskulen (Matre og Solheim 2014). Normprosjektet var forankra i sosialesemiotisk teori og i ei funksjonell forståing av skiving, som tyder at ein er opptatt av kva ein kan gjera med skrift og kva ein kan oppnå gjennom skiving. Eit mål i Norm-prosjektet var å utvikla eksplisitte forventningsnormer til skiving på ulike nivå. I prosjektet var ein og opptatt av skriveoppgåvene, korleis dei blir utforma og kva funksjon dei har (Otnes 2015:19).

Skrivetrekannten og Skrivehjulet er to modellar som begge tar utgangspunkt i eit funksjonelt syn på skrivning og er resultat av dei større forskingsprosjekta. Funna i SKRIV-prosjektet viste at elevane ikkje kjende til formålet med skrivinga, dei visste ikkje kven dei skulle skriva til og kvifor (Smidt 2011). Med bakgrunn i dette utvikla forskargruppa i SKRIV skrivetrekannten. Trekanten viser samanhengen mellom formålet med skrivinga, innhaldet og forma.

I prosjekta som er nemnt er det ei merksemd mot formålet med skrivinga. Dersom skrivarane er kjende med kvifor ein skriv, og kva som skal skje med skrivinga, vil dette føra til auka medvit om kommunikasjonen i skrivinga. Erfaringar frå KAL- og SKRIV-prosjekta viste at elevar og lærarar ikkje arbeider med eit mangfald av tekstar innanfor faga sine skrivekulturar, og at lærarar og elevar har i liten grad felles forventningar til krav om skrivekompetanse. KAL- og SKRIV-prosjekta viste også at skriveopplæringa ikkje førebur elevane til å delta i ulike tekstkulturar, og at dei dermed ikkje kan delta fullt ut i demokratisk meningsutveksling (Matre og Solheim 2014:2). I denne studien blir det sentralt å sjå på kva måte elevane utnyttar formålet med skrivinga, korleis dei set dette i samband med skrivehandlingar og korleis dei posisjonerer seg i teksten. Det er også interessant å sjå på kva måte formålet med skrivinga kjem fram i skriveoppgåvene.

Kjell Lars Berge gav i 1996 ut doktorgradsavhandlinga «Norskensorenes tekstnormer og doxa». Berge seier at det er skilnad mellom ein kunnskapsbasert forståingshorisont, episteme, og doxa, som består av deltakarane sine praksisbaserte kvardagsmeiningar (Berge 1996:33). Doxaen er bygd opp av ein karakteriserande organisering av mening omkring norskfaget og feltet eksamen. Tilnærminga til denne doxaen er kultursemiotisk, seier Berge, noko som tyder at skriving i norskfaget er ein eigen semiosfære, eller teiknkultur (ibid.) Berge seier også at eksamensordninga kan virka som ein «skjult læreplan», og at eksamen i stor grad avgjer korleis dei ulike læremåla i norskfaget skal vektast (ibid.:352). Norskklærarane sine haldningar til faget viste at dei var opptatt av skriveopplæring, men at det var vanskeleg å seia kva skriveopplæring betydde i praksis (ibid.:501). For norskklærarane er det å lesa litteratur og skaffa seg kunnskapar om norsk kulturarv og kulturtradisjon, samt norsk litteratur og litteraturhistorie viktig. Berge seier at dei overordna måla med norskfaget, slik norskklærarar oppfattar det, er ein kombinasjon



Figur 1. Skrivetrekannten, henta frå Skriveenteret sine nettsider.

av skriveopplæring, og ei relativt litteraturorientert vektlegging av kulturarven. Dette har truleg samband med utdanninga lærarane har fått ved universitet og høgskular (ibid.:500).

Anne Håland tar i si doktorgradsavhandling opp korleis modelltekstar og skriverammer kan vera ei støtte i undervisninga. Elevane har brukt skriverammer og modelltekstar ved alle dei tre skulane i undersøkinga, og dette er derfor aktuelt her. Håland peikar også på ulike posisjonar og roller elevar kan innta når dei skriv fagtekstar. Rollene kan knytast til det kommunikative aspektet ved skrivinga, noko som er ein viktig dimensjon ved skrivinga.

I sitt doktorgradsarbeid peikar Aslaug Fodstad Gourvennec på at elevane oppfattar at litteraturundervisninga ofte er sentrert om kunnskap om litteraturhistorie og verktøy for tekstanalyse. Elevane peikar på ein konflikt mellom det å skulle lausrive seg frå oppskrifter, og samtidig møte krava frå skulen og undervisninga. Dei opplever at undervisninga krev at ein har «det rette svaret», og at deira eigen oppleving av teksten blir underordna ein allereie fastsett fasit. I tillegg kritiserer nokre av elevane metoden for å være «mekanisk». Dei føler seg pressa til å knyte verkemiddel opp mot tematikken i teksten (Gourvennec 2016).

### 1.3 Disposisjon av oppgåva

Oppgåva har i alt sju hovudkapittel. I dette innleiande kapittelet blir valet av tema grunnleggjande, og problemstillinga og formålet blir presentert saman med ein del av den relevante forskinga på området. *Kapittel 2* tar for seg empirien, den analytiske tilnærminga til den, samt spørsmål om validitet og reliabilitet og forskingsetiske utfordringar.

*Kapittel 3* tar for seg teoriar om å skapa mening i språk, om systemisk funksjonell grammatikk, retorikk og hermeneutikk. Kunnskapsløftet og forventningar om kompetanse i læreplanar blir omtala, saman med ulike skrivetradisjonar. I *kapittel 4* blir skriveoppgåvene og -situasjonane analysert, medan elevtekstane blir analysert i *kapittel 5*.

I *kapittel 6* blir funna drøfta og det blir peika på ulike kjenneteikn ved kvalitetsskilnader i tekst. Denne delen er strukturert etter vurderingsområdene og forventningsnormene i Normprosjektet. Relevant teori blir sett i samband med funna. I *kapittel 7* blir det peika på nokre tendensar ved skriveopplæringa i vidaregåande skule.

## 2.0 Materiale og metodiske tilnærmingar

*Denne studien er kvalitativ og teksttolkande. Studien analyserer eit utval skriveoppgåver og elevtekstar frå tre skular. Føremålet er å finna teikn på kvalitetsskilnader i elevtekstar. I del 2.1 blir tekstutvalet, skriveoppgåvene og skrivesituasjonen omtala. Kriteria som er styrande for analysane og drøftingane i kapittel 5 blir omtala i del 2.2.*

### 2.1 Innhenting og utval av tekstar

Undersøkinga som studien byggjer på starta opp hausten 2017, då brev med førespurnad om å delta gjekk ut til lærarar og skular. I brevet blei det spurt etter norskfaglege tekstar skrivne av elevar på vg3 studiespesialiserande, som lærarane hadde karaktersett. Karakterane var viktige for å kunna systematisera tekstane ut frå signal om kvalitet. Lærarane sine skriftlege kommentarar til tekstane skulle ikkje følgja med. Det blei ikkje gitt føringar om kva type oppgåve eller tekst det var ynskje om. Brev blei sendt ut til skular i Rogaland, og dette handla om å bruka eksisterande nettverk. Tre skular sa ja til å delta, og alle skulane kan karakteriserast som byskular med frå middels høg til høg inntaksgrense. Skulane si geografiske plassering og inntaksgrense er relevant, fordi det fortel om nivået elevane har med seg frå grunnskulen.

I alt 81 elevar ved dei tre skulane blei spurd om å delta i studien, og av desse takka 67 ja. Av dei 67 tekstane som kom inn er det gjort eit utval på tolv intensivtekstar, fire frå kvar skule. Tekstane i intensivutvalet har fått karakterar mellom 3 og 6, der karakter 3 er *nokså god*, karakter 4 er *god*, 5 er *svært god* og karakter 6 er *framifrå*. Tekstar som har fått karakterane 3 og 4 blir i denne

Skule	Intensivutvalet	Karakter	Teksttype
A	A1	3/4	Retorisk analyse
	A2	4/5	Fagartikkel, realisme
	A3	5/4	Resonnerande tekst
	A4	6	Retorisk analyse
B	B1	3	Retorisk analyse
	B2	4	Retorisk analyse
	B3	5	Retorisk analyse
	B4	6	Retorisk analyse
C	C1	3+	Skjønnlitterær analyse
	C2	4	Skjønnlitterær analyse
	C3	5	Skjønnlitterær analyse
	C4	6	Skjønnlitterær analyse

Tabell 1. Oversikt over tekstane i intensivutvalet.

oppgåva plassert i kategorien *middels god*, medan tekstar som har fått 5 og 6 blir kategorisert som *svært god*. Kategoriane samsvarar med dei ein finn i vurderingskriteria ved skriftleg eksamen i norsk på vg3. Formålet med utvalet er å undersøkje kva som skil middels gode tekstar frå svært gode.

Alle tekstane i utvalet er skrivne på eleven sitt hovudmål, elleve på bokmål og ein på nynorsk. I samband med studien blei det også samla inn kortsvar frå ein skule, skrivne på eleven sitt sidemål. Både skriving av kortsvar og tekstar på sidemål handlar om elevane sin skrivekompetanse. For denne studien blei det for omfattande å omtala både kort- og langsvaer, og tekstar på sidemål. Studien konsentrerer seg derfor om langsvaer på eleven sitt hovudmål.

Elevtekstane er skrivne midt i skuleåret på vg3. Tidspunktet for tekstskrivinga påverkar skrivekompetansen og lærarane si vurdering. Skrivesituasjonane har både eit summativt og eit formativt aspekt. Det summative handlar om at tekstane ikkje blei reviderte etter innlevering, og at karakteren elevane fekk hadde innverknad på terminkarakterar. Ved minst ein av skulane hadde teksten også innverknad på standpunktkarakteren. Det formative handlar om at undervisninga ikkje var avslutta då skrivesituasjonen blei gjennomført. Viktige delar av pensum var ikkje gjennomgått, og det påverkar både skriveoppgåver og karaktersetjing. Det er dessutan gitt karakterar som ligg mellom to karakterar. Å gi «halve» karakterar skil seg frå praksis ved eksamen og fastsetjing av standpunktkarakterar, der eleven har krav på heil karakter (Forskrift til Opplæringslova § 3-4). Halve karakterar er interessante, og kan sjåast på som eit pedagogisk verktøy ut frå eit formativt aspekt. Det er viktig å vera klar over at studien fokuserer på korleis lærarane finn mening i tekst, og ikkje på lærarane sin vurderingskompetanse.

Skriveoppgåvene er også ein del av undersøkinga. Dei stiller ulike krav til tekstkompetanse, og konkretiserer skrivesituasjonen. Oppgåvene er laga av lærarane eller dei er tidlegare gitte eksamensoppgåver. Skrivesituasjonane er ulike, noko som kan gi utfordringar når elevtekstane blir samanlikna. Ulikskapane er samstundes interessante, fordi dei påverkar elevtekstane. Det er ingen såkalla kreative tekstar i studien. Dette kan seia noko om kva skrivehandlingar og teksttypar som blir prioritert i undervisninga, noko som blir drøfta i analysane.

I denne type studiar er det eit krav at prosjektet blir meldt til Personvernombodet for forskning (NSD). Søknaden om å gjennomføra prosjektet blei godkjent av NSD 1. november 2017. I kommentaren frå NSD blei det gjort merksam på at det var viktig at informantane var sikra anonymitet, og at data blei handsama på ein god måte. I denne oppgåva blir namn på elevar, lærarar og skular anonymisert, og skulane blir kalla A, B og C. Elevane sitt kjønn blir ikkje gjort til eit poeng i studien. NSD slo fast at elevar over 15 år sjølve kunne skriva under på at dei ville delta i undersøkinga. Dei understreka også at elevar, lærarar og skule måtte bli gjort merksam på retten til å trekkja seg undervegs, og dette blei det opplyst om i breva til

deltakarane. Ingen elevar, lærarar eller skular trekte seg. Skrivebestillingane, tekstvedlegga, vurderingskriteria og utvalstekstane er å finna som vedlegg i oppgåva. Dei siste vedlegga viser brev til deltakarane, samt svarbrev og kommentarar frå NSD. Utvalstekstane er segmenterte i ytringar. Dette gjer det meir hensiktsmessig å referera til dei enkelte setningane i analysen, og tekstane blir meir oversiktlege. Ytringar blir her definert som storleikar avgrensa av punktum, spørjeteikn eller utropsteikn. Setningsemne og setningsekvivalentar blir rekna som ytringar (Skjelten 2013:57).

## 2.2 Tilnærming til materialet

Denne studien har ei kvalitativ og abduktiv tilnærming til materialet. Det er ikkje sett opp teoriar i forkant som styrer lesinga av tekstane. Teori om abduksjon er ei tredje metodetilnærming ved sidan av induksjon og deduksjon og blei utvikla av Charles Sanders Peirce (Skjelten 2013:63). Abduksjon står i eit dialektisk forhold mellom teori og data. Gjennom abduksjon kan ein kombinera teoretiske omgrep og empiriske studiar for å oppdaga meining i tekstar. For å forstå empirien, trengst det teori, og teori blir også utvikla gjennom analysane (ibid.). Empirien viser førekomstar av fenomen, som ein sluttar seg fram til ei forklaring på. Forklaringa vil ha status som hypotese, noko som betyr at det kan finnast andre forklaringar. Kunnskapen forskaren kjem fram til kan ikkje reknast som sikker kunnskap, men som innspel av nye idear (ibid.).

Kvalitativ forskning er forskning som vektlegg forståing og analyse av samanhengar. Metoden er viktig for å auka forståinga av individa sin motivasjon, haldningar og kognitive prosessar. Det er også ein metode som kan danna hypotesar som kan undersøkjast vidare i kvantitativ og normativ forskning. Sidan tekstanalyse er tid- og plasskrevjande, forutset det små utval av tekstar dersom dei skal gjerast grundig (Berge 2005:15).

Studieobjektet i denne studien er elevane og lærarane si meiningsskaping i tekst. Elevtekstane gir uttrykk for elevane si forståing av skriveoppgåvene og tekstvedlegga. Lærarane tolkar skriveoppgåvene, tekstvedlegga, skrivesituasjonen og elevtekstane. På grunnlag av si forståinga set dei ein karakter som uttrykkjer nivået på teksten. I denne studien er lesinga av alle tekstane gjort ut frå ei eksplorerande tilnærming der det ikkje er sett opp hypotesar i forkant. Formålet er å forstå og greia ut om grunnlaget for det feltet som skal undersøkjast (Skjelten 2013:61). Ein måte å auka elevar og lærarar sin tekstkompetanse på, kan vera å prøva å finna valide og



reliable kriterium for kvalitet ved elevtekstar. Vurdering av meiningsskapinga i tekstane er sentralt i norsk skule og i denne studien. Vurdering kan forståast som ein prosess der læraren samlar inn og tolkar bevis for læring (Fjørtoft 2014:271). Kvaliteten på denne tolkinga heng blant anna saman med læraren si forståing av læreplanmåla og det faglege innhaldet, elevane si forståing av eigen læringsprosess, og læraren si forståing av korleis elevane lærer (ibid.).

Reliabilitet handlar om kor påliteleg vurderinga er. Vurderinga kan skje både formelt og uformelt. Ved vurdering av tekst, særleg i ein situasjon med høg risiko, har lærarar og sensorar eit stort ansvar for at det er dei artikulerte normene som blir tillagt størst verdi, og ikkje dei uartikulerte (Fjørtoft 2016:276). Dei uartikulerte normene er meir uformelle og i slekt med haldningar og førforståing (Skjelten 2013:25). Kjell Lars Berge seier at det er avgjerande for kor truverdig vurderinga er, at elevane som skriv og læraren er samd om kva for tekstkompetanse som skal vurderast, kva slags tekstar elevane kan produsera med denne kompetansen, og korleis tekstane skal vurderast. Undervisninga må vera eksplisitt, og det må etablerast normer i klasserommet for kva som er ein god tekst. Normene, altså vurderinga, må gjerne vera utgangspunkt for diskusjon, og usemje om vurderinga må oppfattast som ein styrke og ikkje ei svakheit (Fjørtoft 2014:151).

Elevtekstane som er henta inn i samband med denne oppgåva er skrivne i ein formell vurderingssituasjon som påverkar både termin- og standpunktkarakterar i faget. Det er såleis ei vurdering med relativt høg risiko. Vurderinga har skjedd ut frå kriterium som har vore kjende for elevane på førehand, men kriteria er ulike. I denne delen vil ulike kriterium bli trekt fram og drøfta, før det til slutt blir gjort greie for kriterium som vil bli førande for analysane. Alle kriteria er lagt ved som vedlegg til oppgåva, og nokre blir vist undervegs i dette kapittelet.

### 2.2.1 Kriterium ved skriftleg eksamen

Tankane om kva skriving og skrivekompetanse er blir aktualisert i ein eksamenskontekst. Eksamen er, saman med andre skrivesituasjonar i skulen, staden der tekstnormene blir sett ut i live (Skjelten 2013:21), og er derfor viktige i denne studien. Ved skriftleg eksamen i norsk på vg3 blir det brukt eit sett med vurderingskriterium. Kriteria er sett opp i eit skjema med rubrikkar for kort- og langsvaer, og for ulike teksttypar. Skjemaet er inndelt i fire karakterrubrikkar, der karakteren 1 er ikkje bestått. Karakterane frå 2 til 6 er delt inn etter kompetansekrava som blir uttrykt i Forskrift til opplæringslova §§ 3-4 og 4-4 (Udir 2017a:6). Her tilsvarar

*låg kompetanse* karakter 2, *nokså god kompetanse* karakter 3, *god kompetanse* karakter 4, *mykje god kompetanse* karakter 5, og *framifrå kompetanse* karakter 6. Vurderingskriteria blir nytta ved skriftleg eksamen i både hovud- og sidemål. I eksamensrettleiinga heiter det at det ikkje er noko fagleg nivåforskjell mellom innhaldet i eksamen i hovud- og sidemål, men at sensorane kan forventa at elevane meistrar hovudmålet betre enn sidemålet (ibid.:7). Skrivning på sidemål ikkje er sentralt i studien, og blir ikkje drøfta her.

Vurderingsskjema til eksamen 2017, norsk vg3. Side 1 er felles for alle. Side 2-4 er for ulike langvarsoppgåver.

Eksaminandnr	Fagkode	NN/BM	Oppg.nr.		
	<b>1</b>	<b>Karakter 2 Eksamenssvaret</b>	<b>Karakter 3 - 4 Eksamenssvaret</b>	<b>Karakter 5 - 6 Eksamenssvaret</b>	<b>Kommentar</b>
<b>Hovud- Inntrykk</b>	er i nokon grad eit relevant svar på kortsvarsoppgåva er i nokon grad eit relevant svar på langvarsoppgåva viser noko forståing og bruk av dei vedlagde tekstane er enkelt eller uklart formulert	er eit stort sett relevant svar på kortsvarsoppgåva er eit stort sett relevant svar på langvarsoppgåva viser at eleven forstår og bruker dei vedlagde tekstane er stort sett godt formulert, med formåstenleg ordforråd	er eit presist og relevant svar på kortsvarsoppgåva er eit utfyllande og relevant svar på langvarsoppgåva viser god forståing og bruk av dei vedlagde tekstane er gjennomgåande godt formulert, med nyansert ordforråd		
<b>Språk og formelle dugleikar</b>	har samanbinding mellom setningar og avsnitt viser at eleven meistrar hovudformene i formverket til ein viss grad viser at eleven meistrar ortografi og teiknsetjing til ein viss grad skil mellom sitat og eigenprodusert tekst, viser til kjelder	har nokså god/god samanbinding mellom setningar og avsnitt viser at eleven stort sett meistrar formverket har stort sett korrekt ortografi og teiknsetjing markerer sitat og viser til kjelder på ein ryddig måte	har god samanbinding mellom setningar og avsnitt viser at eleven meistrar formverket har gjennomgåande korrekt ortografi og teiknsetjing markerer sitat og viser til kjelder ryddig og nøyaktig		
<b>Kort-svaret</b>	har ein viss struktur og samanheng viser noko fagleg kunnskap kommenterer eller argumenterer på ein enkel måte peikar på nokre karakteristiske trekk ved tekstar har noko fagspråk	har stort sett formåstenleg struktur og god samanheng viser nokså god/god fagleg kunnskap kommenterer eller argumenterer på ein klar måte gjer greie for karakteristiske trekk ved tekstar har formåstenleg fagspråk	har formåstenleg struktur og god samanheng viser svært god fagleg kunnskap kommenterer eller argumenterer på ein presis måte gjer godt greie for karakteristiske trekk ved tekstar har presist og formåstenleg fagspråk		

Figur 2. Side 1 i vurderingsskjema ved skriftleg eksamen våren 2017. Dei resterande tre sidene er å finna som vedlegg.

Skjemaet kombinerer ei holistisk og ei analytisk tilnærming til eksamenssvaret. Den første rubrikken i skjemaet tar for seg hovudinstrykk av kort- og langsvar, tekstforståing og formuleringsevne. Her handlar det om heilskapsinntrykket av teksten, og dette peikar mot ei holistisk tilnærming. Holistiske tilnærmingar til tekst står i eit motsetningstilhøve til analytiske tilnærmingar, som legg meir vekt på dei enkelte delane (Skjelten 2013:34). Holistiske tilnærmingar legg større vekt på styrkar i teksten framfor svakheiter, og dette blir også understreka i rettleiinga til eksamen. Her heiter det at «Sensorane skal vurdere den samla kompetansen til eleven slik han kjem fram på eksamen, jf. forskrift til opplæringslova §§ 3-25 og 4-18» (Udir 2017a:6). Også kriteria for språk og formelle dugleikar gjeld heilskapen i svaret, men her i kombinasjon med ei analytisk tilnærming. Her viser kriteria til korleis samanbindinga

mellom setningar og avsnitt er, korleis kandidaten meistrar formverket, om teiknsetjinga er korrekt, og korleis bruken av kjelder er gjennomført. Den siste rubrikken på første side gjeld kortsvaret. Her er det ei analytisk tilnærming, der det blir trekt fram kriterium som struktur og samanheng, fagleg kunnskap, argumentasjon, om det er peikt på karakteristiske trekk ved tekstar og om det er brukt fagspråk. Dei tre siste sidene i skjemaet gjeld ulike teksttypar, her er tilnærminga analytisk. Kjenneteikn på kvalitet som er trekt fram er blant anna struktur, evne til refleksjon og tekstforståing, korleis argumentasjonen fungerer og kjeldebruk. Nedst på kvar side skal heilskapen skal vurderast, ein vender tilbake til ei holistisk tilnærming. Ein modell som kombinerer ei holistisk og analytisk tilnærming, kan kallast ein primærtrekkmodell. Den som vurderer trekkjer fram eit trekk som blir overordna, og som andre sider ved teksten blir vurdert opp mot (Skjelten 2013:35).

I vurderingskriteria ved skriftleg eksamen blir nokre trekk ved teksten gjentekne. Omgrepet *relevant* er brukt i alt 27 gonger i vurderingsskjemaet. Ordet kjem frå latin, og har i følgje Store norske leksikon tydinga *løfte* eller *høyne*.<sup>1</sup> Omgrepet er ikkje definert i rettleiinga til eksamen, men er oftast brukt i samband med fagleg innhald. Eksamensrettleiinga seier mellom anna at «Sensor ventar at teksten har formålstenleg struktur, god samanheng og relevante eksempel og moment» (Udir 2017a:4). Plasseringa av omgrepet relevans øvst i skjemaet kan forståast som ei vekting av dette omgrepet, eit primærtrekk. Ved kvar teksttype blir kriteriet om svaret «har relevante moment og/eller eksempel» sett opp som eit av dei første kriteria. Dette kan tolkast slik at dersom eksamensteksten svarer fagleg på oppgåva, ved å visa kunnskap om emnet, kan det vera gode grunnar til å la den bestå. Det kan visa seg i analysen av elevtekstane at dersom hovudintrykket er at svaret viser relevant kunnskap, vil dette vega meir enn andre kriterium. For svært gode tekstar, karakterane 5 og 6, legg ein merke til at ordet *presis* er lagt til i samband med relevant. I Store norske leksikon er presist omtala som *klart*, *kort* og *nøyaktig*. Dette gir ekstra føringar for kvaliteten. Ei anna forståing av omgrepet relevant kan vera om svaret kommuniserer på ein relevant måte. I eksamensrettleiinga heiter det at det blir det lagt vekt på at kandidatane kan visa sjølvstende og kreativitet uavhengig av kva oppgåvetype som blir vald, og at «Det kjem til uttrykk i korleis dei ordlegg seg, og i idear, perspektiv og innfallsvinklar. Dette skal sensor honorere når svaret er relevant» (Udir 2017a:4). Dersom det er relevansen i det kommunikative i teksten som skal vurderast, kan det innvendast at dette ikkje går klart fram av kriteria eller rettleiinga.

---

<sup>1</sup> Store norske leksikon, snl.no: Relevant: <https://snl.no/relevant> (Lest 5. februar 2017)

*Tekstforståing* er eit anna sentralt omgrep i vurderingskriteria. Dette omgrepet er også plassert under kategorien hovudinstrykk i skjemaet, noko som signaliserer at det kan forståast som eit primært trekk for kvalitet i tekst. Dette blir understreka i rettleiinga til eksamen, der det heiter at «Langsvarsoppgåvene er alltid knytte til tekstvedlegg, og svaret skal vise både tekstforståing og skrivekompetanse» (Udir 2017a:3). Tekstforståing er tidlegare i oppgåva knytt til omgrepet skjønn, og kan også knytast til lesekompetanse, som vil omtala i teoridelen. Omgrepa *refleksjon* og verbforma *reflektere* er også sentrale. Omgrepet refleksjon er henta frå latin og har etymologisk tyding *å bøye* eller *peike tilbake på*. I eksamensrettleiinga blir det å reflektera forklara saman med å *utforska*, kor det heiter at å utforska ligg nært opp til å reflektere» (Udir 2017a:4). Å reflektere blir omtala som å tenke gjennom eit emne eller ei problemstilling for å kaste lys over saka (ibid.). Sindre Dagsland viser til at det å reflektera er ei skrivehandling som kan vera komplisert å forhalda seg til (Dagsland 2015:204). Refleksjon er i forskingslandskapet knytt til tenking. Korleis viser refleksjon seg i ytringar i tekst? Dagsland støttar seg på Bakthin og seier at det kan skje ved å posisjonera seg i teksten, ved eit «eg» og eit «du». Å undersøkje elevars posisjonering kan vera ein relevant måte å undersøkje refleksjon på (ibid:205).

Refleksjon kan også knytast til tekstforståing i samband med vurderingskriteria. I skjemaet for analysar og samanlikningar heiter det at eleven på karakternivå 5 og 6 «reflekterer over tekstar på ein relevant og sjølvstendig måte» (Udir 2017a:9). Også andre kriterium kan knytast opp mot kvarandre. Å formulera hovudsyn kan knytast både til tekstforståing og relevans. Nokre av kriteria er å finna ved ulike teksttypar i skjemaet. Kriteriet «å formulera hovudsyn» finst både i skjema for teksttypen «Informative, argumenterande og resonnerande tekstar», og for «Analysar, samanlikningar og tolkingar». Også kriteriet «å bruka kjelder på ein relevant og etterprøvbar måte» blir brukt om fleire teksttypar.

Vurderingskriteria ved skriftleg eksamen er bygd på eit funksjonelt syn på skrivning. Primærtrekka som blir trekt fram handlar om korleis språket er brukt for å skapa mening. Eksamensoppgåvene uttrykkjer også eit funksjonelt syn på språk, der direktive språkhandlingar er brukt for å konkretisera formålet med skrivninga, som «analyser», «skriv» eller «gjer greie for». Skrivehandlingane og formålet med skrivninga blir utdjupa i kommentaren til eksamensoppgåvene, noko som blir omtala i delen om skriveoppgåvene, i kapittel 4. Det er også interessant å spørja i kva grad eksamen påverkar oppgåver og undervisning, og dette blir drøfta seinare i oppgåva.

### 2.2.2 Kriterium ved skule A, B og C

Ved dei tre skulane blei det brukt ulike kriterium, og dei er å finna som vedlegg til oppgåva. Skule A brukte vurderingskriteria ved skriftleg eksamen i norsk. Det kan finnast gode grunnar for å bruka desse kriteria også utanom ein eksamenssituasjon. Ved å bruka kriteria undervegs i skuleåret får elevane kjennskap til, og kanskje ei større forståing for, dei krava som blir stilt. Eit anna argument for å bruka dei, er at det er to tidlegare eksamensoppgåver i oppgåvesettet. Elevane var kjende med kriteria i forkant av skrivesituasjonen, men dei blei ikkje delt ut saman med oppgåvene.

Kriteria ved skule B har ei holistisk tilnærming og kan kallast ein primærtrekkmodell. Kriteria er delt opp i fire hovudrubrikkar; «Innhold», «Språk», «Struktur/form» og «Kildeliste». Nedst i skjemaet er det ein rubrikk for «Helhetlig inntrykk». Kriteriet «Innhald» er plassert øvst, og her er kriteriet «Viser faglig kunnskap og analytisk evne i hoveddelen» utheva, noko som kan indikera at dette kriteriet er eit primært trekk ved vurderinga. Også i skjemaet frå skule B er det ei inndeling i kategoriane «under middels», «middels» og «over middels», men det går ikkje fram om dette svarar til dei same karakterane som ved skriftleg eksamen. Å framheva primære trekk kan gi både den som vurderer, og eleven, ei rask oversikt over kva som kan vera forbetningspunkt i teksten. Likevel kan det innvendast at kriteria blir for lite detaljerte til å kunna fungera optimalt i ein formativ skrivesituasjon. Kommentarfeltet til høgre i skjemaet kan vera til hjelp for å utdjupa tilbakemeldinga til eleven, og kan ha ein analytisk funksjon.

Skule C hadde både vurderingskriterium og eit infoskriv som gav ei utfyllande liste med forventningar til tekstane. I tillegg inneheldt informasjonen i oppgåvene også kriterium, som peikar mot ei analytisk tilnærming. Oppgåveformuleringa og informasjonsskrivet fungerer også som kriterium. Oppgåva er spesifikk på lengda i heile teksten og dei ulike delane, og kva som skal vera med av innhald og kva som kjenneteiknar gode tekstar generelt. Dette kan vera nyttige stillas, samstundes som det kan innvendast at rammene gir mindre rom for fridom og sjølvstende. Dette blir drøfta vidare i analysane.

### 2.2.3 Tekststruktur, engasjement, truverd og rettskriving

I doktorgradsavhandlinga «Jakta på kvalitetsforskjellar i elevane sine tekstar» drøftar Sidsel M. Skjelten ulike kjenneteikn på kvalitetsforskjellar i tekst. Forskingsobjektet er eit utval på 58 eksamenstekstar frå 10. klasse med karakter og sensorcommentarar, henta frå KAL-prosjektet.

Målet med studien var å fanga opp kva som var utslagsgivande mellom dei to karakternivå 5 og 4 (Skjelten 2013:1). Skrivekompetansen elevane viser er studert ut frå eit kommunikativt og funksjonelt syn på språk og meiningsskaping. Det er skrivaren sjølv, lesaren, konteksten og teksten som står i fokus (ibid.:87). Skjelten trekkjer fram fire kriterium som kan vera eit uttrykk for den skrivekompetansen som blir vist. Kriteria er tekststruktur, truverd, engasjement og rettskriving, og dei utgjer ein modell for vurdering (Skjelten 2013:86). Dei fire kriteria er ikkje vekta. Kriteriet tekststruktur handlar om samanhengen i teksten. Er strukturen uklar, vil det gjera fokuset uklart. Kriteriet rettskriving er tradisjonelt sett eit primært trekk ved god skrivekompetanse og gir truverd til teksten og avsendaren (Skjelten 2013:244). Skjelten seier at truverd er ein kategori som ligg til grunn for all skrivehandling og at det handlar om den tilliten som blir skapt hos lesaren (ibid.:85). Kategorien engasjement blir av mange sensorar i KAL-undersøkinga trekt fram som ei viktig side ved kommunikasjon.

Ut frå desse indikatorane kjem Skjelten fram til eit nytt sett med kriterium. Kriteria har ei holistisk tilnærming til teksten som blir vurdert (Skjelten 2013:272). Skjelten seier at ei holistisk vurdering betre reflekterer den autentiske reaksjonen hjå lesaren enn ei analytisk. Skal ei holistisk tilnærming lukkast, må kriteria vera klart og tydeleg formulert. Det bør heller ikkje vera for mange kriterium, fordi ein då misser heilskapen i teksten av syne. Kompetansenivå må vera forståelege, for å unngå at skjønn overtar i vurderinga (ibid.:273). Skjelten peikar også på at i undersøkingar som kombinerer analytisk og holistisk tilnærming, vil det vera høg grad av korrelasjon mellom delkarakterar og heilskapsvurderinga (ibid.).

#### 2.2.4 Kriterium i Norm-prosjektet

Norm-prosjektet (Norm) hadde som mål å utvikla og prøva ut eksplisitte forventningsnormer til bruk i skriveopplæring og vurdering, og å undersøkje korleis desse kunne påverka elevane sin skrivekompetanse og lærarane sin vurderingspraksis (Matre og Solheim 2014:2). Det blei formulert forventningsnormer for fem vurderingsområder ved skriftlege tekstar; *kommunikasjon, innhald, tekstoppbygging, språkbruk, rettskriving og formverk*. Den teoretiske bakgrunnen for vurderingsområda, er å finna i Skrivehjulet. Også skriveoppgåvene blir laga med utgangspunkt i Skrivehjulet, og skrivehandlingane som blir presentert der. Omgrepet «relevant» i forventningsnormene i Norm blir brukt både om kommunikasjon og innhald. Relevansen i kommunikasjonen blir i kriteria i Norm knytt til skrivaren sin posisjon, om korleis skrivaren

vender seg til lesaren. I vurderingsområdet innhald er omgrepet relevant knytt til om innhaldet i teksten er relevant og utdjupa.

Synnøve Matre og Randi Solheim seier at manglande tolkingsfellesskap i mange tilfelle kan knytast til ei holistisk tilnærming til tekst, der heilskapen blir vurdert framfor å vurdere dei enkelte delane i teksten (Matre og Solheim 2014:6). Når ulike aspekt ved teksten blir vurdert separat, i ei analytisk tilnærming, blir lærarane tvungne til å sjå etter ulike kvalitetar i tekst, og dette gir eit meir nyansert bilete enn ei holistisk tilnærming. Forventningsnormene gir læraren, og eleven, spesifikk informasjon om kva som kan forbeistrast, og dette kan brukast vidare i ein skriveprosess og i formativ vurdering. Fundamentet i Skrivehjulet gjer at forventningsnormene er gyldige ved både summativ og formativ vurdering (ibid.). Forventningsnormene for skriving i Norm blei utvikla for skriving frå fjerde til sjuande trinn i grunnskulen, og ikkje for vidaregåande. Forventningsnormene kan derfor ikkje direkte overførast til skriving på vidaregåande, men må tilpassast til læremåla for vg3 dersom dei skal kunna brukast i denne studien.

#### 2.2.5 Kriterium som er førande for analysane

Ei samanlikning av dei ulike kriteria som til no er trekt fram viser at det er fleire fellestrekk mellom dei. Kriteriet struktur eller tekststruktur, teiknsetjing og rettskriving finst i alle kriteriesetta. I alle setta er det også punkt som gjeld innhald, og her er relevans, refleksjon, tekstforståing og fagleg kunnskap primære kvalitetstrekk. Bruk av kjelder er også eit sentralt læremål på vg3, og er eit kjenneteikn på god skrivekompetanse. Det kommunikative elementet spelar ei viktig rolle ved all skriving, og er knytt til eit funksjonelt språksyn, der språket er eit middel for å skapa meining. Formålet med teksten kjem fram i eksamensoppgåver ved skriftleg eksamen, der språkhandlingar blir understreka i direktiv om skriving i oppgåveformuleringar og kommentarar til oppgåvene. Samanlikna med dei sju hovudområda for vurdering av tekst i Norm, kan det seiast at fagleg innhald i teksten blir framheva i vurderingskriteria ved skriftleg eksamen i norsk, og at det kommunikative aspektet i teksten blir tona ned. Dette kan påverka engasjementet i elevtekstane, og korleis denne sida i teksten blir vurdert. Ei holistisk tilnærming til tekstar framhevar styrkane ved teksten, og dette prinsippet gjer at vurderinga kjem eleven til gode. Ei analytisk tilnærming til tekst er nyttig ved ei formativ vurdering, og kan bidra til å finna dei delane som har størst forbettringspotensiale.



I samband med studien og analysane av tekstane er det utvikla eit nytt sett med kriterium for vurdering av norskfaglege tekstar på vg3. Kriteria er basert på forventningsnormene i Norm, og er tilpassa til krav om kompetanse ved studieførebuande program på vg3.

	1	Noko/delvis (2)	Nokså god/god (3-4)	Svært god/framstående (5-6)
<b>Kommunikasjon</b> Engasjement og rytme		Brucar skivarposisjonar på ein delvis god måte. Kan venda seg til lesaren på delvis relevante måtar	Brucar nokså gode/gode skivarposisjonar og kan venda seg til lesaren på relevante måtar.	Brucar svært relevante skivarposisjonar og vender seg til lesaren på ein svært god/framstående måte
<b>Innhald og fagleg kunnskap</b> Innhaldet er relevant og utdjupa  Argumentasjon og refleksjon  Tekstforståing og bruk av kjelder.		Kan delvis tilpassa mengda av innhald til det teksten handlar om. Argumenterer på ein delvis god måte. Viser svært god evne til refleksjon. Viser delvis god forståing av aktuelle tekstar. Brucar kjelder på ein delvis god måte.	Kan tilpassa mengda av innhald til det teksten handlar om på ein nokså god/god måte. Argumenterer på ein nokså god/god måte. Viser nokså god/god evne til refleksjon. Viser nokså god/god forståing av aktuelle tekstar. Brucar kjelder på ein nokså god/god måte.	Kan tilpassa mengda av innhald til det teksten handlar om på ein svært god/framstående måte. Argumenterer og resonnerer klart og presist. Viser svært god evne til refleksjon. Viser svært god/framstående forståing av aktuelle tekstar. Brucar kjelder på ein svært god/framstående måte.
<b>Tekststruktur</b> Overordna komposisjon, samanheng i teksten		Meistrar relevante komposisjonsprinsipp på ein delvis god måte. Meistrar avsnittsinndeling på ein delvis god måte. Brucar delvis varierte koplingsmarkørar for å uttrykkja samanheng i teksten.	Meistrar relevante komposisjonsprinsipp på ein nokså god/god måte. Meistrar avsnittsinndeling på ein nokså god/god måte. Brucar varierte koplingsmarkørar for å uttrykkja samanheng i teksten.	Meistrar relevante komposisjonsprinsipp på ein svært god/framstående måte Meistrar avsnittsinndeling på ein svært god måte. Brucar varierte koplingsmarkørar for å uttrykkja samanheng i teksten.
<b>Språkbruk</b> Ordval, setningsoppbygging og stil		Brucar delvis varierte setningskonstruksjonar. Har delvis formålstenleg fagspråk.	Brucar nokre varierte/varierte setningskonstruksjonar. Har formålstenleg fagspråk.	Brucar varierte og avanserte setningskonstruksjonar. Har formålstenleg og presist fagspråk.
<b>Rettskriving og formverk</b>		Meistrar rettskriving, formverk og teiknsetjing på ein delvis god måte	Meistrar rettskriving, formverk og teiknsetjing på ein nokså god/god måte	Meistrar rettskriving, formverk og teiknsetjing på ein svært god måte
<b>Samla vurdering</b>		Samla sett viser elevsvaret låg kompetanse	Samla sett viser elevsvaret nokså god/god kompetanse	Samla sett viser elevsvaret svært god/framstående kompetanse

Tabell 2. Vurderingskriterium som er brukt i analysane.

Dei nye kriteria har ei analytisk tilnærming, og kan brukast ved både summative og formative vurderingssituasjonar, slik forventningsnormene i Norm legg opp til. Føremålet med Norm var nettopp å utvikla eksplisitte normer til bruk i skriveopplæring og vurdering, samt å undersøkje korleis dei kan påverka elevane sin skrivekompetanse og lærarane sin vurderingspraksis (Matre og Solheim 2014:2). Bakgrunnen for å utvikla nye kriterium, er at kriteria ved eksamen i norsk på vg3 ikkje eksplisitt uttrykkjer forventningar når det gjeld hovudområdet kommunikasjon. Kriteria ved eksamen har dessutan fleire sider til bruk ved ulike teksttypar. Analysen av utvalstekstane viser at dette kanskje ikkje er naudsynt. Fleire av primærtrekka kan brukast om fleire teksttypar, noko som også viser seg i vurderingskriteria ved skriftleg eksamen, ved at



fleire trekk blir brukt om ulike teksttypar. Primære trekk frå vurderingskriteria ved skriftleg eksamen er tatt inn i dei nye kriteria. Tekstforståing og refleksjon er to nøkkelkompetansar i norsk på vg3, og er sentrale delar kompetansen. Eit anna primærtrekk er bruk av kjelder, og dette er også del av dei nye kriteria. Rettskriving er eit kjenneteikn på kvalitet i tekst, men det blir lagt lite vekt på dette kriteriet i analysane av tekstane. Grunnen er at kriterium som kommunikasjon, innhald og struktur blir sterkare vektlagt. Dei nye kriteria brukar også omgrepet kompetanse, som kriteria ved skriftleg eksamen. Karakternivå er også dei same som ved skriftleg eksamen i norsk, der karakter 1 er låg kompetanse, og ikkje bestått, medan karakter 6 er framstående kompetanse. Kriteria blir forklara og utdjupa i analysedelen. Kriteria blir prøvd ut på elevtekstane i denne oppgåva, og vil ta ein god del plass i framstillinga. Dette har samanheng med at kriteria blir operasjonalisert i samband med denne studien.

### 2.3 Reliabilitet, validitet og forskingsmessige utfordringar

Tekstane er valt ut med eit formål om å finna kvalitetsforskjellar mellom tekstar. Ut frå ei kvalitativ studie som denne kan det ikkje trekkjast eintydige konklusjonar om nivået på elevane sin skrivekompetanse på vg3, eller korleis lærarar lager oppgåver eller vurderer tekst. Det er ikkje råd å seia noko om breidda i elevane sin skrivekompetanse ut frå *ei* tekstskriving, eller *ein* teksttype. Sidan formålet med studien er å samanlikna skrivekompetanse i eit utval elevtekstar, kvalifiserer det innsamla materialet til dette formålet.

Kvar tekst er berre vurdert av læraren til elevane, og dette skil seg frå ein eksamenssituasjon. Reliabiliteten, *pålitelegheita*, i vurderinga av elevtekstane ville ha vore sterkare om kvar elevtekst blei vurdert av fleire lærarar. Likevel er det ikkje uvanleg at berre ein lærar vurderer elevtekstar, og ofte er det læraren som til dagleg underviser eleven. Situasjonen kan derfor kallast autentisk. Ei anna utfordring handlar om at elevtekstane er vurdert ut frå ulike kriterium. Her vil læraren sitt skjønns spela ei ekstra rolle i vurderinga. Skjønnet er blant anna påverka av læraren si forståing av lærestoffet, og skrivekulturen i klassen og på skulen.

Forventningar til og forståing av tekst er også sentrale element i samband med rollene og statusen eg har som forskar. Her kan det nemnast at eg har arbeidd som lærar i vidaregåande skule sidan 2010, der eg for det meste har undervist i norsk på vg3. Eg har også har vore sensor ved eksamen i norsk hovudmål ved eitt høve. Før dette har eg arbeidd i ti år som redaktør i eit

norsk forlag, og to år som tekstforfattar. Bakgrunnen som lærar i vidaregåande kan vera både ein fordel og ei ulempe. Fordelen er at eg har ein viss kjennskap til feltet, ei ulempe kan vera nettopp at eg høyrer til feltet og er ein del av den kulturen. Det å skulla lausriva seg som forskar og forhalda seg til tekst på ein ny måte, kan vera ei utfordring. Samtidig er det viktig å vera medviten på forventningar, fordommar og førforståingar ein har med seg (Skjelten 2013:36). Validitet tyder *gyldig*, og validitet heng saman med at ein vurderer det som faktisk skal bli vurdert, og ikkje til dømes kven eleven er, eller karakterar i andre fag. I daglegtalen blir dette gjere omtala som *rettferdig* (Fjørtoft 2014:278). Relasjonar kan påverka både undervisninga, skrivinga og vurderinga. Elevane samanliknar tekstar, karakterar og lærarar (!) seg i mellom, dei diskuterer lærestoffet og samarbeider på og utanfor skulen. Lærar og elev har mykje kontakt gjennom skuleåret, både i undervisning, og kanskje i andre samanhengar i nærmiljøet, noko som gir større grad av intimitet i relasjonen (Maagerø 2005:50). Eleven er i større eller mindre grad oppteken av relasjonen til læraren som vurderer teksten. Ein lærar peikar på at skrive-situasjonen i samband med studien *kan* ha påverka motivasjonen til elevane. Minst ein elev hadde uttala at dei ynskte å skriva betre eller lengre, sidan dei visste at tekstane kanskje ville bli omtala eller sitert her. Tabellane under gir eit oversyn over relasjonar og roller:

Relasjonar ved skulen	Skule A	Skule B	Skule C
<b>Kontakt mellom elevar</b>	På og utanfor skulen.	På og utanfor skulen.	På og utanfor skulen.
<b>Kontakt mellom lærar og elevar</b>	I skrivesituasjonen. På og kanskje utanfor skulen. Set karakter i den aktuelle og i seinare vurderingssituasjonar i eitt eller fleire fag.	I skrivesituasjonen. På og kanskje utanfor skulen. Set karakterar i den aktuelle og seinare vurderingssituasjonar i eitt eller fleire fag.	I skrivesituasjonen. På og kanskje utanfor skulen. Set karakterar i den aktuelle og seinare vurderingssituasjonar i eitt eller fleire fag.

Tabell 3. Relasjonar mellom elevar og mellom lærarar og elevar.

Som tabell 4 viser har også forskaren ulike relasjonar og roller.

Relasjonar mellom skule og forskar	Skule A	Skule B	Skule C
<b>Kontakt mellom forskar og elevar</b>	Møtte elevane for å informera om prosjektet. Elevane signerte på løyve. Forskaren les elevtekstane og vel ut.	Møtte elevane for å informera om prosjektet. Elevane signerte på løyve. Forskaren les elevtekstane og vel ut.	Elevane signerte på løyve. Forskaren les elevtekstane og vel ut.
<b>Kontakt mellom forskar og lærar</b>	I samband med undersøkinga. Mogeleg kontakt ved kurs og eventuelt sensorarbeid.	I samband med undersøkinga. Mogeleg kontakt ved kurs og eventuelt sensorarbeid.	I samband med undersøkinga. Mogeleg kontakt ved kurs og eventuelt sensorarbeid.
<b>Kontakt mellom forskar og skuleleiing</b>	Møtte skuleleiinga. Signerte på løyve.	Kommuniserte på e-post. Signerte på løyve.	Signerte på løyve.

Tabell 4. Forskaren sine relasjonar i studien.

Michael A. K. Haliday seier at relasjon er ein av tre registervariablar som har betydning for dei språklege vala ein gjer, der dei to andre er feltet og medieringa (Maagerø 2005:43). Relasjonen mellom deltakarane vil få følgjer for kommunikasjonen mellom dei. Tilhøvet mellom lærarar og elevar er oftast prega av eit assymetrisk makttilhøve. Læraren gir oppgåver, og set karakterar, medan eleven skal visa fram kunnskapen og skrivekompetansen sin. Tilhøvet mellom forskar og lærarar er truleg meir symmetrisk. Læraren avslører noko om sin praksis i samband med studien og korleis elevane responderer på undervisninga. Forskaren viser kvar han står med tanke på sitt kunnskapsnivå og sin erfaring. Forskaren er avhengig av lærarane og elevane for å skaffa empiri. Læraren og forskaren vil kunna møta kvarandre i profesjonelle samanhengar, noko som kan handla om både makt og kontakt. Eit sitat frå rapporten *Framtidas norskfag* kan vera relevant her: «Samarbeid, vurderarkurs og sensorskolering er nødvendige bidrag til å opparbeide eit tolkingsfellesskap blant lærarane, med andre ord ein vurderingskompetanse, både når det gjeld undervegsvurdering og sensorarbeid» (Udir 2006:44). Utan at elevar, skular og lærarar opnar opp om praksisen, kan mykje av kunnskapen om feltet bli taus. Dette kan vera ein ytterlegare grunn til å undersøkje kva skriveoppgåver som blir gitt, korleis situasjonen blir organisert og kva ein legg vekt på i vurderinga.

May Britt Postholm og Dag Ingvar Jacobsen nemner at synet på forskaren kan sjåast på som ein reaksjon på ein nasjonalt styrt utdanningspolitikk. Resultatet av politikken blei at lærarane blei redusert til personar som gjennomførte undervisninga, basert på ein læreplan utan at lærarane hadde moglegheit til å påverka den. Undervisninga blei slik instrumentalistisk, og lærarane blei handverkarar som skulle nå mål utan at dei kunne påverka dei. Læraren som forskar skulle igjen ta kontroll over eigen undervisningssituasjon, og gjera vurderingar basert på kunnskap om læring og krav knytt til praktiske situasjonar (Postholm og Jacobsen 2011:22). Dette perspektivet er aktuelt, og kan også vera treffande for både denne og andre studiar. Sidan denne oppgåva fokuserer på føremålet med skrivinga, blir dette perspektivet særleg interessant.

Som nemnt er skriveoppgåvene og skrivesituasjonane ulike, og det kan sjå ut til at det er lagt vekt på ulike tilnærmingar til kva som er formålet med skrivinga. To av oppgåvene er tidlegare eksamensoppgåver, medan elevane ved skule C kunne fullføra skrivinga heime. Dette opnar for spørsmål om tekst kan vera plagiert eller at andre enn elevane sjølve har skrive heile eller delar av teksten. Det er ikkje funne indikasjonar på at tekst er blitt plagiert, men det er ikkje råd å sjå heilt bort frå at det kan ha skjedd. Dette spørsmålet heng også saman med korleis ein skal forhalda seg til og bruka kjelder, noko som er aktuelt i samband med studien.

## 3.0 Teori om språk og skrivning

*Første del av kapittelet vil handla om systemisk-funksjonell lingvistikk og korleis mening blir skapt i språk. Retorikk og hermeneutikk blir også omtala i del 3.1. Delen om skrivning i skulen handlar om forventningar i Kunnskapsløftet og normer for skrivning i norskfaget. Her blir omgrepa sjanger, diskurs, skriverammer og modelltekstar omtala.*

### 3.1 Å skapa mening med språk

Når elevane i denne undersøkinga blir bedne om å skriva, er det ho eller han si meningsskaping som blir stilt på prøve. Tekstane som blir skapt gir uttrykk for den forståinga elevane har av oppgåvene som er gitt, tekstvedlegga og den situasjonen dei skriv i. Elevane må forhalda seg til den kunnskapen som er blitt lagt vekt på i faget, faget sine normer og krav til skrivning, som blir uttrykt i læremål og vurderingskriterier. Ut frå dette skaper elevane ein tekst som skal gi mening for dei sjølve og for lesaren. Kva ressursar har elevane når dei skal skapa mening i tekst? Og på kva måtar kan dei nytta desse ressursane?

#### 3.1.1 Systemisk-funksjonell lingvistikk

Ei systemisk-funksjonell tilnærming til språk ser på språket som eit meningsskapande, semantisk system. Strukturen i språket er ressursar som kan nyttast for å skapa mening i samhandling med andre (Maagerø 2005:20). Michael Halliday er kjend som grunnleggjaren av systemisk-funksjonell lingvistikk (SFL). Halliday ser på språket i eit økologisk perspektiv, der det sosiale spelar ei viktig rolle (Berge 1998:23). Eit meningsskapande system blir gjerne kalla eit semiotisk system, og Halliday kallar den semiotikken han står for, for sosialsemiotikk (Maagerø 2005:25). Språket er eit middel for samhandling, for å forstå og bli forstått. Slike tankar kan også knytast til formuleringar i LK06/13. I føremålsdelen om norskfaget heiter det at «Elevane skal lære å orientere seg i mangfaldet av tekstar, og faget skal gje rom for både oppleving og refleksjon. (...) Gjennom munnleg og skriftleg kommunikasjon kan dei setje ord på eigne tankar og stå fram med meningar og vurderingar» (Udir 2013:1).

Det systemiske i språket handlar om at ein som språkbrukar gjer val. Valet ein gjer i starten av ein tekst, påverkar dei vala som blir gjort seinare. Vala kan gjerast både på makro- og mikronivå. Nokre av vala er strukturelle, som at eit inkjekjønnsord krev artikkelen *eit* framføre. Andre val handlar om kontekst og forventningar og normer (ibid.:23). Når ein elev skriv, til

dømes ved eksamen, gjer ho val både om målform, oppgåve og teksttype på eit overordna nivå, før ho formulerer overskrift eller innleiing. Kunnskap om grammatikk og potensialet i dei språklege ressursane kan gi moglegheit for økt meiningsskaping for elevar, men også for læraren, som kan støtta opp om og visa fram ulike språklege ressursar (Maagerø 2005:35). For å lukkast i eit fag er det viktig å meistra språket i faget (ibid.). Faga har ulike krav til bruk av faglege termar, uttrykk og måtar å byggja opp tekst på, ulike *diskursar*. Innsikta om dei faglege termene kjem ikkje av seg sjølv, dei må lærast. Slik blir alle lærarar språklærarar. Sentralt i sosialemiotikken står også interessa for barn og unge si språkutvikling, heime og på skulen (ibid.:18). Ein annan sentral lingvist, Jim R. Martin, ser dette i eit samfunnsperspektiv når han seier at elevane kjem til skulen med ulik sosial bakgrunn. For ikkje å auka skilnadene må skulen arbeida eksplisitt med diskursane i faga, og ikkje ta det for gitt at elevane tileignar seg dei ved berre å vera til stades på skulen (Maagerø 2005:36).

Halliday peikar på at det er tre fundamentale komponentar ved meining i språk, tre meta-funksjonar. Den ideasjonelle metafunksjonen er meining me skaper om verda rundt oss og den erfaringa me har gjort oss (Maagerø 2005:98). Den mellompersonlege metafunksjonen handlar om at alle ytringar er retta mot nokon andre, ein lyttar eller ein lesar, og derfor er den med og etablerar eller held ved like eit sosialt tilhøve. Den tekstuelle metafunksjonen skaper samanheng mellom dei to andre, og gjer slik at språket sine ressursar blir til ein heilskap, teksten (ibid.). Mange kriterium for tekstkvalitet handlar om korleis ein utnyttar desse ressursane i språket.

I SFL er ein oppteken av å analysa og forklara korleis meining oppstår i samhandling med andre, både i dagleglivet og i faglege samhengar (Maagerø 2005:19). Kjell Lars Berge kallar dette den kontekstuelle omverda, og dei språklege ytringane som inngår i desse (Berge 1998:25). Konteksten kan delast inn i kulturkontekst og situasjonskontekst. Situasjonskonteksten er sett saman av tre dimensjonar, som finst i alle kontekstar: felt, relasjon og mediering (ibid.). Feltet er det som kjenneteiknar den forma for sosial praksis som ein studerer. Det aktuelle feltet i denne studien er skriving i faget norsk, og her er det knytt ulike forventningar, som å ha kjennskap til sjangrar og kunna bruka faglege omgrep. Relasjonen handlar om kven som samhandlar. Korleis går samhandlinga føre seg? Mediering er det språket eleven brukar for å formidla det som ho vil ha fram, den teksten som blir skapt. Desse sidene blir aktualisert i analysane og utdjupa der.

### 3.1.2 Retorikk

Retorikk ligg til grunn for all kommunikasjon, og er også sentralt i vurderingskriteria som er trekt fram i del 2.2. Det handlar om å vera truverdig, å gje relevante opplysningar og om å kommunisera på ein måte som når fram til mottakarane. Aristoteles seier at det ikkje er nok å vita kva ein skal seia, ein må vita korleis ein skal seia det (Aristoteles 2006:203). Det retoriske er kvalitetar i språket som gjer at sendaren kan uttrykkja meining og at mottakarane kan skapa meining. Retorikken kan forståast som ein praktisk vitskap, ein del av alminneleg kommunikasjon (Lindhardt 1993:24). Slik sett har retorikken likskapar med SFL, kor ein ser på språket i bruk, og kor ein gjennom ulike funksjonar kan oppnå bestemte føremål.

Aristoteles skriv i poetikken at tekstar må delast inn i innleiing, hovuddel og avslutning (Skjelten 2013:97), og dette er også eit mønster i mange elevtekstar og ein del av dei forventningane elevane møter i skriveundervisninga. I innleiinga, exordium, skal ein knyta kontakt med mottakaraen og seia kva sak det er ein vil ta opp. I hovuddelen, narratio, skal ein gjera greie for saksemnet på ein rimeleg måte, og ikkje la mottakaren falla av. Derfor er det viktig å venda seg til tilhøyraren undervegs, for å halda på kontakten. Avslutninga, conclusio, er avgjerande for heilskapen, same kva skrive- eller talemåte ein vel. Aristoteles seier at ein her bør gjenoppfriska det ein har sagt og framheva det som går i eigen favør. Ein bør også minimalisera motstandaren sine argument og bringa tilhøyraren inn i ei rett stemning. Aristoteles er også opptatt av at teksten må gjerast levande for mottakaren om den skal ha effekt, og at det er avgjerande at momenta kjem på sin rette plass (Aristoteles 2006). Desse tankane er universelle, og blir aktualisert i elevtekstane i studien.

Retorikk er også ein sentral del av den kunnskapen som det er forventningar om at elevane skal ha kjennskap til på vg3. Dette kjem fram både i læreplanen, ved eksamen og i skriveoppgåvene som er gitt i denne studien. Retorikk er del av alle dei tre hovudområda i læreplanen i norsk, munnleg kommunikasjon, skriftleg kommunikasjon og språk, litteratur og kultur. I læreplanen heiter det mellom anna at elevane skal «bruke retoriske og digitale ferdigheiter til å produsere og framføre samansette tekstar», «skrive kreative, informative og resonnerande tekstar, litterære tolkingar og retoriske analysar på hovudmål og sidemål med utgangspunkt i norskfaglege tekstar» og «bruke omgrep frå retorikken for å analysere og vurdere ulike typar sakprosaetekstar» (Udir 2013). Som vist spelar retorikk ei viktig rolle i norskfaget, ikkje minst på det avsluttande året på vidaregåande.

### 3.1.3 Hermeneutikk og skjønn

Hermeneutikk er fortolking og læra om fortolking (Kjørup 2008:63). Hermeneutikken skal opna opp tekstane, og gjera greie for kva som skjer når ein «forstår» dei (Skjelten 2013:33). Retorikk og hermeneutikk må sjåast i samanheng, der retorikken skapar meininga, medan hermeneutikken handlar om korleis vi forstår og tolkar det som blir uttrykt (ibid.:89). I hermeneutikken er det ein grunntanke at vi alltid forstår noko ut frå visse føresetnader, og Gadamer kallar dette for førforståing eller fordommar (Skjelten 2013:36). Førforståinga heng saman med omgrepet forventningshorisont hjå Popper, som er den samla summen av våre forventningar, medvitne eller umedvitne (ibid.). Lesing og vurdering av kvalitet i elevtekstar inneber ein vekselverknad mellom å fortolka det som eleven har skriva og prøva og forstå meininga i teksten (Skjelten 2013:33). Som nemnt i delkapittel 2.2 har vurderingskriteria ved skriftleg eksamen ei holistisk tilnærming til teksten, der førsteintrykket spelar ei rolle. Også i avslutninga av skjemaet er det vist til heilskapleg inntrykk. Tolkinga av teksten som skjemaet legg opp til, følgjer ein hermeneutisk sirkel, der ein går i ei vandring frå heilskap, til delane, og tilbake til heilskapen. Heilskapen i teksten heng saman med lesinga av delane. Det er tale om ein vekselverknad mellom delane og heilskapen, der delane blir vurderte i tilhøve til kvarandre (ibid.). Dette gjeld mellom avsnitt, men også meiningsskaping mellom ulike tekstnivå, som til dømes kva overskrifta signaliserer og kva kjelder det blir vist til. Læraren skapar ei meining om innhaldet i elevteksten, og denne er påverka av lærarens forventningshorisont.

Skjønn og subjektivitet er ein del av vurderinga av elevtekstar, sidan tekstane ikkje produserer rette og galne svar, men meining (Skjelten 2013:37). Lærarane brukar sitt faglege skjønn når dei vurderer elevtekstane, vel ut skriveoppgåvene og vurderingskriteria, og organiserer skrive-situasjonen. Skjønn kan sjåast på som grunnsteinen i ei profesjonell yrkesutøving. Ved hjelp av faglege skjønn er det mogeleg å bruka generell kunnskap og reglar på enkelttilfelle (ibid.). Eit profesjonelt skjønn er ein vurderingsfaglege kompetanse som byggjer på kunnskap om læreplan og forskrift, rettleiingar, erfaring og som blir utvikla i faglege samtalar. Fleire av formuleringane i vurderingsskjemaet ved skriftleg eksamen opnar for tolking og bruk av skjønn. Eit døme på dette kan vera under kriteriet «Språk og formelle dugleikar», kor karakterane 4, 5 og 6 som første punkt seier at eksamenssvaret «har god samanbinding mellom setningar og avsnitt». Ikkje minst opnar omgrepet «forståing av vedlagde tekstar» for skjønn. Skjønn må også brukast i det nye forslaget til vurderingsskjema basert på forventningsnormene i Norm. Også forskaren sitt skjønn spelar ei rolle. Forskaren vel blant anna ut tekstane som blir analysert i oppgåva og prøver å tolka og forstå tekstvedlegga.

## 3.2 Skulens normer for skriving

Skriving i skulens kontekst handlar om å forstå skulens tekstkulturar og krav om kompetanse. Innanfor kvart fag er det ulike diskursar for skriving, og elevane tileignar seg dei på ulike måtar. Krav om kompetanse som er formulert i læreplanar og ved eksamen kjem inn i denne delen. Faget sine sjangrar skaper normer og forventningar om kva som kan, og ikkje kan, seiast.

### 3.2.1 Normer og krav om kompetanse

Normene i eit skulefag kan liggja på fleire nivå. Kjell Lars Berge skil mellom kvalifiseringsnormer og direktiviske normer. Direktiviske normer ligg på eit overordna nivå, og kan finnast i læreplanar og førande dokument, medan kvalifiseringsnormer kan vera normer som er gitt til dømes ved skriftleg eksamen (Berge 1996:31). Kunnskapsløftet (LK06/13) utgjer eit sett av direktiviske normer, og formulerer forventningar på eit overordna nivå. Stortingsmelding 30 *Kultur for læring* la grunnlaget for LK06/13 og innførte omgrepet basiskompetanse. I meldinga blir omgrepet kompetanse definert som «evnen til å møte komplekse utfordringer» (Utdannings- og forskingsdepartementet (UFD) 2004:31). I *Kultur for læring* blir også dei fem grunnleggjande ferdigheitene formulert; å kunna uttrykkja seg munnleg, å kunna lesa, å kunna uttrykkja seg skriftleg, å kunna rekna og å kunna bruka digitale verktøy (ibid.:32). Bakgrunnen for dei grunnleggjande ferdigheitene finn ein i OECDs arbeid med å definera nøkkelkompetansar. Prosjektet DeSeCo definerte tre kategoriar av nøkkelkompetansar; 1) interaksjon i sosialt heterogene grupper, 2) å kunna handla sjølvstendig og 3) å kunna bruka verktøy interaktivt (Nasjonalt senter for skriveopplæring og skriveforskning 2013:4). I den siste av desse inngår det å kunna bruka språk, symbol og tekst i samhandling, som er sentralt her.

Kjell Lars Berge seier at LK06/13 gir uttrykk for eit radikalt nytt syn på det å læra. «For første gang i norsk skolehistorie blir det slått fast at det å forstå, lære og utøve et fag ikke kan ses uavhengig av det å skape mening med språket (...) i faget» (Berge 2005:163). Berge kallar LK06/13 ei literacy-reform fordi skulen no skal gje elevane tilgang til tekstsamfunnet (ibid). Omgrepet *literacy* tyder, direkte omsett, *evna til å lesa og skriva*. Det latinske ordet *litera* har koplingar til ord som brev, *letter*, og bokstav, *letter*. Literacy er eit omgrep som kan forståast på fleire måtar, men som enkelt kan definerast som det å skapa meining ved hjelp av teikn i eigne og andre sine tekstar (Blikstad-Balas 2016:19). Denne definisjonen har likskapar med David Bartons, som sier at literacy er «(...) a set of social practices associated with particular symbol systems and their related technologies» (Barton 2007:32). I *Kultur for læring* heiter det



at literacy går utover det å kunna lesa: «Det omfatter både «Reading, Writing and Numeracy», som inkluderer ferdigheter som «to identify, to understand, to interpret, to create and to communicate» (UFD 2004:33). I formuleringa finn ein spor av UNESCOs definisjon:

Literacy is the ability to identify, understand, interpret, create, communicate, compute and use printed and written materials associated with varying contexts. Literacy involves a continuum of learning in enabling individuals to achieve their goals, to develop their knowledge and potential, and to participate fully in their community and wider society. (UNESCO 2004:13)

Literacy er her forstått som ein brei kommunikativ kompetanse, som er knytt til både det å skaffa seg kunnskap og delta i samfunnet (Blikstad-Balas 2016:16). Literacy kan forståast som både ei kognitiv ferdigheit og som sosial praksis (ibid). Innanfor kognitiv skriveforskning blir det blant anna lagt vekt på korleis ein utviklar ordforråd og brukar strategiar i ulike situasjonar i møte med tekst. Den kognitive leseforskninga handlar også om leseforståing, og kva det er som påverkar skriveprosessar. Eit sosiokulturelt perspektiv på literacy handlar om bruk av tekstar, kva ein *gjer* med tekstar og språk i ulike sosiale samanhengar. Grunntanken er at tekstar og språkleg kommunikasjon skjer i sosiale kontekstar, og må sjåast i samheng med desse (ibid.:18). Det er ikkje berre eit spørsmål om å tileigna seg kunnskap individuelt, men å kunna delta i ulike språklege kontekstar. Studiar som har eit sosiokulturelt utgangspunkt, undersøker konteksten lesing og skriving skjer i. Andre definisjonar av literacy framhevar både sosiale, kulturelle og kognitive aspekt ved literacy, og understrekar at literacy handlar om eit samspel mellom individuell kompetanse og sosiokulturelle forventningar og krav (ibid.:19). UNESCO sin definisjon peikar også på literacy som noko som gir tilgang til deltaking i samfunnet. Evna til å forstå ulike språklege kontekstar, er ein viktig del av literacy (ibid.:20). Denne evna blir også kalla tilgangskompetanse (Nicolaysen 2005), og handlar om ei myndiggjering og deltaking i samfunnet. Ved å meistra ulike språklege kontekstar, får ein også tilgang til dei kulturelle fellesskapa. Skulen sine tekstar kan vera både inkluderande og ekskluderande. Dersom ein ikkje får kompetanse som gir tilgang til tekstane, kan det føra til eit utanforskap.

Som nemnt er literacy eit omgrep med fleire sider. Digital literacy eller media literacy handlar om å kunna bruka nye medium (Blikstad-Balas 2016:28). Ei eksamensoppgåve som kan seiast å ta opp i seg dette perspektivet, er kortsvarsoppgåva ved eksamen i norsk hovudmål våren 2014. Her skulle Mads Gilbert sin SMS frå Gaza samanliknast med graffiti av gatekunstnaren Banksy. Oppgåva hadde det som nokon oppfatta som eit politisk innhald, og skapte debatt (Aftenposten 2014). Den viser også at tekst-landskapet er i endring, og at nye tekstformer blir tatt i bruk, noko som stiller nye krav til tekstkompetanse (ibid:32). Oppgåva kan også knytast

til kritisk literacy, som handlar om vera kritisk til premissa som blir realisert i tekstar, og om å kjenna att underliggjande haldningar, motiv og ideologiar. Her spelar tekstforståinga ei viktig rolle. Kritisk literacy handlar også om at skulen må fremja evna til refleksjon og kritisk tenking. Dersom skulen først og fremst formidlar kunnskap til elevane, kan det gi mindre rom for kritisk tenking.

### SMS fra Gaza

De bombet sentrale grønnsaksmarkedet i Gaza by for to timer siden. 80 skadde 20 drept.  
Alt kom hit til Shifa. Hades!  
Vi vasser i død, blod og amputater.  
Masse barn, gravid kvinne.  
Jeg har aldri opplevd noe så fryktelig. Nå hører vi tanks.  
Fortell videre, send videre, rop det videre alt GJØR NOE! GJØR MER  
Vi lever i historieboka nå, alle!

Mads G.  
03.01.09 – 13:50 – Gaza, Palestina

Figur 3. Utdrag av oppgåve frå eksamen norsk hovudmål, våren 2014.

Fagspesifikk literacy handlar om å forstå tekstpraksisane i dei ulike faga, og om å ha den kunnskapen og dei ferdigheiter som trengs for å meistra tekstar innanfor ein disiplin (Blikstad-Balas 2016:26). Shanahan og Shanahan seier at tekstane og språket er ein del faget sin kultur. Dei fleste elevar treng eksplisitt opplæring i sjanger, språkkonvensjonar og normene i faget (Shanahan & Shanahan 2008:43), «disciplinary literacy». Sjølv om behovet for denne typen undervisning er der, viser det seg at faget sine sjangrar og terminologi sjeldan blir undervist eksplisitt (ibid.:45). Kjell Lars Berge skriv i studie 6 i KAL at alle tekstar står i eit tilhøve til meir eller mindre avgrensa tekstkulturar (Berge 2005:15). Ein tekstkultur kan forståast som ein avgrensa kulturkontekst eller sosialt felt der dei som deltar i feltet kommuniserer ved hjelp av meiningsberande ytringar, som har status som tekstar (ibid.). For å kunna delta i tekstkulturen må ein vera i stand til å utforma tekstar innanfor tekstnormene i kulturen. Det fagspesifikke perspektivet på literacy er ein sentral del av forventningane til skrivekompetanse.

Kva er så skulens språk, normer, fagterminologi og tenkjemåtar? Anne Håland peikar på at skriving i norskfaget byggjer på både litteratur- og språkvitskap (Håland 2016:18). Innanfor faga er det ulike tekstkulturar, og ulike måtar å posisjonera seg på. Faga har ulike grader av sikkerheit, og innanfor litteraturvitskap presenterer skrivaren ofte moglege forklaringar eller kunnskap. Dette står i motsetnad til til dømes matematikk, der kunnskapen blir presentert som sikker (ibid.:19). Presentasjonstekstar er skrivne for å presentera kunnskap og skrivehandlinga her er å beskrive. Posisjoneringa av mottakaren har tyding for korleis teksten blir, og i skulen kan det vera vanskeleg å sjå for seg ein reell mottakar utanom læraren (ibid.:39). Læraren er her modellesaren, ein person med kunnskap om emnet, og om korleis tekstar skal utformast. Skulens literacy kan også kallast ein dominant literacy (Blikstad-Balas 2016:47), sidan tekstpraksisen er tydeleg definert innanfor ein rådande samfunnsinstitusjon. Norskklærarane sine

faglege ideologiar og førestillingar, eller *doxa*, styrer i stor grad tenkjemåtane i faget i vidaregåande, seier Kjell Lars Berge, og deira tenkjemåtar er prega av ein kunnskaps- og kulturarvorientert skriveideologi (Berge 2005:20). Denne ideologien finn ein klare spor av også i denne studien, der kunnskap om litteraturhistorie, litterære periodar og retorikk står sentralt. Nøkkelen til å lukkast i faga, og på skulen generelt, er å meistra den akademiske språkvarianten (Blikstad-Balas 2016:39). Det er dette språket skulen løner og som gir framgang i faga. Her spelar sosiale forskjellar ei viktig rolle, og det er stor skilnad mellom barn sine primærdiskursar, språket dei har med seg heimanfrå. Dette talar for ei meir eksplisitt språkopplæring i faga. Som vist er det ikkje ein literacy, men fleire literacies, sidan me deltar i ulike språklege praksisar (Fjørtoft 2014:73).

### 3.2.2 Skrivekompetanse

Omgrepet skrivekompetanse er, som literacy, heller ikkje eintydig. Rapporten til arbeidsgruppa bak nasjonale omtalar skrivekompetanse slik:

Skriving har flere grunnleggende funksjoner – med skrift kan vi kommunisere med folk som ikke er tilstede samtidig med oss; vi kan ta vare på tankene våre og sortere dem, og vi kan forestille oss dagens og gårdagens virkelighet, men også det som ennå ikke har vært. Grunnleggende skriveferdighet er evnen til å bruke disse funksjonene gjennom skriftlig meningsskapning og skriftlig håndverk. I skriftlig meningsskapning kommuniserer vi for ulike formål i ulike situasjoner – gjennom tekst, komposisjon, setninger, ord, rettskriving, tegnsetting, tegninger og andre symboler. Gjennom det skriftlige håndverket samordner vi mentale, motoriske og formelle delferdigheter som for eksempel gir oss en leselig skrift og en god språklig framstilling. (UFD 2006:55)

Sitatet peikar mot både eit funksjonelt og eit kognitivt syn på skriving. Det funksjonelle handlar om formålet med skrivinga og språket i bruk, medan det kognitive handlar om tankar og å førestilla seg noko. Kjell Lars Berge skil mellom tre måtar å sjå på skriving. Eit formelt språksyn der eleven blir målt mot vaksne skrivarar, eit funksjonelt språksyn, der ein legg mindre vekt formelles sider og meir på formålet med teksten og mottakaren, og ei interesse for kreativ skriving. Alle desse syna er å finna i skulen i dag, og viser seg også i eksamens-oppgåver på vg3 g i oppgåvene som er aktuelle i denne studien. Heilt fram til LK06/13 var norskfaget eit «verktøyfag», men denne rolla blei då endra (Fjørtoft 2014:57). Utviklinga av språklege ferdigheiter er med LK06/13 ein del av opplæringa i *alle* fag, og ikkje særskilt til faget norsk (ibid:58), og skriving i norsk skal skje på faget sine premisser. Dette viser seg i formuleringar i den generelle delen av læreplanen, som omtalar kva skriving i norskfaget er: «Å kunne skrive i norsk er å uttrykkje seg i norskfaglege sjangrar på ein føremålstenleg måte. Det vil seie å

kunne skrive teksttypar som er relevante for faget, og å kunne ta i bruk norskfaglege omgrep» (Udir 2013). Men framleis er norskfaget eit dannelsings- og kulturfag, slik den generelle delen uttrykkjer det:

Norsk er eit sentralt fag for kulturforståing, kommunikasjon, danning og identitetsutvikling. Gjennom aktiv bruk av det norske språket blir barn og unge innlemma i kultur og samfunnsliv, og rusta til å vere med i arbeidsliv og demokratiske prosessar. Norskfaget opnar ein arena der dei får høve til å finne sine egne stemmer, ytre seg, bli høyrde og få svar. (Udir 2013)

Henning Fjørtoft peikar på at norskfaget i LK06/13 er i eit spenningsfelt mellom dei humanistiske tradisjonane faget spring ut frå, og den store interessa for literacy (Fjørtoft 2014:67). Kva som er skriving i norskfaget og norskfaglege tekstar, kan ut frå det som til no er sagt, gi rom for tolking. Dette viser seg også ved skriftleg eksamen, der elevane kan velja mellom fleire ulike teksttypar og skrivehandlingar. Berge peikar i KAL studie 6 at sidan elevane berre blir prøvd i ei skrivehandling, blir eksamen mindre valid som skriveprøve og for å undersøka skrivekompetansen til elevane (Berge 2005:190). Dette gjeld og i vidaregåande.


Tanken om progresjon i faget er formulert i *Kultur for læring*, kor det heiter at: «Skal man sikre en kontinuerlig utvikling av elevenes grunnleggende ferdigheter gjennom hele det 13-årige løpet, må kravene til ferdighetene være tydelige på ulike trinn gjennom hele grunnopplæringen» (UFD 2004:33). Også i læreplanane i norsk er tanken om progresjon tydeleg. Fleire av kompetansemåla på vg3 har elevane møtt på tidlegare i faget. To av læremål i norsk på sjuande trinn viser dette, der det heiter at eleven skal «skrive tekstar med klart uttrykt tema og skape samanheng mellom setningar og avsnitt» og «skrive forteljande, skildrande, reflekterande og argumenterande tekstar etter mønster av eksempelttekstar og andre kjelder, og tilpasse eigne tekstar til føremålet og mottakaren». Desse formuleringane finn ein også igjen i kompetansemåla etter vg3, men no i ei meir avansert form:

- (eleven skal) orientere seg i store mengder tekst av ulik kompleksitet og velje ut, samanfatte og vurdere relevant informasjon
- bruke kunnskap om tekst, sjanger, medium og språklege verkemiddel til å planleggje, utforme og bearbeide eigne tekstar med klart føremål, god struktur og sakleg argumentasjon
- uttrykke seg med eit presist og nyansert ordforråd og meistre språklege formkrav
- skrive kreative, informative og resonnerande tekstar, litterære tolkingar og retoriske analysar på hovudmål og sidemål med utgangspunkt i norskfaglege tekstar
- bruke kjelder på ein kritisk og etterprøvbar måte og meistre digital kjeldetilvising (Udir 2013)

Desse kompetansemåla konkretiserer forventningane til skrivekompetanse på det siste året på vidaregåande skule og aktualiserer problemstillinga i denne studien. Lingvisten Roz Ivanič peikar på at det er ulike skrivediskursar i skulen, og meiner med dette ulike måtar å tenkja på, og snakka, om skriving (Smidt 2009:312). Fleire av diskursane kan setjast i samband med elevtekstane og skriveoppgåvene i denne studien.

Formålet med skrivinga og den sosiale konteksten er viktig i *sosial praksis-diskursen* (Smidt 2009:315). I denne diskursen er det sentralt at eleven må kjenna formålet med skrivinga, og skrivinga bør helst leggjast til meningsfulle situasjonar. Lars Sigfred Evensen seier at før ein kan vurdere skrivekompetansen, må ein slå fast kva syn ein har på skriving (Evensen 2010). Evensen viser til OECD sin definisjon, og peikar på at ein der er oppteken av kva eleven skal ha i verktøykassa for å kunna løysa konkrete oppgåver. Denne forståing av omgrepet kan også koplust til den forståinga av skrivekompetanse som ein finn i LK06/13. Evensen peikar på at skriving er meir enn å visa kompetanse, og at ein ikkje må mista fokuset på kva som er *formålet* med skrivinga.

Saman med dei andre prosjektdeltakarane i Norm deltok Evensen i utviklinga av *Skrivehjulet*, der det kommunikative aspektet og formålet ved skrivinga blir framheva. Modellen er bygd opp omkring dimensjonane skrivehandlingar, formål med skrivinga og skriftleg mediering. Den ytre sirkelen i modellen viser seks ulike skrivehandlingar: å samhandla, å reflektera, å beskriva, å utforska, å sjå for seg og å overtyda. Dei stipla linjene i modellen viser at det ikkje er snakk om absolute skilje mellom ulike handlingar og ulike formål. Ulike skrivehandlingar kan vera hensiktsmessige ut frå ulike formål med skrivinga, og ein kan tenkja seg andre inndelingar enn det modellen viser. Den midtre sirkelen viser formåla som handlingane vanlegvis blir knytte til. Modellen er dynamisk, fordi den ytre sirkelen kan dreiest, slik at ulike handlingar og formål kan utnyttast etter behov (Matre og Solheim 2014:3). Fleire skrivehandlingar vil ofte kunna finnast i same tekst. I «Teoretisk bakgrunns-



Figur 4. Skrivehjulet, henta frå Skrivsesenteret sine nettsider.

dokument for arbeid med skrivning på ungdomstrinnet» er skrivekompetanse definert som «det å kunne ytre seg i skrift på en forståelig og hensiktsmessig måte tilpasset ulike situasjoner og formål» (Nasjonalt senter for skriveforskning og skriveopplæring 2013). Dokumentet byggjer på og støttar opp om det synet på språk som kjem fram hjå Evensen.

I tekstutvalet i denne studien er det skrivehandlingane å analysere eller informera, som dominerer. Samstundes kan skrivehandlingane som er vist i Skrivehjulet visa seg i tekstane, som å beskriva, overtyda eller reflektera. I kva grad er eleven medviten på formålet med skrivinga og skrivehandlinga? Korleis viser skrivehandlingar seg i tekstane? Desse spørsmåla vil bli drøfta vidare i analysane.

### 3.2.3 Lesekompetanse og tekstforståing

Lesing er ein av dei fem grunnleggjande ferdigheitene, og ei sentral del av opplæringa i skulen. OECD har også definert lesekompetanse, og her blir evna til å vurdera og bruka tekst på relevante måtar understreka (Blikstad-Balas 2016:23). Dette synet på lesing finn ein også i kompetansemål i norsk for vg3, der det under hovudområdet Skriftleg kommunikasjon heiter at elevane skal «orientere seg i store mengder tekst av ulik kompleksitet og velje ut, samanfatte og vurdere relevant informasjon» og «lese eit utval av samtidstekstar på nynorsk og bokmål og drøfte desse tekstane språkleg og tematisk i forhold til vår tid» (Udir 2013). I den generelle delen av læreplanen er leseferdigheiter omtala slik:

For å kunne utvikle leseferdigheiter i norskfaget må elevane lese ofte og mykje, og dei må arbeide systematisk med lesestrategiar som er tilpassa føremålet med lesinga, og med ulike typar tekstar i faget. Utviklinga går frå grunnleggjande avkoding og forståing av enkle tekstar til å kunne forstå, tolke, reflektere over og vurdere stadig meir komplekse tekstar i ulike sjangrar. (Udir 2013)

Som for skrivning blir det også for lesing altså stilt krav om kompetanse, og det skal skje ein progresjon i ferdigheitene. Arbeidsgruppa bak norskfaget omtalar lesekompetanse, og legg vekt på fleire sider. Dei nemner evna til å forstå tekst og at dette er grunnleggjande for å kunna delta i samfunnet. I rapporten blir også lesing som føresetnad for fagleg innsikt omtala, blant anna for å få kunnskap om sjanger (UFD 2006:51).

Astrid Roe viser til Mc Laughlin og Allen sin modell for vidarekommen leseopplæring (Roe 2006:76). Modellen legg vekt på ei eksplisitt leseopplæring der lærarane støttar elevane sine lesestrategiar ved å fokusera på kva kognitive prosessar gode lesarar brukar. Gode lesarar

aktiviserer bakgrunnskunnskapen sin, føregrip handlinga og lagar ei hensikt med lesinga. Mens dei les stiller dei spørsmål til og visualiserer innhaldet, tenkjer over kva ord betyr og ser samanhengar mellom seg sjølv og omverda. Gode lesarar er klar over kva dei ikkje har forstått og stiller spørsmål ved teksten, som dei enten finn svar på sjølve eller ved å spørja andre. Etter lesinga summerer dei opp innhaldet (ibid.:78). Mc Laughlin og Allen presenterer også ein tredelt modell for arbeid med lesestrategiar, der dei tre trinna er direkte instruksjon, praktisk bruk og refleksjon. Det første trinnet handlar om å etablera ein lesestrategi som læraren demonstrerer. Deretter prøver elevane ut strategiane på nye tekstar gjennom samarbeid, med læraren som rettleiar. Til slutt vurderer lærarar og elevar prosessen og reflekterer over den. Dei diskuterer kva dei har lært og set nye mål (ibid.) Modellen er bygd på stillasbygging, og Vygotskijs tankar om den næraste utviklingssona. Til å begynna med er læraren til stades, og etter kvart blir elevane meir og meir uavhengige, til stillaset kan fjernast (ibid.:79). Anne Håland peikar i si doktorgradsavhandling på samanhengen mellom lesing og skriving (Håland 2013:23). Dei som les på fritida, blir også gode skrivarar, og dette gjeld også høgare opp i klassane. Born blir stort sett eksponert for narrative sjangrar, og dette betyr at dei har større kunnskap om desse, enn om til dømes informative tekstar (ibid.)

Lesekompetanse og tekstforståing er sentralt både i samband med eksamensoppgåver i norsk på vg3 og med skriveoppgåvene i denne studien. Om langsvareoppgåva til eksamen heiter det i eksamensrettleiinga at: «Langvarsoppgåvene er knyttet til vedlagde tekstar. Eleven får tre eller fire oppgåver til val og skal skrive ein lengre tekst med god struktur og samheng. (...) Langvarsoppgåvene er alltid knyttet til tekstvedlegg, og svaret skal vise både tekstforståing og skrivekompetanse» (Utdanningsdirektoratet 2017a:3). Lesekompetansen og tekstforståinga blir stilt på prøve i samband med skrivinga, sidan skrivinga alltid skjer med utgangspunkt i tekst.

### 3.2.4 Sjanger og teksttype

Eva Maagerø definerer sjanger som «en målrettet sosial aktivitet som vi engasjerer oss som medlemmer av en kultur» (Maagerø 2005:63). Når ein kommuniserer med andre, har ein eit mønster å følgja, og det lettar kommunikasjonen (ibid.:64). Det finst mange skriftelege sjangrar, også i skulen, og oppover i skulesystemet knyter det seg forventningar til at ein skal ha kjennskap til sjangrar. Skulen har ei oppgåve med å la elevane møta dei slik at dei kan bli ein del av tekstkulturane. Sjølv om sjangrane skal vera til støtte, må dei ikkje bli så faste at dei ikkje kan endrast på. Dei må vera stabile, men fleksible nok til at dei kan endrast (Maagerø 2005:70).

Nokre sjangertrekk går ofte att i bestemte teksttypar. Ruquaiya Hasan kallar desse for obligatoriske strukturelement (Hasan 1998:128). Andre element er valfrie, seier Hasan, men det er betyrt ikkje at alt er mogeleg (ibid.:131).

Kor frie er sjangrane i skrivekulturen på vidaregåande? Maagerø seier at skulen ikkje er nøytral når det gjeld sjangrar. Nokre sjangrar har høgare status, og desse sjangrane er dei som til ei kvar tid er viktige i samfunnet (ibid.:82). Sjangeromgrepet er å finna i den generelle delen av læreplanen og er nemnt under alle hovudområda. Under området skriftleg kommunikasjon heiter det at «Skriving innebærer å uttrykke, bearbeide og kommunisere tanker og meninger i ulike typer tekster og sjangere» (Udir 2013). Om grunnleggjande ferdigheiter i læreplanen heiter det om å skriva at det er «å uttrykke seg i norskfaglige sjangere på en hensiktsmessig måte. Det vil si å kunne skrive teksttyper som er relevante for faget, og å kunne ta i bruk norskfaglige begreper» (ibid.). Sjangeromgrepet er til stades i læreplanane, sjølv om omgrepet teksttypar også er brukt, som i rettleiinga til eksamen og i vurderingskriteria.

Korleis skal elevane då møta sjangrane? I SFL er ein tilhengjarar av ei eksplisitt sjangeropplæring (Maagerø 2005:82). Det sentrale her er å bruka førebilete eller modellar for elevane si sjangerskriving, og å trekkja inn elevane i arbeidet med å definera sjangertrekk (Smidt 2009:320). Innanfor ei implisitt sjangerundervisning blir det hevda at undervisninga bør gå føre seg ved at elevane les og skriv mange ulike tekstar. Læraren skal ikkje diskutera sjangertrekk med elevane, men la elevane sjølve finna fram til fellestrekk ved sjangeren. Eit argument mot ei meir eksplisitt undervisning av sjanger, er at sjanger alltid blir brukt i ein sosial samanheng, og at undervisning i sjanger alltid vil lausriva skrivinga frå konteksten (ibid.:318).

Kjersti Rongen Breivega og Sunniva Petersen Johansen drøftar korleis omgrepa sjanger og teksttype blir brukt i læreplanen i norsk (Breivega og Johansen, 2016:1). Dei definerer teksttypar ut frå ein tekstlingvistisk tradisjon, der teksttype dreiar seg om grunnleggjande måtar å organisera tekst på, som å beskrive, fortelje, forklare, grunngje synspunkt og instruere, noko som er i tråd med tankane bak skrivehjulet. Teksttypar er framstillingsformer som eksisterer uavhengig av ein konkret yringskontekst (ibid.). Dette står i motsetnad til sjangrar, som oppstår i interaksjon, og som handlar om mønster for korleis tekstar skal skrivast. Breivega og Johansen seier at teksttype og sjanger kan oppfatast som nokså samanfallande slik det blir framstilt i læreplanen. Dette poenget er relevant her fordi det kan påverka formålet med skrivinga og



korleis teksten blir vurdert. I analysane vil det bli forsøkt å peika på stader der forventningar om sjanger har påverka elevtekstane.

### 3.2.5 Skrivestrategiar og modellering

Roz Ivanič seier at i ferdigheitsdiskursen er det å læra seg å skriva ei ferdigheit som krev medviten opplæring og trening, og det å ha gode skrivestrategiar kan knytast til denne. Skrivestrategiar kan definerast som prosedyrar og teknikkar som skrivlarar brukar for å gjennomføra ei skriveoppgåve (Hertzberg 2006:112). Å læra å skriva handlar om å utvikla skrivestrategiar som ein tar i bruk aktivt når ein skriv, og dette kan vera noko av det mest effektfulle ein kan gjera for å utvikla elevane sin skrivekompetanse (Kringstad og Kvithyld 2014:17). Kompetente skrivlarar brukar fleire ulike strategiar når dei skriv, i motsetnad til dei uerfarne. For at elevane skal kunna skriva må dei ha førestillingar om korleis tekstane kan sjå ut. Å bruka eksempeltekstar er ei form for modellering, men det er viktig at dette ikkje blir sett på som oppskrifter som må følgjast til punkt og prikke. Kringstad og Kvithyld definerer modellering som det å ta i bruk modelltekstar, men modellering kan også handla om å synleggjera skriveprosessen (ibid.).

Anne Håland viser til Sylvia Read sin modell for stillasbygging i skriveopplæringa (Håland 2016:30). Read brukar akronymet IMSCI, som står for inquiry, modeling, shared writing, collaborative writing og independent writing. Undersøking (inquiry) er første steg, og det handlar om å skaffa seg kunnskap om det ein skal skriva om. Det elevane finn kan til dømes hengjast på veggjen i form av veggavis, som kan virka som idébank. Modellering (modeling) kan bety at læraren demonstrerer skrivning, eller ein kan bruka modelltekstar eller skriverammer. Ein kan også visa korleis ein tenkjer når ein skriv for ulike formål. Utprøving (shared writing) skjer ved at læraren og elevane saman prøver ut ulike måtar å skriva på. Det kan gi rom for samtalar om skrivning og tekst. Ved samskriving (collaborative writing) skriv elevane saman, og brukar kvarandre som stillas. Dette er med og utviklar språk for skrivning, og kan gjera elevane meir medvitne på dei vala dei gjer. Samskriving har også stor overføringsverdi til arbeidslivet. Sjølvstendig skrivning (independent writing) er elevane si sjølvstendige skrivning. Elevane brukar dei tidlegare stega i prosessen når dei skriv. Stega kan gå over i ein annan, og det er ikkje sikkert at ein gjennomfører alle. Sjølv når dei skal skriva sjølv dei i starten støtte gjennom heile skriveprosessen (ibid.). Bruken av modelltekstar og skriverammer spelar ei rolle i denne studien. Elevtekstane er fagspesifikke presentasjonstekstar, og lærebøkene viser både

skriverammer og modelltekstar for å forklara eksplisitt korleis strukturen i til dømes retoriske analysar kan gjennomførast. Ved skule B har det blitt lagt til ei skriveramme til oppgåvesettet, og denne ser ut til å ha påverka skrivinga av elevtekstane. Oppgåvene ved skule C har også trekk av skriveramme i instruksjonen i oppgåva.

Dagrun Skjelbred peikar på tre tradisjonelle skrivedisiplinar i skulen; skriftforming, rettskrivingsopplæring og tekstutforming. Tekstskapinga er den delen som det blir lagt mest vekt på, og her trekkjer Skjelbred fram tre tilnæringsmåtar (Skjelbred 2014:21). Den første kallar ho skriveopplæring ved imitasjon, til dømes ved å bruka modelltekstar eller skriverammer. Den andre hovudretninga er å skriva når me har ein bodskap å formidla, som er eit funksjonelt syn på skiving der formålet med skrivinga er viktig. Det tredje utgangspunktet er å sjå på skiving som ein prosess. I prosessorientert skrivepedagogikk blir det lagt vekt på skiving av ei rad med kompliserte mentale prosessar som ein må leggja til rette for i skriveundervisninga (Smidt 2009:314). Å læra å skriva innanfor denne tilnæringsmåtar vil seia å læra seg mentale prosessar, som å planleggja ein tekst, få oversikt over kva ein vil med teksten og korleis den kan byggjast opp. Det handlar om å skriva eit første utkast, å revidera og ferdigstill, og dette krev eksplisitt opplæring. Skrivinga ved skule C kan knytast også til denne retninga. Skrivinga har skjedd i ein prosess der elevane har lest teksten, samtala om den og funne fram til relevante kjelder før skrivinga starta opp. Dei tre skrivesituasjonane og oppgåvene som er gitt blir omtala i neste kapittel.

## 4.0 Skriveoppgåver og skrivesituasjonar

*I denne delen blir skriveoppgåvene og skrivesituasjonane ved dei tre skulane analysert. Formålet er å undersøkje korleis oppgåvene og situasjonen påverkar skrivekompetansen som blir vist. Denne delen vil bli sett i samband med kapittel 5, analysen av elevtekstane.*

### 4.1 Springbrett eller direktiv om skriving?

I dei seinare åra har det blitt større merksemd på korleis skriveoppgåvene påverkar elevane sin skrivekompetanse. Hildegunn Otnes seier at det ikkje er nok for ein skriveforskar å analysere elevtekstar, men at det er like viktig å analysere oppgåvene (Otnes 2015:23). Denne oppfatninga kan forståast ut frå eit funksjonelt språksyn. Bronislaw Malinowskij seier mellom anna at ytringar ikkje kan lausrivast frå konteksten den er skapt i (Maagerø 2005:40). Ein tekst kan berre tolkast når ein har informasjon om konteksten og kulturen den er skriven i (ibid.) Å utforma gode skriveoppgåver kan vera ei utfordring (Otnes 2015:11). Skriveoppgåver kan definerast som tekstar som blir brukt på ulike måtar innanfor utdanning, anten undervegs eller ved nasjonale testar og eksamenar. Dei blir primært laga av lærarar, lærebokforfattarar eller dei som utformar eksamen eller testar for å dokumentera kva elevane har lært. Oppgåver blir også gitt for at elevane kan utvikla seg som skribarar, og som eit springbrett for å få i gang skrivinga. Dei kan også sjåast på som ei skrivehandling som gir eit pålegg eller direktiv om skriving. Den som lagar skriveoppgåvene har eit formål med oppgåva, og ordet «oppgåve» indikerer ein asymmetri, ved at nokon, oftast læraren, gir ein elev ei oppgåve, i motsetnad til sjølvinititert skriving (ibid.:12). Her har det noko å seia kva skribarrolle oppgåva plasserer eleven i. Skal eleven visa kunnskapen sin, eller skal eleven skriva ut frå eigne synspunkt og erfaringar? IEA-prosjektet (International Association for the Evaluation of Educational Achievement), la vekt på skrivehandlingane i oppgåvene, noko som blei viktig for dei norske skriveprøvene (Otnes 2015:15). Med dette blei det lagt meir vekt på formålet i skrivinga, blant anna i Skrivehjulet.

Ingrid Rygg Haanæs peikar på at mange faktorar spelar ei rolle for elevane si skriveutvikling (Haanæs 2009:340). Rammene må liggja til rette, og her er tid ein viktig faktor. Tida ved ein skrivesituasjon kan virka knapp, og i samband med denne undersøkinga er tidsaspektet relevant. Dei tre klassane som er undersøkt hadde ulik tid til skrivinga. Ein lærar med fagleg kompetanse er også viktig (ibid.), og det kan variera i kva grad læraren er tilgjengeleg som støtte undervegs i prosessen. Haanæs peikar også på at det må finnast grunnar til at skrivinga skal bli sett på som viktig for elevane. Temaet i skriveoppgåva bør helst ha ein form for relevans for aldersgruppa

(Haanæs 2009:341). Den som skal skriva må vita noko om emnet eller kunna skaffa seg kunnskapar om det. Dette spelar inn både på motivasjonen for skrivinga, engasjementet og truverdet i teksten. I skulen har det vore ein tradisjon for å laga ferdige skriveoppgåver. Dette skil seg frå mykje av skrivinga i utdanning og arbeidsliv, som krev at ein kan utforma egne skriveprosjekt. Opplæringa i skulen bør leggja til rette for at elevane får erfaring i å laga egne skriveoppdrag (ibid.). Skriveoppgåvene og skrivesituasjonane som inngår i denne studien har både likskapar og ulikskapar. Alle oppgåvene, med unntak av oppgåve 1 ved skule A, er tekstbaserte og levert digitalt. Som me skal sjå er det også ulikskapar i situasjonane.

#### 4.1.1 Skriveoppgåver og -situasjon ved skule A

Ved skule A blei det gitt tre ulike oppgåver. Fire elevtekstar er valt ut og blir analysert i kapittel 5. Oppgåvene og elevsvara er å finna som vedlegg.

Skule A	Oppgåve 1	Oppgåve 2	Oppgåve 3
Oppgåvetype / sjanger	Fagartikkel, realisme på 1800-talet	Retorisk analyse av samansett tekst	Resonnerande tekst
Elevsvar totalt: 27	13	13	1
Utvalestekstar	A2 – karakter 4/5	A1 – karakter 3/4 og A4 - 6	A3 – karakter 5/4

Tabell 5. Oversikt over oppgåver og utvalestekstar ved skule A.

Skrivesituasjonen var organisert som ei skriveøkt på fem skuletimar på skulen, ei tradisjonell, summativ vurderingsform på vidaregåande. Slike økter blir gjerne lagt til slutten av terminar, ofte kalla tentamen. Ved nokre skular er slike vurderingssituasjonar sjølvsgde, medan andre skular kan ha andre praksisar (Fjørtoft og Sandvik 2015:162). Tentamenar kan gi god øving til eksamen, og gir elevane tid til å skriva lengre tekstar. Ved skriveøkta skulle det skrivast to tekstar, kortsvar på sidemål og langsva på hovudmål. Ein fordel med denne organiseringa, er at elevane er i skrivemodus, men det kan by på utfordringar å byta målform undervegs. Begge tekstane blei vurdert i form av ein individuell karakter. Som nemnt blir berre langsva på hovudmål omtala i denne studien. Elevane ved skule A kunne bruka fleire hjelpemiddel, som lærebøker og utvalde nettsider. Det varierer i kva grad elevar kan bruka internett både ved skriveøkter og ved skriftleg eksamen.

Skriveoppgåve 1 ved skule A handlar om å gjera greie for den realistiske tradisjonen på 1800-talet. Oppgåva viste ikkje til konkrete tekstvedlegg. I oppgåva heiter det at eleven kan velja eit tema som forfattarar i den realistiske perioden skreiv om, og det er gitt forslag til tema som fattigdom, kvinnesak, ekteskapsproblematikk, moral eller religion. Forslaga kan tolkast som

igangsetjarar, og som stillas, der eleven får konkrete tilbod om innhaldet. Også kommentaren til oppgåva har ein funksjon som stillas, der det blant anna heiter at ein skal visa kunnskap om litteraturhistorie, og sjå både på den idéhistoriske og historiske perioden tekstane blei skriva i. Oppgåva kan ha preg av ein kunnskapstest, der eleven skal visa fram kva ho har fått med seg av undervisninga i faget. Det er interessant at oppgåva ikkje seier direkte kva teksttype elevane skal skriva. Det er nærliggjande ut frå det oppgåva seier å tenkja seg at det skal skrivast ein fagartikkel, sidan oppgåva seier at elevane skal *gjera greie* for temaa som oppgåva foreslår. Sidan oppgåva ikkje eksplisitt nemner teksttypen, kan det opna for ulike posisjonar. Evne til refleksjon er ikkje nemnt i samband med denne oppgåva, men det er eit av kriteria ved argumenterande tekstar.

Oppgåve 2 og 3 er tidlegare gitte eksamensoppgåver. I alt 13 elevar skreiv oppgåve 2, og det er valt ut to tekstar som fekk karakter 3/4 og 6. Elevane blei bedne om å skriva ei retorisk analyse av ei annonse for Høgskulen i Sogn og fjordane. Oppgåva blei gitt til skriftleg eksamen våren 2016, men då som kortsvarsoppgåve. Å bruka tidlegare eksamensoppgåver er ikkje uvanleg. Det kan gi ein tryggleik for læraren ved at oppgåva vil vera valid og reliabel. Samstundes er det ein fare for at oppgåvene er kjende for elevane, og at det ligg elevsvar på internett. I oppgåva er det lagt til ei formulering, der elevane skal vurderer i kva grad teksten fungerer etter formålet. Å vurderer blir i Store norske leksikon omtala med å bedømme, noko som kan seiast å liggja nær skrivehandlinga drøfta eller diskutera i Skrivehjulet. Dette opnar for ei reflekterande tilnærming til oppgåva, der eleven kan prøva ut ulike tankar når det gjeld korleis annonsa fungerer. Tekstvedlegget vender seg til ungdommar som skal søkja på høgare utdanning, noko som gjer oppgåva relevant for elevane.

Oppgåve 3 er ei eksamensoppgåve frå hausten 2017. Her skulle elevane skriva ein resonnerande tekst om det norske. Ein grunn til at berre ein av 27 aktuelle elevar har svara på oppgåva, kan vera at fagstoffet er pensum på vg2, og derfor ikkje lenger er like ferskt. Ein annan grunn kan vera at oppgåva har tre tekstvedlegg som skal knytast til svaret, og at oppgåva dermed stiller høg krav til tekstforståing. Resonnerande oppgåver kan by på utfordringar, både med tanke på posisjonen til skrivaren og kva ein skal resonnera om, og korleis teksten kan strukturast.

Sidan to av oppgåvene ved skule A er eksamensoppgåver, er det interessant å sjå på kva som kjenneteiknar desse. Eksamensrettleiinga omtalar dei tre typene aktuelle langsvarsoppgåver; 1. Informative, argumenterande og resonnerande tekstar, 2. Tolkingar og analysar og 3. Kreative

tekstar. Om kategori 1 heiter det i eksamensrettleiinga at elevane kan bli bedne om «å informere – presentere, forklare eller gjere greie for eit emne, argumentere – grunngi og forsvare synspunkt og meningar, resonnere – drøfte ulike sider ved ei sak for å kunne ta stilling til den, eller reflektere over et emne eller ei problemstilling» (Udir 2017a:3). Om kategori 2 heiter det at «elevane skal gjere greie for form og innhald i tekstar ved hjelp av fagspråk og reflektere over tekstane.» Om kreative tekstar heter det at det ikkje er «éin teksttype, men eit samleomgrep som femner om både forteljande, reflekterande og underhaldande tekstar. Desse oppgåvene er meir opne for individuelle løysingar enn dei tidlegare essay-, novelle- og kåserioppgåvene» (ibid.).

I eksamensrettleiinga blir formålet med skrivinga og skrivehandlingane trekt fram, og handlingar som å informere, presentere eller argumentere blir forklara. I oppgåve 2 er direktiva i oppgåva «Analyser teksten», «Bruk omgrep» og «Vurder». Ved eksamensoppgåver er det også ein kommentar til oppgåva som skal gi informasjon til elev og sensor om kva som blir venta av svaret (Udir 2017a:2). Ulike modale hjelpeverb er brukt i kommentaren, for å understreka skrivehandlingane i oppgåva. Her heiter det befalande: «(...) skal du bruke eksempel (...)» og tilrådande: «Du kan også trekkje inn (...)». Det er interessant at skrivehandlinga i oppgåve 1 seier eksplisitt at eleven skal vise kunnskap om den litteraturhistoriske perioden. Denne oppgåva kan knytast til det Berge seier om sensorane sine preferansar i norskfaget, og at kunnskaps- og kulturarvmodellen står sterkt. Oppgåva gir samstundes fridom til elevane, sidan første direktiv er «Vel eitt tema (...)». Å velja er ikkje ei skrivehandling, men dette blir klarare i neste setning i oppgåveformuleringa, der det heiter «Gjer greie for kvifor (...)». Oppgåva stiller krav til kunnskap om litteraturhistorie og om litteraturhistoriske periodar. Det er verd å merka seg at det ikkje er gitt konkrete tekstvedlegg som utgangspunkt for oppgåva. Det er ikkje sagt noko i oppgåvesettet om at denne oppgåva er den mest krevjande, men kompleksiteten kan stilla større krav til skrivekompetanse, noko som kan visa seg i vurderinga.

#### 4.1.2 Skriveoppgåver og -situasjon ved skule B

Ved skule B er det gitt to skriveoppgåver, begge om retorisk analyse, og fire tekstar er valde ut:

Skule B	Oppgåve 1	Oppgåve 2
<b>Oppgåvetype / sjanger</b>	Retorisk analyse; «Framtiden? Den står i kø hos NAV»	Retorisk analyse; «Hva er Norge?» Velkomsttale ved hagefest.
<b>Elevsvar total: 13</b>	6	7
<b>Utvalde tekstar</b>	B1 – karakter 3 og B4 – karakter 6.	B2 – karakter 4 og B3 – karakter 5.

Tabell 6. Oversikt over oppgåver og utvalstekstar ved skule B.

Skrivesituasjonen var ei såkalla toøktsskriving på fire skuletimar, til saman 180 minutt. Tida ved skriftleg eksamen er til samanlikning 300 minutt. Tida som har vore til rådvelde kan vera ein av grunnane til at tekstane er frå skule B er kortar enn ved dei to andre skulane. Oppgåve 1 tok utgangspunkt i artikkel «Framtiden? Den står i kø hos NAV», skrive av journalist Sven Egil Omdal i Stavanger Aftenblad. Teksten blei publisert i oktober 2017, og elevane skulle analysere teksten og bruka omgrep frå retorikken. Omdal er kjend for å setja meningar på spissen, og emnet i teksten handlar om automatisering i samfunnet og korleis dette påverkar arbeidsmarknaden. Emnet teksten tar opp kan sjåast på som relevant for ungdommar. Artikkelen er publisert i eit lokalt medium, noko som kan skapa engasjement og motivasjon. Oppgåve 2 ber om ei retorisk analyse av Kong Harald sin tale ved hagefest på Slottet frå 1. september 2016. Talen fekk mykje merksemd, og tar opp tema som mangfaldet i det norske samfunnet og kva som definerer det norske. Sidan talen er av ny dato, og tematikken i høgste grad er aktuell, vil innhaldet kunna opplevast som engasjerande og relevant. Språket og stilen i talen er direkte, utan avanserte ord, men med noko humor. Kommunikasjonsforma i talen vil dermed kunne appellera til eit breitt lesarsegment. Siste side i oppgåvesettet viste ei skriveramme. Andre hjelpemiddel enn skriveramma og læreboka var ikkje tillatne. Om elevane får bruka internett, og kva nettsider dei kan bruka, påverkar skrivesituasjonen og -kompetansen.

Begge dei to oppgåvene ved skule B stiller krav om bruk av omgrep frå retorikken. Kunnskap om retoriikk er læremål innanfor alle tre hovudområda i læreplanen, og utgjer ein sentral del av faget, og av ein kunnskaps- og kulturorientert skriveideologi (Bach 2015:42). Oppgåvetypen kan også knytast til eksamensoppgåvene ved skriftleg eksamen. Liv Cathrine Krogh tok i si mastergradsoppgåve utgangspunkt i skriftleg eksamen i norsk hovudmål på vg3 våren 2015. Krogh såg på samanhengen mellom oppgåvetypar og variasjon i vurderinga. Funna viste at heile 55 % av elevane valde oppgåva om retorisk analyse, og at korrelasjonen i sensorane si vurdering var størst for denne oppgåvetypen, medan det var mest sprik i vurderinga av kreative tekstar (Krogh 2016:66). Retorisk analyse, ofte av ein tale eller samansett tekst, har vore ein gjengangar i oppgåvesetta ved skriftleg eksamen. Vekta som blir lagt på retoriske analyser i oppgåvesetta, kan knytast til den såkalla wash-back-effekten. Denne effekten kan forklarast med at både lærarar og elevar veit at det kjem ei prøve om eit bestemt innhald. I dette tilfellet kan denne effekten knytast til både denne konkrete prøva og til eksamen (Fjørtoft og Sandvik 2016:33). Det positive ved effekten kan vera at elevane arbeider meir fokusert med eit emne. Ein uheldig konsekvens kan vera at elevane ofte ikkje veit kva som skal til for å bli betre (ibid.).

Oppgåvene ved skule B kan også knytast til ein sosiopolitisk diskurs, sidan dei har tematikk som omhandlar det politiske eller samfunnsorienterte aspektet ved konteksten (Veum 2015:92). Denne diskursen kan også knytast til kritisk literacy, der ein ser på skriving som ein sosio-politisk praksis som bidreg til danning og kritisk medvit hjå eleven (ibid.). Til grunn for denne diskursen ligg eit sosialkonstruktivistisk syn på skriving og språk, der skrivinga er styrt av krefter og maktrelasjonar. Skrivinga får eit sosialt aspekt, som også kan knytast til demokrati og samfunnsmedverknad (ibid.). I denne samanhengen at oppgåveformuleringa eksplisitt seier at oppgåva er todelt, og at andre del skal visa evne til sjølvstendig refleksjon. Har alle elevar kunnskapar og motivasjon nok til å gå inn i den skrivarrolla det her blir bedt om? Korleis vel dei å posisjonera og engasjera seg i teksten ut frå oppgåvene?

#### 4.1.3 Skriveoppgåver og -situasjon ved skule C

Oppgåvene og skrivesituasjonen ved skule C skil seg frå dei to andre skulane på fleire måtar. For det første er elevtekstane svar på den såkalla *fordjupingsoppgåva*. Arbeidet med oppgåva har også skjedd i ein prosess i klassen, der ulike skrivestrategiar har blitt brukt. Infoskriv om fordjupingsemnet, oppgåveformuleringa og vurderingskriteria er å finna som vedlegg.

Skule C	Oppgåve	Elevtekstar	Utvalde tekstar
Oppgåve 1	Om tematikk	1	-
Oppgåve 3	Om symbolikk	2	-
Oppgåve 4	Om løgn og masker	10	Tekst C1 karakter 3+, C3 karakter 5
Oppgåve 5	Om speglar og identitet	2	-
Oppgåve 6	Om komposisjon	2	Tekst C4, karakter 6
Oppgåve 7	Om hovudpersonens forhold til andre	4	Tekst C2, karakter 4
<b>Totalt 21</b>	<b>Fordjupingsoppgåve, litterær analyse</b>	<b>21</b>	<b>4</b>

Tabell 7. Oversikt over oppgåver og utvalde tekstar ved skule C.

Også ved skule C er det valt ut fire tekstar, frå tre ulike oppgåver. Elevane kunne velja mellom ulike oppgåver ut frå ei lesing av romanen *Maskeblomstfamilien* av Lars Saabye Christensen. Oppgåve 4 var den mest brukte, medan ingen elevar skreiv oppgåve 2 om intertekstualitet. Fordjupingsoppgåva blei vurdert i første termin, men skulle også telja ved fastsetjing av standpunktkarakter. Det blei også gitt karakter i norsk munnleg i samband med prosjektet, noko som forsterkar det summative aspektet. Læreplanen i norsk seier at eleven skal «gjennomføre ei sjølvvalt og utforskande fordjupingsoppgåve med språkleg, litterært eller anna norskfagleg



emne, og velje kommunikasjonsverktøy ut frå faglege behov» (Udir 2013). Infoskrivet ved skule C forklarar kvifor fordjupingsoppgåva blei gjennomført ved at elevane analyserte same roman. Her blir det blant anna vist til at læraren kjenner romanen godt, og at det er lettare å halda fokus når alle arbeider med den same teksten, i skuletida. Oppgåvene seier også noko om omfanget på teksten elevane skal skriva, om lengda på delane og om rekkefølga på delane.

Det er verd å merka seg punkta som seier kva som kjenneteiknar gode skrivarar. Her heiter det mellom anna at dei har et tydeleg skilje mellom stemmene i teksten, at dei viser faglege omgrep, brukar primærtekstane, viser refleksjon, varierer setningar og ord, viser fagkunnskap og svarar på problemstillinga. Det første punktet kan koplant til det kommunikative elementet i skrivinga, og er ei av dei få gongene dette blir omtala i oppgåvene i denne studien. Oppgåvene kan også knytast til omgrepet innramma oppgåver, som gir utfyllande informasjon om skrivinga (Otnes 2015:20). Omgrepet modellering kan også setjast i samband med skrivesituasjonen. I prosessen fram mot skrivinga, har elevane lest romanen og arbeidd med ulike oppgåver. Dei har også brukt førskrivingsstrategiar som sokratiske sirkel og oppgåver i par eller grupper. Dette kan ha påverka motivasjonen og skrivekompetansen til elevane. I infoskrivet blei det opplyst om at ville bli delt ut eit tekstutdrag som elevane skulle ta utgangspunkt i. Læraren har opplyst at dette ikkje blei gjort, og at elevane kunne ta utgangspunkt i dei sidene dei ønskte. Eit tekstutdrag kunne gitt elevane eit konkret utgangspunkt å skriva ut frå, men oppgåva gav noko større fridom, sidan elevane sjølv kunne velja kva tekstar dei ville omtala.

#### 4.1.4 Oppsummering

Dei fleste av oppgåvene er tradisjonelle oppgåver i vidaregåande skule, der verdimodellen og kulturarvmodellen legg føringar for utforminga (Berge 2005:43). Også skriftleg eksamen og wash-back-effekten ser ut til å vera viktig. Ruqaiya Hasan innførte omgrepet kontekstuell konfigurasjon, som omfattar felt, relasjon og mediering (Maagerø 2005:56). Den kontekstuelle konfigurasjonen gir føringar for spesifikke val som styrer kommunikasjonen, og i samband med skrivesituasjonane i denne studien kan den kontekstuelle konfigurasjonen formulerast slik: «Elevar på siste året på vidaregåande prøver å formulera meiningsfulle utsegn om tekstar». Register er eit semantisk omgrep som knyter seg til ein spesiell form for felt, relasjon eller mediering. Analysen av elevtekstane vil seia noko om registeret er opent, som har plass til individualitet og kreativitet, eller om det er lukka, der elevane har få val når det kjem til ulike uttrykksmåtar.

## 5.0 Analyse av elevtekstar

*I dette kapittelet blir tekstane i intensivutvalet analysert. Tekstane blir presentert samla frå dei tre skulane i stigande rekkefølge, først tekstar som fekk karakter 3, så dei som fekk karakter 4, tekstar med 5, og til slutt tekstar med karakter 6. Til slutt vil tekstar med ulik karakter bli samanlikna. Formålet er å undersøkje kvalitetsskilnader mellom tekstane.*

### 5.1 Tre tekstar på tretalet

I denne delen blir tekstane som har fått karakter 3 og mellom 3 og 4 analysert, ein frå kva skule. Tekstane er å finna som vedlegg til oppgåva. Som tabellen viser er det skilnad både i teksttype, skrivesituasjon og tekstlengd.

Skule / tekst	A1 – Kvinnerevolusjonen	B1 – Unge mennesker får en vanskelig fremtid	C1 – Hvordan Adrian startet og brukte maskespillet sitt og hvorfor
Karakter	3 / 4	3	3+
Type tekst	Fagartikkel	Retorisk analyse	Skjønnlitterær analyse
Skrivesituasjon	Fem timar skriveøkt på skulen med hjelpemiddel.	Fem timar skriveøkt på skulen utan hjelpemiddel.	Fordjupingsemnet. Arbeid i grupper og individuelt, på skulen og heime.
Talet på ord	777	740	1321

Tabell 8. Tekstar som har fått karakterar mellom 3 og 4.

Målet med analysane er ikkje å utfordra vurderinga som læraren har gitt, men å prøva å peika på karaktarskiljande trekk i tekstane. Ei analytisk tilnærming til tekst peiker på både styrkjer og svakheiter, på forbetningspunkt og det som fungerer. Ikkje alle sider ved tekstane blir trekt fram, men målet er å peika på trekk på både kvalitet og forbetningspunkt i tekstane.

#### 5.1.1 Tekst A1 – kunnskap om realisme

Tekst A1 fekk karakter 3/4, noko som indikerer at det er ein tekst i grensesjiktet mellom nokså god og god. Eleven knyter den realistiske tradisjonen til eit kvinneperspektiv, som overskrifta «Kvinnerevolusjonen» peikar på. Dersom ein brukar dei nye kriteria som er framkome i del 2.2.5, er kommunikasjon det første vurderingskriteriet. Både i overskrifta og innleiinga posisjonerer eleven seg med truverd og engasjement. Overskrifta «Kvinnerevolusjonen» tyder på at eleven har gjort eit tematisk val for kva teksten skal handla om, og indikerer ein annan skriveposisjon og motivasjon for skrivinga enn til dømes ei overskrift som «Oppgåve 1». Å vera medviten om kommunikasjonen frå starten av viser at ein er klar over at teksten har eit

kommunikativt føremål. Sidsel M. Skjelten seier at talaren ved å visa autoritet og framtoning gjennom logos byggjer opp truverd det sitt (Skjelten 2013:167). Å visa truverd gjennom epistemisk kunnskap er ei skrivarrolle som høver til den skrivehandlinga som oppgåva ber om. Ved å gå direkte på saka i innleiinga, posisjonierer eleven seg med kunnskap, autoritet og engasjement. Innleiinga er slik:

Litteraturen på 1850-1890 hadde funksjon til både å underholde oss og få oss til å reflektere over mennesket og hvordan vi skal leve som et samfunn. Den litteraturen som var i dette tidsrommet hadde som mål for å endre på samfunnet og få endre holdninger en hadde til samfunnet. Forfatterne på denne tiden hadde som mål å skrive tekster og sette et kritisk søkelys på samfunnet. Den kritiske realismen som var på rundt 1870-tallet var en samfunnskritisk dikting og forfatterne skrev om det virkelige samfunnsmønsteret og la det fram på en måte slik menneskene skulle tenke over hvordan en ville leve og hvordan mønsteret var. Det var på tide med en forandring. Her var det to forfattere som var veldig sentrale og det er Henrik Ibsen, Camilla Collet og Amalie Skram. «Et Dukkehjem», «Amtmandens Døttre» og «Karens Jul» står sentralt i denne perioden. (Linje 1 – 7, første avsnitt)

Her går eleven rett på og tematiserer sentrale delar av det oppgåva etterspør. Ei innleiing som ikkje er uvanleg, der eleven fortel kva han eller ho skal skriva om i teksten, ved til dømes å repetera oppgåveformuleringa, utan å gå direkte inn problemstillinga, kan seiast å liggja på eit lågare nivå. Ein legg ein også merke til at det er variasjon i setningslengda, og at det ved setning 5 skjer eit brot i rytmen: «Det var på tide med en forandring.» Dersom teksten skal røra lesaren, kan det skje gjennom språkleg flyt og variasjon (Skjelten 2013:215). Rytmen som her blir skapt ved å variera setningslengda, og stoppa opp ved nett dette poenget, handlar om kommunikasjon og om å posisjonera seg i teksten. Også i avslutninga brukar eleven posisjonar som styrkjer det kommunikative aspektet. Ved å knyta teksten opp mot dagens samfunn, og trekkja fram den tydinga litteraturen i det moderne gjennom brot spelte, blir omgrepet «appraisal» aktuelt.


Realistene ønsket å bryte det mønsteret som de så og kanskje ikke de andre menneskene så på denne tiden. De ønsket at begge kjønn skulle vær likestilt, født med samme rettigheter som alle andre. Her er den objektive fornuften dominant. Mye av det gamle kjønnsrollemønsteret sitter fortsatt igjen den dagen i dag, og det blir skrevet mye om endringer som det fortsatt er rom for å forandre. Kvinner og menn er langt mer likestilt i dag enn det så var før, men noe sitter fortsatt igjen den dag i dag. Disse forfatterne som skrev i den kritiske realismen har satt preg på det nye samfunnet, og har spilt en stor faktor på utviklingen. Amalie Skram, Henrik Ibsen og Camilla Collet er revolusjonærer for det samfunnet som vi lever i dag. (Linje 31 – 37)

Appraisal kjem blant anna fram gjennom evalueringar som bidrar til å tematisera forteljninga, og setja lyd på det sentrale. Tematiseringar er ein av dei ressursane ein skriar har til rådvelde for å visa engasjement og stemme i teksten (Skjelten 2013:209). Å visa fram kva innverknad litteraturen hadde for samfunnet i dag kan knytast til både engasjement og epistemisk kunnskap,

og viser dessutan refleksjon. Evaluering og verdsetjing kjem også fram i fjerde avsnitt, der det heiter i linje 23 og 24 at: «Det gjaldt alle kvinner på denne tiden, der(s)om de ble utsatt for noe som endret livet deres ble de satt i elendighet og urettferdighet i samfunnet. Der budskapet er at vi ikke må overse de som har det vanskelig og er i nød, men hjelpe våre medmennesker til et bedre liv.» Sitatet viser ei evne til refleksjon om den aktuelle teksten, og set den inn i ein allmenn kontekst. Lengda på teksten spelar også inn på skrivarens posisjon og truverd. Skjelten seier at manglande underbygging og utdjuping gjer at lesaren blir tvilande til skrivarens kompetanse (ibid.:194). Teksten er relativt kort, og sjølv om det blir tatt opp relevante element i teksten, kan det seiast at hovuddelen ikkje underbyggjer innhaldselementa på ein god måte.

Dette tek oss over i hovudområdet innhald og fagleg kunnskap. Døma frå innleiinga og avslutninga viser fram det sentrale i det oppgåva spør etter. I linje 2 heiter det at litteraturen i dette tidsrommet «(...) hadde som mål å endre på samfunnet og få endre holdninger en hadde til samfunnet». I teksten er det også vist døme på forståing av nokre hovudtrekk ved historiske forhold, som i linje 10: «Kvinnemønsteret på dette tiden var at de skulle være hjemme og passe huset, sørge for en god oppdragelse av barna, og ikke være i jobb». I teksten er det også brukt faglege omgrep, om enn med noko varierende presisjon. Dette gjeld omgrep som «kritiske realismen», «samfunnskritisk», «tendensroman», «mannsdominert», «kjønnsrollemønster», men også meir upresist «kvinnemønsteret». Ei sentral innvending mot teksten kan vera at kunnskapen om tematikken i «Et dukkehjem» eller «Karens jul» er presentert med varierende grad av truverd. Det er også logiske brot i innleiinga, der eleven skriv at det var to forfattarar som var sentrale, og deretter nemner tre namn. Eleven viser til kjelder, og alle desse kan seiast å vera relevante. Læreboka i faget er ikkje nemnt, men det er ikkje eit krav.

Manglande underbygging av tematikken i tekstane som er trekt fram, kan også knytast til kriteriet tekststruktur. I innleiinga og avslutninga er det nemnt tre forfattar og verk, men berre to av desse blir omtala. Omtalen av «Et dukkehjem» kjem også i to avsnitt, før og etter omtalen av «Karens jul»:



Figur 5. Trestruktur, tekst A1.

Strukturen påverkar innhaldet og truverdet i teksten. Førskrivingsstrategiar som tankekart kan gjera eleven meir merksam på dei elementa som teksten burde ha med. Som tidlegare nemnt brukar eleven noko fagspråk, men det varierer i kva grad orda er henta frå eleven sin primær- eller sekundærdiskurs. Faglege omgrep som «kritisk realisme» og «kjønnsrollemønster» er nemnt, og også uttrykk som «dominant», «dobbelmoral» og «satt preg på» kan knytast til sekundærdiskursen. Val av språk og stil kan vera eit viktig skilje på kvalitet, som formulerer skilnader mellom munnleg og skriftleg språk (Maagerø 2005:55):

Munnleg språk	Skriftleg språk
<ul style="list-style-type: none"> <li>- organisert etter turtaking</li> <li>- kontekstavhengig</li> <li>- dynamisk struktur</li> <li>- interaktiv oppdeling</li> <li>- utan markert slutt</li> <li>- språklege uttrykk for spontanitet (ny start, nøling, avbrytingar, overlappingar, ufullstendige setningar</li> <li>- kvardagsleg ordforråd (dialektbruk)</li> <li>- variert grammatikk</li> <li>- grammatisk kompleksitet (lange setningar og mange innskot)</li> <li>- mindre leksikalsk tettheit (informasjonen spreidd utover)</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- meir monologisk orientert</li> <li>- mindre kontekstavhengig</li> <li>- synoptisk struktur, meir samantrengt eller overskodeleg</li> <li>- tilrettelagt og gjennomtenkt oppdeling</li> <li>- markert slutt</li> <li>- teksten er redigert (tidlegare utkast er borte)</li> <li>- «prestisjefylt» ordforråd (høgstil eller fagspråk)</li> <li>- standardisert grammatikk</li> <li>- grammatisk enkle setningar</li> <li>- leksikalsk tettheit (informasjonen er pakka saman)</li> </ul>

Tabell 9. Munnleg og skriftleg språk. Språklege konsekvensar av mediering.

Å vera medviten på ulike stilnivå og ordval påverkar framstillinga og truverdet. Elevar som brukar eit munnleg språk, men som har god forståing av eigen læreprosess, kan endra stilnivået i teksten dersom dei blir gjort merksame på desse skilnadene. Ord frå primærdiskursen kan også vera eit teikn på engasjement for teksten som blir omtala, som i linje 27 «(...) der damer enten er verdt nærme null eller som et trofe for mennene», eller linje 29, der det heiter at Nora tar opp eit lån «(...) og det går greit helt til mannen for å vite om det». Det munnlege preget kan sjåast på som ein mangel, men også som eit uttrykk for ei stemme hjå avsendaren. Engasjementet kan tolkast som eit teikn på tekstforståing, som gir eit godt utgangspunkt for vidare skriving. Eleven inntar både delvis gode, nokså gode og gode skivarposisjonar. Innleiinga og avslutninga fungerer betre enn sjølve hovuddelen, der kunnskapen ikkje er på eit godt nivå. Om kunnskapen er berre delvis god, vil avhenga av skjønnnet til den som vurderer. Det er vist prov på noko forståing av tekstane, men denne kunne vore betre. Eleven har brukt kjelder, og dei er relevante. Tekststrukturen viser manglar, og den bidrar til at innhaldet ikkje blir godt. Språket og rettskrivinga varierer, men språket har klare manglar.

Feit skrift i skjemaet markerer korleis teksten kan plasserast:

	1	Noko/delvis (2)	Nokså god/god (3-4)	Svært god/framstående (5-6)
<b>Kommunikasjon</b> Engasjement og rytme		Inntar skivarposisjonar på ein delvis god måte. Kan venda seg til lesaren på delvis relevante måtar.	Inntar nokså gode/gode skivarposisjonar og kan venda seg til lesaren på relevante måtar.	Inntar svært relevante skivarposisjonar og vender seg til lesaren på ein svært god/framstående måte.
<b>Innhald og fagleg kunnskap</b> Innhaldet er relevant og utdjupa  Argumentasjon og refleksjon  Tekstforståing og bruk av kjelder.		Kan delvis tilpassa mengda av innhald til det teksten handlar om. Argumenterer på ein delvis god måte. Viser svært god evne til refleksjon. <b>Viser delvis god forståing av aktuelle tekstar.</b> Brukar kjelder på ein delvis god måte.	<b>Kan tilpassa mengda av innhald til det teksten handlar om på ein nokså god/god måte.</b> <b>Argumenterer på ein nokså god/god måte.</b> <b>Viser nokså god/god evne til refleksjon.</b> Viser nokså god/god forståing av aktuelle tekstar. <b>Brukar kjelder på ein nokså god/god måte.</b>	Kan tilpassa mengda av innhald til det teksten handlar om på ein svært god/framstående måte. Argumenterer og resonnerer klart og presist. Viser svært god evne til refleksjon. Viser svært god/framstående forståing av aktuelle tekstar. Brukar kjelder på ein svært god/framstående måte.
<b>Tekststruktur</b> Overordna komposisjon, samanheng i teksten		Meistrar relevante komposisjonsprinsipp på ein delvis god måte. Meistrar avsnittsinndeling på ein delvis god måte. <b>Brukar delvis varierte koplingsmarkørar for å uttrykkja samanheng i teksten.</b>	<b>Meistrar relevante komposisjonsprinsipp på ein nokså god/god måte.</b> <b>Meistrar avsnittsinndeling på ein nokså god/god måte.</b> <b>Brukar varierte koplingsmarkørar for å uttrykkja samanheng i teksten.</b>	Meistrar relevante komposisjonsprinsipp på ein svært god/framstående måte Meistrar avsnittsinndeling på ein svært god måte. Brukar delvis varierte koplingsmarkørar for å uttrykkja samanheng i teksten.
<b>Språkbruk</b> Ordval, setningsoppbygging og stil		Brukar delvis varierte setningskonstruksjonar. <b>Har delvis formålstenleg fagspråk.</b>	<b>Brukar nokre varierte/varierte setningskonstruksjonar.</b> Har formålstenleg fagspråk.	Brukar varierte og avanserte setningskonstruksjonar. Har formålstenleg og presist fagspråk.
<b>Rettskriving og formverk</b>		Meistrar rettskriving, formverk og teiknsetjing på ein delvis god måte	<b>Meistrar rettskriving, formverk og teiknsetjing på ein nokså god/god måte</b>	Meistrar rettskriving, formverk og teiknsetjing på ein svært god måte
<b>Samla vurdering</b>		Samla sett viser elevsvaret låg kompetanse	<b>Samla sett viser elevsvaret nokså god/god kompetanse</b>	Samla sett viser elevsvaret svært god/framstående kompetanse

Tabell 10. Vurdering av tekst A1, som fekk karakter 3/4.

Vurderingsskjemaet over kan vera til støtte både ved formativ og summativ vurdering. I tillegg til å bruka skjemaet kan det vera naudsynt å fylla ut informasjonen med munnleg respons.


### 5.1.2 Tekst B1 – brukar skriveramma

Tekst B1 fekk karakter 3 og er på 740 ord. Den er svar på oppgåve 2, ei analyse av artikkelen «Fremtiden? Den står i kø hos NAV». Teksten vender seg ikkje i like sterk grad til lesaren som tekst A1, men eleven brukar appraisal i avslutninga, i form av verdsetjing og bedømming:

Omdal lykkes med budskapet i denne kommentaren i Aftenbladet få folket til å åpne øynene for realiteten og endre den veien vi nå går fram mot. Han får fram verdiene i felleskapet som nå blir erstattet og skaper et nytt perspektiv på fremtiden og industrialiseringen. (Avsnitt 7, linje 28 og 29)

Ein måte å invitara lesaren inn i teksten er å inkludera henne, gjennom eit «du», «vi» eller «oss» (Skjelten 2013:230). I linje 22 skriv eleven at «Patos-apellen er sterkt til stede i kommentaren når vi ser samspillet mellom bilde og tekst.» I linje 4 blir eit upersonleg «vi» brukt i staden for «eg», når det heiter at «Slik som vi skal analysere (...)». Her kan lesing av modelltekstar med eit «vi» som representerer stemma i teksten ha spelt inn. I linje 11 brukar eleven «man», men posisjonen er den same som i det siste dømet. Innanfor SFL brukar ein omgrepet heterogloss om å bruka ulike stemmer i teksten, i motsetnad til ei monogloss stemme, som til dømes eit gjennomgåande «eg» (Skjelten 2013:105). Veksling i stemmer i teksten kan sjåast på som eit ynskje om variasjon, og om at eleven prøver ut korleis ulike stemmer kan etablerast i teksten. Prøvinga kan sjåast på som ei svakheit, men viser samstundes at eleven er merksam på at teksten skal kommunisera. Dette medvitet kan vera eit godt utgangspunkt for ei formativ vurdering. Undervisninga kan her ta for seg eit viktig aspekt ved kommunikasjonen, og viser at det er gode grunnar for å retta merksemda mot det kommunikative ved tekstar.

Det å skriva fagtekst er ei prøve i kunnskap. Også denne teksten viser noko varierende kunnskap om det sentrale innhaldet som oppgåva spør etter, retorikk. Rett nok er det ei forklaring av kairos, og målgruppa blir omtala på ein relativt god måte. Døma på patos kan vera relevante, og det er interessant at det skjer ei kopling mellom patos og det nasjonale. Logos-appellen og drøftinga opp mot truverdet er kort, og truverdet til avsendaren blir ikkje drøfta. Teksten viser størst kunnskap om målgruppe og utforming. Når det gjeld tekstforståinga kan det innvendast at teksten i for liten grad omtalar og analyserer innhaldet i teksten. Lengda på teksten påverkar både innhald og struktur. Teksten har sju avsnitt, og kan stillast opp slik:



Figur 6. Makrostruktur tekst B1.

Skriveramma som er gitt strukturere i stor grad teksten, og gir klare føringar for innhaldet. Skriveramma er strukturert etter fire område: 1) Den retoriske situasjonen, 2) Teksten si

oppbygging, 3) Analyse av tekstens evne til å overtyda og 4) Vurdering. I desse fire områda er det spørsmål som kulepunkter. Dei tre spørsmåla under område 1, er «Hvilket problem forsøker teksten å løse?», «Hvem er mottakerne? Hvem er det særlig viktig at vi når med teksten? Hvordan virker omgivelsene og situasjonen teksten presenteres for i utformingen av teksten?». I teksten fylgjer eleven denne skriveramma, og svarer på spørsmåla som er stilt i kvar del. At skriveramma her har funksjon av utfylling av spørsmål, viser at den kan gi for klare føringar for innhaldet i teksten. Den fungerer som stillas, men skaper også ei ramme for kva teksten ikkje kan ta opp. I den siste delen om vurdering, blir det til dømes ikkje peika på andre moglegheiter for refleksjon rundt innhaldet. Skriveramma kan dermed virka begrensande på den skrivekompetansen eleven viser og leggja for klare føringar for innhaldet. På den andre sida har eleven noko å skriva om, ut frå dei spørsmåla som er stilt. Anne Håland peikar på at det er viktig å tenkja over kvifor ein brukar skriverammer (Håland 2016:120). Her kan det sjå ut til at skriveramma er gitt som stillas for å hjelpa skrivninga i gang, men samstundes tar den ikkje med den sida av oppgåva som legg opp til refleksjon. Håland skriv og at skriverammer ikkje er utfyllingsoppgåver, men slik denne ramme er brukt er det dette som skjer. Ei forklaring på dette kan vera at både fagstoffet og skrivemåten er ukjend for elevane. Å skriva fagartiklar og analysar skil seg frå mykje av skrivninga på grunnskulen, der mykje av skrivninga dreiar seg om skrivning av kreative tekstar, og der skrivehandlinga er forteljande og ikkje beskrivande utforskande, slik denne oppgåva legg opp til (Berge 2005:188).

Innhaldet i teksten er påverka av skriveramma og spørsmåla som er stilt der, og det gjer at eleven kan formulera stort sett meiningsfull setningar og skapa innhald. Teksten viser at tekstforståinga og kunnskapen om retoriske omgrep varierer. Eit døme på at appellforma patos kan setjast inn i ein god samanheng kjem i linje 18: «Siden dette er et tema som rammer unge mennesker og senere barn, vil foreldre få en følelse av ansvar og medlidenhet, da vil patos appellen her spille en stor rolle.» Sjølv om dømet viser at formuleringsevna og teiknsetjinga er ustø, viser det også at eleven kan bruka i allefall dette omgrepet. I teksten er det også brukt faglege omgrep som «appellere», «budskapet», «mottakergruppe», «gjentakelser» og «sammenlignet». Teksten har få konkrete skrivefeil, men uklare formuleringane svekkjer truverdet. Med meir merksemd på framstillinga – og ved å skriva meir om det oppgåva spør om – vil karakteren 4, eller kanskje betre, vera innan rekkevidde. Teksten kan plasserast slik:



	1	Noko/delvis (2)	Nokså god/god (3-4)	Svært god/framstående (5-6)
<b>Kommunikasjon</b> Engasjement og rytme		Brukar skriarposisjonar på ein delvis god måte. Kan venda seg til lesaren på delvis relevante måtar	Brukar nokså gode/gode skriarposisjonar og kan venda seg til lesaren på relevante måtar.	Brukar svært relevante skriarposisjonar og vender seg til lesaren på ein svært god/framstående måte
<b>Innhald og fagleg kunnskap</b> Innhaldet er relevant og utdjupa  Argumentasjon og refleksjon  Tekstforståing og bruk av kjelder.		Kan delvis tilpassa mengda av innhald til det teksten handlar om. <b>Argumenterer på ein delvis god måte.</b> Viser svært god evne til refleksjon. Viser delvis god forståing av aktuelle tekstar. Brukar kjelder på ein delvis god måte.	<b>Kan tilpassa mengda av innhald til det teksten handlar om på ein nokså god/god måte.</b> Argumenterer på ein nokså god/god måte. <b>Viser nokså god/god evne til refleksjon.</b> <b>Viser nokså god/god forståing av aktuelle tekstar.</b> <b>Brukar kjelder på ein nokså god/god måte.</b>	Kan tilpassa mengda av innhald til det teksten handlar om på ein svært god/framstående måte. Argumenterer og resonnerer klart og presist. Viser svært god evne til refleksjon. Viser svært god/framstående forståing av aktuelle tekstar. Brukar kjelder på ein svært god/framstående måte.
<b>Tekststruktur</b> Overordna komposisjon, samanheng i teksten		Meistrar relevante komposisjonsprinsipp på ein delvis god måte. Meistrar avsnittsinndeling på ein delvis god måte. Brukar delvis varierte koplingsmarkørar for å uttrykkja samanheng i teksten.	<b>Meistrar relevante komposisjonsprinsipp på ein nokså god/god måte.</b> <b>Meistrar avsnittsinndeling på ein nokså god/god måte.</b> <b>Brukar varierte koplingsmarkørar for å uttrykkja samanheng i teksten.</b>	Meistrar relevante komposisjonsprinsipp på ein svært god/framstående måte Meistrar avsnittsinndeling på ein svært god måte. Brukar delvis varierte koplingsmarkørar for å uttrykkja samanheng i teksten.
<b>Språkbruk</b> Ordval, setningsoppbygging og stil		Brukar delvis varierte setningskonstruksjonar. Har delvis formålstenleg fagspråk.	<b>Brukar nokre varierte/varierte setningskonstruksjonar.</b> <b>Har formålstenleg fagspråk.</b>	Brukar varierte og avanserte setningskonstruksjonar. Har formålstenleg og presist fagspråk.
<b>Rettskriving og formverk</b>		Meistrar rettskriving, formverk og teiknsetjing på ein delvis god måte	<b>Meistrar rettskriving, formverk og teiknsetjing på ein nokså god/god måte</b>	Meistrar rettskriving, formverk og teiknsetjing på ein svært god måte
<b>Samla vurdering</b>		Samla sett viser elevsvaret låg kompetanse.	<b>Samla sett viser elevsvaret nokså god/god kompetanse.</b>	Samla sett viser elevsvaret svært god/framstående kompetanse.

Tabell 11. Vurderingsskjema tekst B1.

Dei to tekstane som til no er analysert underkommuniserer. Å skriva kort blir trekt fram i KAL som noko som samsvarar systematisk med karakter, uansett kva oppgåve, sjanger og skrivemåte elevane vel (Vagle 2005:375), men at dette forsterkar seg ved resonnerande tekstar. Dei lengste tekstane får best karakter fordi dei viser større breidd i kunnskap og er betre organisert (ibid.:376). Ved å skriva meir om det oppgåva spør om, ville eleven vist meir kunnskap, noko som er sentralt i presentasjonstekstar.

### 5.1.3 Tekst C1 – sterkt til stades

Tekst C1 fekk karakteren 3+ og er på 1321 ord. Teksten har eit anna omfang, og dermed ein god del meir innhald enn dei to andre tekstane på tretalet. Dette kan blant anna knytast til ulikskapar i skrivesituasjonen. I oppgåva ved skule C blir det dessutan stilt krav om tekstlengd, der det heiter at teksten skal vera på mellom 1200 og 2000 ord.

Modalitet er ein språkressurs som høyrer til den mellompersonlege metafunksjonen i SFL. Det er ein semantisk kategori som handlar om tilhøvet mellom den som ytrar seg og innhaldet (Skjelten 2013:171). Ved å sjå på hovudområdet kommunikasjon legg ein merke til at eleven allereie i starten viser haldningar ved hjelp av å verdsetja og bedømme (Skjelten 2013:210):


Maskeblomstfamilien, Lars Saabye Christensens kronologiske kaos og retrospektive mesterverk. Romanen som får lesaren til tenkte seg om og undre. Et kaotisk mesterverk som kreves flere synsvinkler og teorier. Romanen tar for seg livet til hovedpersonen vår. (Linje 1-4, tekst C1)

Engasjementet som her kjem fram kan vera positivt, men som med andre verkemiddel gjeld det å finna eit passeleg nivå for å vera truverdig. Gradering er ein språkressurs, og her er fokus og styrke to funksjonar (Skjelten 2013:214). Haldninga avsendaren tar kan virka i overkant sjølvstikker og sterk, og ei meir forsiktig tilnærming ville truleg gjort teksten meir truverdig (ibid.:204). Ved å bruka pronomenet «vår» signaliserer eleven at det er eit fellesskap med lesaren. Dette gir meining, sidan læraren er primærlesaren. Det er interessant at eleven brukar denne posisjonen, og det kan tolkast med velvilje av læraren. Den sterke, og til dels munnlege, framstillinga kan tyda på at eleven opplever medieringa som uformell, meir enn formell. Dette kan ha samanheng med at relasjonen til læraren er prega av intimitet, noko som på mange måtar stemmer med både tilhøvet som lærar og som mottakar av teksten. Graden av formalitet vil ha språklege følgjer. I ein uformell situasjon kjem haldningane til avsendaren fram i større grad, medan ein i ein meir formell situasjon gjerne held kjenslene meir tilbake (Maagerø 2005). Skrivesituasjonane kan i denne samanhengen forståast som formell, det er ein formell vurderingssituasjon. Dersom eleven blir merksam på dette at stilnivået bør balanserast, kan det føra til andre språklege val av stil. Eleven brukar også spørsmål medvite gjennomgåande for å venda seg til lesaren, både i innleiinga og undervegs. Å stilla spørsmål er ein måte å invitera lesaren inn i teksten, og viser at ein er medviten om kommunikasjonsnivå i teksten. Det viser både engasjement og vilje til å utforska og reflektera, og kan slik sett knytast direkte til læremålet om fordjupingsemnet, der det heiter at eleven skal gjennomføra ei sjølvvalt og utforskande fordjupingsoppgåve.

I teksten brukar eleven sitat for å svara på problemstillinga og visa tekstforståing. Ved å starta med sitat og deretter kommentera dei, viser eleven forståing for teksten: ««Du er kanskje søsteren hans? Jeg nikker.» (s. 283). I stedenfor å forklare at han er Adrian og hvorfor han er kledd i dames finklær gjør han det enklere for seg selv og går med på løggen.» I dømet frå linje 29 til 30 tar eleven opp det sentrale teksten tar opp, tematikken masker og løgn. Cecilie Terese

Gjerland legg i masteroppgåva si om romanen vekt på maska som metafor for det å skjula noko. Forteljaren utelet viktig informasjon og kjem med alternative handlingsforløp. Gjennom at maskene fell, greier hovudpersonen, Adrian, å forsona seg med si eiga fortid (Gjerland 2010:49). Tekstforståing kan gjennomgåande seiast å vera på eit godt nivå. God tekstforståing påverkar også det kommunikative aspektet, ved at skribenten blir meir truverdig. Det epistemiske kunnskapsnivået styrkjer avsendarens truverd (Skjelten 2013:170).

Strukturen i teksten støttar nokså godt opp om kunnskapen som blir vist. Avsnittsstrukturen varierer. Innleiinga har uklar struktur, medan linje 51 – 59 har betre struktur. Heller ikkje i denne teksten er det mange skrivefeil, men det er ein del feil i teiknsetjinga. Det er vist til kjelder undervegs, for det meste primært teksten. Strukturen og ein del av formuleringane peikar mot nokså godt, karakter 3, medan tekstforståing og delvis nærværet i teksten kan peika mot ein betre karakter. Figuren under viser at teksten har ein nokså god, til god makrostruktur.



Figur 4. Avsnittsstruktur tekst C1.

Som me seinare skal sjå er det ikkje same kvalitet på tekst C1 som dei andre utvalstekstane ved skulen, men det er likevel ein viss kvalitetsskilnad dersom ein samanliknar med tekstane som har fått karakter på tretalet ved skule A og B. Motivasjonen og måten eleven er engasjert i teksten kan vera eit godt utgangspunkt ved ei formativ vurdering. Å endra på stil og struktur er kanskje enklare enn å skapa motivasjon og engasjement for å skrivingsa? Tekstlengda kan knytast til forventningar i oppgåva om tekstlengd, men det viser seg at tekstlengd ikkje er nok åleine. Når eleven hamnar på middels kan det koplast til at andre elevar i klassen har kanskje skrive tekstar med same lengd, men med betre avsnittsstruktur og innhald. Her kjem skrivekulturen i klassen inn som eit moment, saman med læraren sitt faglege skjøn.

#### 5.1.4 Trearane – variasjon i posisjon og tekstlengd

Sjølv om det er store ulikskapar mellom skrivesituasjonane og lengda på tekstane, er det likevel likskapar. Alle dei tre tekstane som fekk karakter som starta på 3 er presentasjonstekstar om sentrale delar av lærestoffet på vg3. Tekstane er av ulik lengd, og dette kan sjåast i samband med forskjellar i skrivesituasjonen. Ei oversikt over tekstane på tretalet kan sjå slik ut:

<b>Samanlikning av tekstar med karakter 3.</b>	<b>Tekst A1.</b> <i>Kvinnerevolusjonen</i> <b>Karakter 3/4</b>	<b>Tekst B1. – Unge mennesker</b> <i>får en vanskelig fremtid.</i> <b>Karakter 3</b>	<b>Tekst C1. - Hvordan Adrian</b> <i>startet og bruke maskespillet</i> <i>sitt og hvorfor.</i> <b>Karakter 3+</b>
<b>Kommunikasjon</b> Engasjement og rytme	Vender seg til lesaren på ulike måtar, delvis vellukka.	Brukar nokså gode/gode skivarposisjonar og kan venda seg til lesaren på relevante måtar.	Er i overkant engasjert i delar av teksten. Viser kunnskap, noko som virkar positivt på lesaren.
<b>Innhald og fagleg kunnskap</b> Innhaldet er relevant og utdjupa Argumentasjon og refleksjon Tekstforståing og bruk av kjelder.	Har kunnskap om litteraturhistorie og tekstar. Ordval og framstilling går utover argumentasjonen som blir vist. Har kjennskap til tekstar.	Viser kunnskap om føremål og verkemiddel i tekst. Manglar i framstillinga av retoriske appellformer viser noko manglande tekstforståing. Dette hemmar argumentasjonen og bruk av kjelder.	Skriv ein relativt omfattande tekst og har med fleire relevante moment. Viser god forståing og svarer på oppgåva. Viser evne til refleksjon, men argumenta kjem ikkje alltid like godt fram. Har vist til berre ei kjelde.
<b>Tekststruktur</b> Overordna komposisjon, samanheng i teksten	Meistrar relevante komposisjonsprinsipp på ein delvis god måte. Meistrar avsnittsinndeling på ein delvis god måte. Brukar delvis varierte koplingsmarkørar for å uttrykkja samanheng i teksten.	Har innleiing, hovuddel og avslutning, men hovuddelen er kort og viser ikkje god kunnskap. Meistrar avsnittsinndeling på ein delvis god måte. Brukar nokre varierte koplingsmarkørar for å uttrykkja samanheng i teksten.	Har nokre gode avsnitt, men uklar makrostruktur. Meistrar relevante komposisjonsprinsipp på ein delvis god måte. Meistrar avsnittsinndeling på ein nokså god/ god måte. Brukar varierte koplingsmarkørar for å uttrykkja samanheng i teksten.
<b>Språkbruk</b> Ordval, setningsoppbygging og stil	Har munnleg framstilling kombinert med avsnitt med meir fagleg språk.	Brukar nokre faglege omgrep, men har innslag frå primærdiskurs.	Brukar faglege omgrep. Setningane er delvis ugrammatiske og det går tidvis utover lesinga.
<b>Rettskriving og formverk</b>	Meistrar rettskriving og formverk stort sett, men noko dialekt og feil i teiknsetjing.	Meistrar rettskriving og formverk stort sett, men noko dialekt og feil i teiknsetjing.	Meistrar rettskriving og formverk stort sett bra, men noko feil i teiknsetjing
<b>Samla vurdering</b>	Samla sett viser elevsvaret nokså god til god kompetanse.	Samla sett viser elevsvaret nokså god kompetanse.	Samla sett viser elevsvaret nokså god til god kompetanse.

Tabell 12. Samanlikning av tekstar med karakter 3 eller mellom karakter 3 og 4.

Som det har blitt peika på har fleire av tekstane som har fått karakter 3 eit munnleg språk. Dette kan vera noko av grunnen til at tekstane ikkje når opp mot karakter 4. Sylvi Penne peikar på at nokre elevar veit at dei burde formulera seg annleis, men ikkje korleis. Dei blir hengjande fast i ein primærdiskurs, og denne står i vegen for læring og framgang i faga (Blikstad-Balas 2016:44). Den språklege sosialiseringa elevar har med seg frå heimen spelar ei stor rolle. Skulen må likevel visa elevane over i ein sekundærdiskurs slik at dei kan ha føresetnader for å meistra både norsk og andre fag (ibid.). Språklege faktorar er med å forklara kvifor nokre elevar mestrar møtet med skulen betre enn andre.

## 5.2 Tekstar på firetalet

To tekstar som fekk karakter 4 og ein som fekk 4 / 5 blir analysert her, ein frå kvar skule:

Skule / tekst	A2 – Hva er verst? Fattigdommen eller de rike?	B2 – Vi er Noreg	C2 – Familieforhold
Karakter	4 / 5	4	4
Type tekst	Fagartikkel	Retorisk analyse	Skjønnlitterær analyse
Tal på ord	2400	729	1678

Tabell 13. Oversikt over tekstar som fekk karakter 4 eller mellom karakter 4 og 5.

Tekstane i denne delen viser *god kompetanse* og til dels *svært god kompetanse* ut frå vurderingskriteria ved skriftleg eksamen. Både tekstlengda og tematikken i tekstane er ulik. Kva kvalitetstrekk peikar mot god eller svært god kompetanse i desse tekstane?

### 5.2.1 Tekst A2 – avansert struktur

Tekst A2 er ein omfangsrik tekst på heile 2400 ord og fekk karakteren 4/5, noko som indikerer at den er på veg frå karakter 4 mot karakter 5. Wenche Vagle tar opp tekstlengd som kriterium i studie 10 i «Ungdommers skrivekompetanse», bind 2. Lengda på tekstane varierer mykje i KAL-materialet, og produktivitet har tradisjonelt vore rekna som eit teikn på kvalitet (Vagle 2005:308). Vagle peikar også på at det er skilnad mellom kjønna, og at jenter skriv lengre tekstar enn gutar. Også på vidaregåande har tekstlengd samsvara godt med karaktersettjninga. Tendensen er at desto lengre teksten er, desto betre blir karakteren (ibid.:372). Vagle trekkjer også fram at tekstlengda samsvarar systematisk med karakteren innanfor dei ulike oppgåvene. Dette poenget er også relevant i denne studien, sjølv om tekstane A2 og A3 er unntak. Tekst A3 er kortare, og frå same skule, men har likevel fått betre karakter. Det varierer i kva grad skriveoppgåver definerer kor lang teksten skal vera eller om korleis den skal strukturast. Ved eksamen markerer omgrepet «langsvar» at denne oppgåva bør vera relativt lang, og lengre enn til dømes eit kortsvar på ca. 250 ord. Eksamensrettleiinga seier at det ikkje blir oppgitt i eksamensoppgåvene kor lang teksten skal vera, «fordi det skal sjåast i samanheng med om innhaldet er relevant og om teksten er gjennomarbeidd» (Udir 2017a:3). Uklarheita omkring krav om lengd på teksten kan føra til ein for kort tekst, noko som kan gå ut over innhaldet og den skrivekompetansen eleven viser. Sjølv om denne teksten nærmar seg eit skjeringspunkt for kvalitet med tanke på lengda, er det prov på god kunnskap om emnet. Eleven viser til fleire namn på forfattarar og til litteraturhistoriske epokar, samt kunnskap om motiv og tematikk:

Amalie Skram er en av de mest betydningsfulle norske romanforfatterne. Skram førte videre kritikken om kvinnens levevilkår som Camilla Collett hadde startet. Hun rettet ikke bare blikket mot embetsstanden slik

som Collett. Skram synleggjorde kvinnens situasjon i ekteskap også. I *Karens jul* beskriver hun fattigdom, og hvordan de rike prøver å gjemme problemet og ikke hjelpe. (Linje 67 – 71)

Her er det kunnskap om litteraturhistorie og god tekstforståing. Ord frå sekundærdiskursen som «betydningsfulle», «romanforfatterne», «kritikken», «levevilkår» og «embetsstanden» viser at eleven brukar faglege omgrep på ein god måte. Teksten har ein god del feil i teiknsetjinga, særleg gjeld dette stor bokstav i titlar og bruk av hermeteikn. Avsnittsinndelinga fungerer stort sett på ein god måte. I teksten er det også engasjement og skrivarposisjonen empatikaren, som lever seg inn i tekstane, kjem fram her:

Miljøskildring er noe som er veldig typisk for realismen. Forfatterne prøver å beskrive det så ekte så godt som mulig. Dette er noe som kommer fram i både "Karens jul" og "En god samvittighet". De beskriver miljøet så grotesk og detaljert som det går an. I "Karens jul" beskrives miljøet og plassen detaljert. Du får en følelse av hvordan det ser ut, og det blir nesten ekte. Du ser foran deg den kalde, skitne rønna som hun sitter i. Når Karen dør, blir også det beskrevet drtaljert og groteskt. Man ser foran seg hvordan hun sitter, og hvordan alt så ut. (Linje 109 – 116)

Eleven visualiserer hendingane i teksten, eit kjenneteikn på god lesekompetanse (Roe 2006:76). Dette er eit teikn på engasjement, og eleven uttrykkjer dette med si eigen stemme, og ved å venda seg til eit *du*: «Du ser foran deg den kalde, skitne rønna som hun sitter i.» Det kan her verka som at eleven blir riven inn i forteljinga for ei stund, og at han kjem «tilbake» til eit meir objektiv «man» i linje 17. Det kan sjå ut som at eleven kanskje ikkje er heilt medviten om dei ulike stemmene, men har levd seg inn i og forstått tekstane, noko som også ser ut til å bli honorert i vurderinga. Sjølv om samanhengen innanfor avsnitt og mellom setningar kan bli betre, fungerer den makrostrukturen. Teksten har mange innhaldsmoment og er strukturert som ei samanlikning av novellene *Karens jul* og *En god samvittighet*:

Avsnittsstruktur, tekst A2 (1)	Linje		Avsnittsstruktur, tekst A2 (2)	Linje
Overskrift	–		Fattigdom som tema i <i>Karens jul</i>	103 – 108
Innleiing	1 – 7		Miljøskildring	109 – 123
Moderne gjennombrot	8 – 13		Personskildring i <i>En god samvittighet</i>	124 – 135
Industrialisering og urbanisering	14 – 23		Personskildring i <i>Karens jul</i>	136 – 142
Idear og vitskap	24 – 35		Synsvinkel	143 – 157
Realisme, litterær epoke	36 – 48		Menneskesyn, fritt val	158 – 168
Tema og forfattarar	49 – 52		Ironi i <i>En god samvittighet</i>	169 – 179
Fattigdom som tema	53 – 60		Ironi i <i>Karens jul</i>	180 – 190
Alexander Kielland	61 – 66		Symbol i <i>En god samvittighet</i>	191 – 198
Amalie Skram, <i>Karens jul</i>	67 – 71		Symbol i <i>Karens jul</i>	199 – 203
Motivet i <i>En god samvittighet</i>	72 – 81		Avslutning, konklusjon	204 – 208
Motivet i <i>Karens jul</i>	82 – 92		Kjelder	–
Tema fattigdom i <i>En god samvittighet</i>	93 – 102			

Tabell 14. Avsnittsinndelinga i tekst A2 viser ein innhaldsrik tekst med ein relativt avansert makrostruktur.

Ein tekst med mange moment og der samanlikninga skjer parallelt, peikar mot høg kompetanse. Kunnskapsnivået må vera på eit høgt nivå for å kunna skriva ein tekst med mange ulike moment. Vurderinga eleven har fått, med ein karakter mellom 4 og 5, kan også peika mot at nettopp kunnskap og tekstforståing blir sterkt vektlagt. Skjemaet viser korleis teksten kan plasserast:

	1	Noko/delvis (2)	Nokså god/god (3-4)	Svært god/framstående (5-6)
<b>Kommunikasjon</b> Engasjement og rytme		Brukar skriveposisjonar på ein delvis god måte. Kan venda seg til lesaren på delvis relevante måtar	<b>Brukar nokså gode/gode skriveposisjonar og kan venda seg til lesaren på relevante måtar.</b>	Brukar svært relevante skriveposisjonar og vender seg til lesaren på ein svært god/framstående måte
<b>Innhald og fagleg kunnskap</b> Innhaldet er relevant og utdjupa  Argumentasjon og refleksjon  Tekstforståing og bruk av kjelder.		Kan delvis tilpassa mengda av innhald til det teksten handlar om. Argumenterer på ein delvis god måte. Viser svært god evne til refleksjon. Viser delvis god forståing av aktuelle tekstar. Brukar kjelder på ein delvis god måte.	Kan tilpassa mengda av innhald til det teksten handlar om på ein nokså god/god måte. <b>Argumenterer på ein nokså god/god måte.</b> <b>Viser nokså god/god evne til refleksjon.</b> <b>Viser nokså god/god forståing av aktuelle tekstar.</b> <b>Brukar kjelder på ein nokså god/god måte.</b>	<b>Kan tilpassa mengda av innhald til det teksten handlar om på ein svært god/framstående måte.</b> Argumenterer og resonnerer klart og presist. Viser svært god evne til refleksjon. Viser svært god/framstående forståing av aktuelle tekstar. Brukar kjelder på ein svært god/framstående måte.
<b>Tekststruktur</b> Overordna komposisjon, samanheng i teksten		Meistrar relevante komposisjonsprinsipp på ein delvis god måte. Meistrar avsnittsinndeling på ein delvis god måte. Brukar delvis varierte koplingsmarkørar for å uttrykkja samanheng i teksten.	Meistrar relevante komposisjonsprinsipp på ein nokså god/god måte. Meistrar avsnittsinndeling på ein nokså god/god måte. <b>Brukar varierte koplingsmarkørar for å uttrykkja samanheng i teksten.</b>	<b>Meistrar relevante komposisjonsprinsipp på ein svært god/framstående måte</b> <b>Meistrar avsnittsinndeling på ein svært god måte.</b> Brukar delvis varierte koplingsmarkørar for å uttrykkja samanheng i teksten.
<b>Språkbruk</b> Ordval, setningsoppbygging og stil		Brukar delvis varierte setningskonstruksjonar. Har delvis formålstenleg fagspråk.	<b>Brukar varierte setningskonstruksjonar.</b> <b>Har formålstenleg fagspråk.</b>	Brukar varierte og avanserte setningskonstruksjonar. Har formålstenleg og presist fagspråk.
<b>Rettskriving og formverk</b>		Meistrar rettskriving, formverk og teiknsetjing på ein delvis god måte	<b>Meistrar rettskriving, formverk og teiknsetjing på ein nokså god/god måte</b>	Meistrar rettskriving, formverk og teiknsetjing på ein svært god måte
<b>Samla vurdering</b>		Samla sett viser elevsvaret låg kompetanse	<b>Samla sett viser elevsvaret nokså god/god kompetanse</b>	<b>Samla sett viser elevsvaret svært god/framstående kompetanse</b>

Tabell 15. Vurderingsskjema tekst A2.

Kunnskap, tekstforståing og makrostruktur er noko av det som peikar mot karakter over middels, medan setningsoppbygging og ordval peikar mot middels. Analysen av tekststrukturen viser at teksten brukar avansert komposisjonsteknikk, sjølv om førsteinntrykket kan vera at dette er ein tekst med låg grad av tekstbinding og ein del feil i teiknsetjinga. Desse to siste momenta er ved første augnekast noko av det som ein først legg merke til. Ei analytisk tilnærming får fram dei trekka ved struktur og posisjonering som er trekt fram.



### 5.2.2 Tekst B2 – fagforfattaren

Tekst B2 fekk karakter 4 og er på 729 ord. Dette er den einaste utvalsteksten i studien som er skriven på nynorsk, eleven sitt hovudmål. Det kan sjå ut til at teksten har ei anna kommunikativ posisjonering enn tekstane på tretalet og varierer desse i større grad. I si doktorgradsavhandling tar Anne Håland blant anna opp korleis elevar posisjonierer seg i tekst (Håland 2013:61). Ho viser først til omgrepa tvungen og sjølvbestemt posisjonering etter Harré og Langenhove. Ved tvungen posisjonering er vala gjort av andre, og det kan handla om sjangerkonvensjonar, modelltekstar og omsynet til mottakaren. Skriveoppgåver kan også vera ei slik tvungen posisjonering, seier Otnes (Otnes 2016:246). Ei sjølvbestemt posisjonering kan visa seg i at skrivaren tar bestemte val i høve til sin eigen tekst, og har eit medvite tilhøve til blant anna innhald, skrivemåtar og struktur (Håland 2013:60). I modelltekstane, i lærebøker og i gode elevtekstar blir skivarposisjonen og språket som finst i domenet framheva, seier Håland.

Otnes trekkjer fram fire posisjonar elevane brukar: *Eksperten*, *medborgaren*, *empatikaren* og *fagforfattaren* (Otnes 2016:248). Eksperten er posisjonen ein tar når ein har god greie på det ein skriv om og brukar sin eigen erfaringsbakgrunn. Fordjupingsoppgåva på vidaregåande skule kan setja eleven i denne posisjonen, sidan eleven her har moglegheit til å velja emne sjølv, og finna noko ho er genuint interessert i. Rolla kan opna for engasjement, sidan skrivaren kan ta utgangspunkt i eigne interesser. Medborgaren er posisjonen ein tar når ein skriv om samfunnsrelaterte spørsmål, og her er argumentasjon eit vesentleg element. Autentiske skriveoppgåver med eit engasjerande tema kan vera ein god igangsetjar. Både eigne meiningar og tenkte roller som samfunnsdeltakarar kan vera meningsfulle her (ibid.). Ut frå eigen erfaring som lærar er eg kjend med at spørsmålet om sidemål i skulen engasjerer elevane, og det er eit aktuelt tema i samtida. Rolla krev kunnskap om emnet og kan vera krevjande også fordi ein ofte må avvega fleire omsyn. Slik sett kan emnet sidemål i skulen gi god øving på medborgarskap. Likevel kan fort mange fordommar mot nynorsk dukka opp blant elevar med bokmål som hovudmål. Det er fort gjort å gå å bli for einsidig basera argumenta på manglande kunnskap.

Når ein posisjonierer seg som empatikar, går ein går inn i ei rolle som ein annan person i ei anna tid (Otnes 2016:248), og eleven skal ofte setja seg inn i kva personen tenkjer og føler. Rollespel i klassen, der gutar på vg3 spelar Albertine og set seg politilegens stol for å bli undersøkt, kan vera ein mogleg veg inn i ein slik skivarrolle. Slike øvingar kan føra til engasjement og vera underhaldande, men formålet er å visualisera teksten for å auka tekstforståinga. I samband med



teateroppsetjingar blir det gjerne utvikla slike rollespel, der formålet er å gå inn i ulike roller og setja seg inn i personane sine tankar og haldningar.

I tekst B2 vekslar eleven mellom posisjonen som fagforfattar og empatikar, eit kvalitetsstrekk i teksten. Posisjonen som fagforfattar krev kunnskap og bruk av språk og omgrep frå faget, og eleven meistrar denne rolla. Meistring av rolla viser at ein er på veg mot eit fagspesifikt semiotisk domene (ibid.). Er fagforfattaren posisjonen som skulen og norskfaget ønskjer å plassera elevane i, eller den sjølvvald? Her kan det tenkjast at det er ein kombinasjon, men modellar der stemma er fagforfattaren, kan finnast i lærebøker og annan faglitteratur. I Aschehoug sitt læreverk for vg3, *Grip teksten*, finn ein både skriverammer elevane kan bruka som støtte i analyse av ulike tekstar, samt modelltekstar. Utdraget under viser korleis elevane møter modelltekstar for retorisk analyse:

Den første delen av annonsen spiller nesten utelukkende på patos-appell. Bildet av et vakkert norsk fjellandskap i samspill med den forsterkende teksten «Norge er et vakkert land» går rett i hjerterota på mange nordmenn og skaper en nasjonalfølelse og stolthet over landet. Denne nasjonalfølelsen er annonsens topos. Mottakerne, og avsenderen, Forsvaret, møtes i nasjonal stolthet og «norskhet». (Dahl, B.H. m.fl. 2008:309)

I dømet frå læreboka er stemma stort sett nøytral. Avsendaren si stemme kjem her fram i uttrykk som «går rett i hjerterota», som gir uttrykk for engasjement og innleving. Både i innleiinga og avslutninga av tekst B2 finn ein døme på verdsetjing og bedømming, og kanskje er dette også etter døme frå modelltekst. I modelltekstar og skriverammer blir det peika på at ein i innleiinga og avslutninga vurderer avsendarens innleiiande og avsluttande etos. Dette gjer det naturleg med vurderingar. Likevel er det råd å seia at formidlinga av kunnskap i ein normalstil er eit ideal i modelltekstar i denne tekststypen. Dette finn ein også i denne teksten:

Sjølv om talens heilhet er sterkt prega av etos- og logos-appellen, er det patos-appellen som er dominant. Det blir lagt mykje vekt på mottakarens nasjonalkjensle, og det å være del av eit fellesskap. For å understreke at alle kan være nordmenn, uavhengig av fødested, viser Kong Harald V. til hans eigen families historie som innvandrarar til Noreg. "Nordmenn er nordlendinger, trøndere, sørlendinger- og folk fra alle de andre regionene. Nordmenn har også innvandret fra Afghanistan, Pakistan og Polen, Sverige, Somalia og Syria. Mine besteforeldre innvandret fra Danmark og England for 110 år siden." (V., 2016)

Slike argumenter, som er bygd opp av eksemplar og samanlikningar, pregar heile teksten og får fram at Noreg er ein heim for alle og ein kvar. Det appellerer til mottakarens kjensler sidan det er med å generalisere. Det viser at "nordmenn er jenter som liker jenter, gutter som liker gutter" (V., 2016) og ikkje bare gutter og jenter som er glad i kvarandre. På denne måten aukar området for mottakarar, sidan det er fleire som kan kjenne seg att i teksten. (Linje 20 – 29)

I dette dømet plasserer eleven seg med fagleg kunnskap og posisjonerer seg som fagforfattar. At ein kan visa kunnskap og underbygging påstandar er naudsynt for at ein skal få tiltru til skrivaren (Skjelten 2013:190). Skjelten peikar på at truverdig eksemplifisering er eit uttrykk for fagleg tyngde (Skjelten 2013:194). Å visa til utdrag frå teksten og knyta dei til verkemiddel i tekst, person- eller miljøskildring eller appellformer, er ein del av analysesjangeren. Dette viser seg også i oppgåveformuleringa ved skule B: «Oppgaven er todelt. I den første delen skal du bruke begrep fra retorikken og underbygge analysen din med eksempel fra teksten.» Den direktive språkhandlinga i oppgåva gir lite rom for val her. Eleven knyter kommentarar til sitata, både før og etter eit sitat. Ordvalet eleven brukar har innslag av faglege omgrep frå retorikken, men også andre ord frå sekundærdiskursen, som «mottakergruppe», «dominant», «generalisere» og «inkludere». Tabellen under viser korleis teksten kan plassera seg:

	1	Noko/delvis (2)	Nokså god/god (3-4)	Svært god/framstående (5-6)
<b>Kommunikasjon</b> Engasjement og rytme		Tar i bruk skriarposisjonar på ein delvis god måte. Kan venda seg til lesaren på delvis relevante måtar	<b>Tar i bruk nokså gode/gode skriarposisjonar og kan venda seg til lesaren på relevante måtar.</b>	Tar i bruk svært relevante skriarposisjonar og vender seg til lesaren på ein svært god/framstående måte
<b>Innhald og fagleg kunnskap</b> Innhaldet er relevant og utdjupa  Argumentasjon og refleksjon  Tekstforståing og bruk av kjelder.		Kan delvis tilpassa mengda av innhald til det teksten handlar om. Argumenterer på ein delvis god måte. Viser svært god evne til refleksjon. Viser delvis god forståing av aktuelle tekstar. Brukar kjelder på ein delvis god måte.	<b>Kan tilpassa mengda av innhald til det teksten handlar om på ein nokså god/god måte.</b> <b>Argumenterer på ein nokså god/god måte.</b> <b>Viser nokså god/god evne til refleksjon.</b> <b>Viser nokså god/god forståing av aktuelle tekstar.</b> <b>Brukar kjelder på ein nokså god/god måte.</b>	Kan tilpassa mengda av innhald til det teksten handlar om på ein svært god/framstående måte. Argumenterer og resonnerer klart og presist. Viser svært god evne til refleksjon. Viser svært god/framstående forståing av aktuelle tekstar. Brukar kjelder på ein svært god/framstående måte.
<b>Tekststruktur</b> Overordna komposisjon, samanheng i teksten		Meistrar relevante komposisjonsprinsipp på ein delvis god måte. Meistrar avsnittsinndeling på ein delvis god måte. Brukar delvis varierte koplingsmarkørar for å uttrykkja samanheng i teksten.	<b>Meistrar relevante komposisjonsprinsipp på ein nokså god/god måte.</b> <b>Meistrar avsnittsinndeling på ein nokså god/god måte.</b> <b>Brukar varierte koplingsmarkørar for å uttrykkja samanheng i teksten.</b>	Meistrar relevante komposisjonsprinsipp på ein svært god/framstående måte Meistrar avsnittsinndeling på ein svært god måte. Brukar varierte koplingsmarkørar for å uttrykkja samanheng i teksten.
<b>Språkbruk</b> Ordval, setningsoppbygging og stil		Brukar delvis varierte setningskonstruksjonar. Har delvis formålstenleg fagspråk.	<b>Brukar nokre varierte/varierte setningskonstruksjonar.</b> <b>Har formålstenleg fagspråk.</b>	Brukar varierte og avanserte setningskonstruksjonar. Har formålstenleg og presist fagspråk.
<b>Rettskriving og formverk</b>		Meistrar rettskriving, formverk og teiknsetjing på ein delvis god måte	<b>Meistrar rettskriving, formverk og teiknsetjing på ein nokså god/god måte</b>	Meistrar rettskriving, formverk og teiknsetjing på ein svært god måte
<b>Samla vurdering</b>		Samla sett viser elevsvaret låg kompetanse	<b>Samla sett viser elevsvaret nokså god/god kompetanse</b>	Samla sett viser elevsvaret svært god/framstående kompetanse

Tabell 16. Vurdering av tekst B2.

Avsnittsstrukturen og lengda på teksten kan vera årsaker til at teksten ikkje har kome høgare opp på karakterskalaen. Makrostrukturen bidrar også til kvalitet i teksten, sjølv om det kan innvendast at teksten går rett på presentasjonen og ikkje har ei klar innleiing. Det er likevel både overskrift, hovuddel og avslutning. I avslutninga kunne ei drøfting av avsendarens etos vore eit moment som kunne ha fått fram eleven si stemme på ein enno betre måte. Også ei tematiseringa av emnet kunne ha auka eleven sin posisjon som fagforfattar i større grad. Sidan talen har eit emne som både er aktuelt og relevant i ein samfunnssamanheng, kunne posisjonen som medborgar kome sterkare inn. Er alle samde i det budskapet? Korleis går Kongen sin tale inn i debatten i samfunnet? Ved å ta opp nokre av desse spørsmålet og tematisera innhaldet i talen, kunne eleven vist større grad av refleksjon. Med noko meir drøfting av etos, og ved å betra avsnittsstrukturen noko, kunne teksten kanskje nærma seg karakternivå 5.

### 5.2.3 Tekst C2 – ein god tekst

Tekst C2 fekk også karakter 4 og er på 1678 ord. Også denne eleven posisjonerer seg som fagforfattar, og har ei nokså nøytral stemme. I oppgåva blir elevane bedne om å forklara valet av oppgåve, og å avgrensa og grunngje valet sitt:

Jeg vil videre se på hvordan temaet "familien" påvirker hovedpersonen. Her er det sentralt å trekke inn hans oppførsel, følelser og tanker overfor hans familiemedlemmer. Selv om Adrian hadde flere interessante møter gjennom boken, med lærere, frisører og unger på hans alder, vil jeg avgrense videre drøfting til rundt Adrian og hans forhold til familien. Dette er fordi jeg tror familie er den grunnleggende faktoren for en persons utvikling. (Linje 11 – 14)

Her er det ikkje unaturleg å koma fram med eit «eg», noko eleven gjer, men ein legg merke til modaliteten i siste linje; «tror». Det er ikkje feil å moderera seg, men kanskje kunne eleven sagt «mener» eller sagt noko om at analysen vil visa at det eleven seier vil visa seg i analysen. Oppgåveformuleringa ber om ei avgrensing, og denne stiller rammer for oppgåva, eit kjenneteikn ved fagskriving. Avgrensing av oppgåva er derfor også ein del av prosjektet med å posisjonera seg som fagforfattar, ei rolle som også kan takast i bruk i alle fag. Her kjem rolla til norskfaget som faget med ansvar for skriveopplæring i skulen inn i biletet.

Avsnittsstrukturen fungerer godt i teksten, og ein medverkande årsak til dette er at eleven ser ut til å vera mediviten om plasseringa av setningsledda. Temaet i avsnittet blir ofte plassert først i første setning, noko som signaliserar kva avsnittet handlar om:

Enken er det navnet Adrian gir sin mor etter farens død. I begynnelsen av boken er forholdet mellom mor

Skrivekompetanse i norskfaget på vidaregåande skule. Ein studie av kvalitetsforskjellar i elevtekstar.

og sønn bra og lekent. Adrian syntes moren er den peneste av alle og ønsker til og med å være som henne. Under opphødet på landstedet somer før farens død utvikles forholdet deres til å bli mer fjernt. Hun får med Adrian til å kle seg opp som "fine damer", noe Adrian syntes var festlig, men som slo tilbake på han igjennom Holmsens reaksjon. Kommentaren "Du er din fars rareste patent." (Christensen 2003, s. 42) kommer som et følge av moren og Adrians lille stunt. Adrian blir fortvilt og legger skylden for denne kommentaren på sin mor, noe som danner et avsky mot moren som vokser gradvis utover historien. (Linje 48 – 54)

I teksten finn ein fleire døme på at avsnitt er bygd opp på denne måten, med temasetning der hovudleddet blir plassert først i temasetninga, i dette tilfellet «Enken». Slik skapar eleven struktur i teksten, eit kvalitetstrekk, kanskje eit resultat av undervisning og modelltekstar.

#### 5.2.4 Firarane – gode fagtekstar

Også dei tre tekstane som har fått karakter 4 eller 4 / 5 har ulikskapar. Dei har, som trearane, ulik lengd. Tekstane har også likskapar, sidan dei presenterer eit fagleg innhald til modellesaren, læraren. Posisjonen elevane brukar har også likskapar, fagforfattaren, og skrivehandlinga er presenterande. Den teksten som kan seiast i størst grad å bryta med dette, er tekst A2, der også posisjonen empatikaren er å finna, eleven viser innleving og engasjement. Då er det interessant å merkja seg at tekst A2 er den av dei tre tekstane på firetalet som nærmar seg karakteren 5. Skjemaet under freistar å peika på trekk ved tekstane ut frå hovudområdene i Norm-prosjektet.

<b>Samanlikning av tekstar med karakter 4.</b>	<b>A2 – Hva er verst?</b> <i>Fattigdommen eller de rike?</i> <b>Karakter 4/5</b>	<b>Tekst B2 – Vi er Noreg</b> <b>Karakter 4</b>	<b>Tekst C2 – Familieforhold</b> <b>Karakter 4</b>
<b>Kommunikasjon</b> Engasjement og rytme	Brukar ulike posisjonar for å venda seg til mottakaren, fagforfattaren og empatikaren.	Brukar gode skriarposisjonar og kan venda seg til lesaren på relevante måtar.	Brukar gode skriarposisjonar og kan venda seg til lesaren på relevante måtar.
<b>Innhald og fagleg kunnskap</b> Innhaldet er relevant og utdjupa Argumentasjon og refleksjon Tekstforståing og bruk av kjelder.	Har kunnskap om litteraturhistorie og tekstar. Har god tekstforståing, sjølv om ordval og framstilling går utover framstillinga og argumentasjonen.	Viser kunnskap om retorisk analyse. Oppgåva legg opp til ein todeling, der eleven skal reflektera, men det skjer ikkje i stor grad. Likevel får eleven vist kunnskap om retorisk analyse, bruk av faglege omgrep og god tekstforståing.	Avgrensar oppgåva på ein god måte og svarer på problemstillinga. Skriv ein omfattande tekst og har med mange relevante moment. Viser god evne til tekstforståing og refleksjon. Viser til fleire kjelder.
<b>Tekststruktur</b> Overordna komposisjon, samanheng i teksten	Meistrar avanserte relevante komposisjons-prinsipp. Meistrar avsnittsinndeling på ein god måte, medan koplinga i og mellom setningar er nokså god.	Har ein nokså god tekststruktur, truleg etter mal frå modelltekstar i faget. Strukturen bryt med det oppgåva ber om. Skapar likevel god samanheng i teksten.	Meistrar relevante komposisjonsprinsipp på ein god måte. Meistrar avsnittsinndeling på ein god måte mo brukar varierte koplingsmarkørar for å uttrykkja samanheng i teksten.
<b>Språkbruk</b> Ordval, setningsoppbygging og stil	Stilen er sakleg, men setningsoppbygginga er prega av noko dårleg samanheng.	Brukar faglege omgrep og ord frå sekundærdiskursen. Setningsoppbygginga er stor sett god.	Brukar faglege omgrep på ein god måte. Ordvalet varierer, og dette gjer at setningane tidvis er ugrammatiske.

<b>Rettskriving og formverk</b>	Meistrar rettskriving og formverk stort sett, men ein del feil i teiknsetjing.	Meistrar rettskriving og godt, med nokre skrivefeil og feil i teiknsetjinga.	Meistrar rettskriving og formverk på ein god måte, men har nokre skrivefeil.
<b>Samla vurdering</b>	Samla sett viser elevsvaret god til svært god kompetanse.	Samla sett viser elevsvaret god kompetanse.	Samla sett viser elevsvaret god kompetanse.

Tabell 17. Oversikt over tekstar på 4-talet.

Plasseringa i skjemaet samsvarer i stor grad med den vurderinga eleven har fått ved skulen, og det er ikkje her noko mål om utfordra den vurderinga eleven har fått, men å visa korleis desse kriteria kan brukast i vurderingsarbeidet. Fleire trekk skil tekstane som har fått karakter 4 frå dei som har fått 3. Tekstane er lengre, innhaldet er sterkare og viser større kunnskap, og generelt er strukturen betre eller meir avansert, som i tekst A2. Språkleg er det framleis ein del variasjon, men det er færre generelle skrivefeil og bruk av dialekt. Det kan sjå ut til at feil i teiknsetjing er eit trekk ved tekstane som betyr mindre for karaktervurderinga enn skrivefeil og bruk av dialekt. Tekstane som har fått karakter 4 ser ut til å følgja sjangeren og modelltekstar og skriverammer kan ha vore til støtte i skriveprosessen. Dette er gode skrivarar som held seg til dei modelltekstane dei har fått. Tekst A2 viser prov på at eleven har fått med seg mykje kunnskap, men kjem likevel ikkje heilt opp på nivå 5, sjølv om strukturen i teksten er god, og det same gjeld dei posisjonane eleven tar. Her spelar truleg samanbinding mellom setningar og avsnitt ei rolle, og det kan vera eit trekk som medverkar til at denne teksten ikkje kjem på karakternivå 5. Også dette kan vera nyttig å ta med seg ved ei formativ vurdering. Spørsmålet blir kva det er som skal til for at firarane skal kunna ta steget opp på karakterane over, og visa svært god kompetanse.

### 5.3 Tre tekstar på femtalet

I denne delen er det valt ut tre tekstar som har fått karakter 5, eller mellom 5 og 4, ein tekst frå kvar skule. Også femmartekstane er fagspesifikke. Teksttypene endrar seg i liten grad, men det er kome til ei oppgåve som ikkje er analysert tidlegare i oppgåva, ein fagartikkel ved skule A.

Skule / tekst	A3 – Tatt av «den norske» idyllen	B3 – Norge er ett	C3 – Maskens sannhet
<b>Karakter</b>	5/4	5	5
<b>Type tekst</b>	Resonnerande tekst	Retorisk analyse	Skjønnlitterær analyse
<b>Tal på ord</b>	1347	968	1785

Tabell 18. Oversikt over tekstar som fekk karakter 5 eller i grensesjiktet.

Som tabellen viser stig tekstlengda i tilhøve til tekstane som fekk karakter 3 og 4. Samanhengen mellom tekstlengd og karakter har blitt trekt fram tidlegare i oppgåva, og det kan vera at elevane som fekk 5 har meir kunnskap og dermed meir å skriva om.

### 5.3.1 Tekst A3 – resonnementet og tekstforståing

Tekst A3 fekk karakter 5/4 og er ein resonnerande artikkel på 1347 ord, eit relativt omfattande svar. Berre ein elev valde denne oppgåva, noko som kan tyda på at den var krevjande, anten det handla om at oppgåva tok utgangspunkt i tre tekstvedlegg, eller fordi pensumet oppgåva tok utgangspunkt i var knytt til vg2. Ein tredje grunn til at oppgåva ikkje fall i smak, kan vera at elevane blei bedne om å skriva ein resonnerande tekst: «Skriv ein resonnerande tekst der du reflekterer over korleis førestillingar om det norske blei skapte på 1800-talet, og korleis dei blir skapte i dag. Bruk eksempel frå dei vedlagte tekstane når du skriv.» Kjell Lars Berge peikar i KAL-materialet på at resonnerande skrivning byr på utfordringar for kandidatane, og at det er stor skilnad mellom elevar som meistrar skrivinga, og dei som ikkje gjer det (Berge 2005:54). Dei som meistrar skrivinga metakommuniserer i større grad og reflekterer ofte over personlege erfaringar (ibid.:189).

Liv Cathrine Krogh fann at få elevar valde resonnerande skrivning til eksamen i norsk skriftleg på vg3, våren 2015. Berre 11% valde denne oppgåvetypen, medan heile 55 % valde retorisk analyse (Krogh 2016:66). Desse tala samstemmer godt med val av oppgåve ved skule A, sjølv om størrelsen på materialet sjølvstakt ikkje kan samanliknast. Krogh undersøkte i si avhandling i første rekkje kva teksttypar som blei sprikvurderte, og argumenterande skrivning låg om lag på same nivå som retorisk analyse: 11,7 av dei argumenterande tekstane og 9,6% av dei retoriske analysane blei sprikvurdert. Karakterfordelinga viste at 7,5% av dei som valde argumenterande skrivning fekk karakter 1, ikkje bestått, 14,9% fekk karakter 2, medan heile 19,2% fekk karakter 5 og 5,3% fekk karakter 6. Bortimot ein fjerdedel av elevane som valde argumenterande skrivning fekk altså karakterar over middels. Tala for oppgåva om retorisk analyse, som blei vald av langt fleire elevar, viste at berre 2,4% fekk karakter 1, medan 10,9% fekk karakter 5 og 1,7% karakter 6 (ibid.:67). Dette fortel at blant dei relativt få som skreiv argumenterande tekst, fekk ein god del det dårleg til, så dårleg at dei ikkje fekk bestått, medan mange skårar svært godt. Dette samstemmer godt med tendensen Berge peikar på ved KAL-undersøkinga over. Summert opp – i ein munnleg stil: Skal du gjera det godt til eksamen i norsk, anten i 10. klasse på grunnskulen eller på vg3, bør du først skaffa deg kunnskap om ulike sentrale emne i faget, så

vita korleis du argumenterer, og deretter velja argumenterande skrivning. Vil du helst berre klara deg på eksamen, kan retorisk analyse vera noko å satsa på. Ein grunn til at argumenterande tekstar blir høgt vurdert, kan knytast til lærarane sine forventningar og førestillingar om kva som er sentralt i norskfaget. Oppgåva som er aktuell her, kan seiast å gå rett inn i kulturkonteksten i faget, der ein kunnskap- og kulturarvdominert skriveideologi dominerer lærarane sin forventningar til elevane si tekstsaking (Berge 2005:20).

Ordet *resonnere* kan forklarast med å tenkja, trekkja fornuftige slutningar eller følgja ei tankerekkje på ein logisk måte.<sup>2</sup> Resonnerande tekstar er ein av tre skrivemåtar i KAL-materialet, skriv Kjell Lars Berge (Berge 2005:54), der dei to andre er forteljande og mellompersonlege. Resonnerande tekstar er kontrastive, skriv Berge, og meiner at resonnerande skrivning er prega av at ein tar stilling for eller imot noko, og at den leier fram mot eit standpunkt (Berge 2005:143). Framstillingsmåten kunne også kallast drøftande eller vurderande, og omgrepet resonnerande omfattar begge desse skrivehandlingane (ibid:54). Berge seier vidare at elevane ikkje utan vidare kan utnytta ressursane i munnleg argumentasjon når dei argumenterer. Muntleg argumentasjon er prega av den skjer fortløpande, medan skriftleg argumentasjon er blant anna kjenneteikna av at skrivinga skjer i ein kulturkontekst. I denne samanhengen er det relevant å undersøkje om teksten eksplisitt seier kven det er som resonnerer, og kven teksten vender seg til (ibid.144). Berge presenterer ein modell for analyse av resonnerande tekstar der det blir stilt fire spørsmål: Kva er eller blir etablert som teksten sin kontekst og referanse? Korleis er teksten strukturert? Korleis blir den resonnerande handlinga realisert i teksten? Korleis er argumentasjonen bygd opp? I samband med tekst A3 blir desse spørsmåla stilt.

I Skrivehjulet er det å reflektera og resonnera to ulike skrivehandlingar. Dette kan sjå ut til å stå i motsetnad til eksamensoppgåva som er gitt ved skule A, der det å reflektera og resonnera nærmast er synonymt. I Skrivehjulet er å reflektera knytt til å tenkja over eigne erfaringar og kjensler, medan å resonnera er plassert saman med å utforska, drøfta, samanlikna og tolka. Omgrepa kan her påverka formålet med skrivinga, ved at skrivehandlinga, og dermed posisjonen eleven kan ta, blir uklar. Men at noko er uklart kan også sjåast på som ei opning, og at det er mogeleg å resonnera på fleire måtar og ta ulike posisjonar, som fagforfattar, medborgar, empatikar og ekspert (Otnes 2016:248).

---

<sup>2</sup> Store norske leksikon, resonnerer: <https://snl.no/resonnere> (Lest 16. juni 2018).

Lat oss sjå på innhaldet i teksten, kva eleven skriv og resonnerer om. Oppgåva dannar den tekstuelle konteksten for skrivinga, der det er gitt tre tekstvedlegg eleven skal reflektera over. Frå starten av tematiserer eleven teksten ved å laga ei overskrift: «Tatt av «det norske»-idyllen». Overskrifta fungerer kanskje ikkje heilt godt grammatisk, men ordet idyll viser her til ei førestilling om det norske, ei romantiserande haldning. I innleiinga blir dette knytt mot kulturhistorie, når eleven i linje 2 skriv: «Man kan særleg knytte opp forestillingen om det norske med nasjonalromatikken; en tid rundt midten av 1800-tallet hvor søkelyset ble rettet mot eget folk, dets historie og folkelige tradisjoner.» Når eleven knyter dette mot dagens Noreg, viser eleven at teksten hennar ser ut til å ta tak i det oppgåva spør om. Nasjonalromantikk blir i dei to neste avsnitt knytt til den norske bonden og måleriet som er eit av tekstvedlegga. Dette, seier eleven, viser «datidas fremstilling av det norske». Eleven strukturerer teksten her etter den tidslinja som oppgåva opnar for, «før» og «no». Eleven trekkjer i avsnitt fire inn to andre element som blei sentrale i førestillinga om det norske på 1800-talet, naturen, representert ved fjord og fjell, og historie og tradisjonar, i form av nasjonaldrakter. Framstillinga er tidvis noko uklar, og dette, saman med ordvalet, svekkjer truverdet i teksten noko. Førebels er det vist kunnskap om førestillinga om det norske på 1800-talet, og rolla er fagforfattaren.

Eleven flyttar seg til neste tekst, «En retusjert virkelighet» av Karsten Alnæs i dei to neste avsnitta. Her har eleven forstått hovudinnhaldet i teksten, og dette blir summert opp i linje 37, der eleven seier at: «Han mener framstillingen av den norske naturen og fjellene ble skjønnt på 1840-tallet.» Det som kanskje ikkje er så lett å få auge på, og som kan knytast både til tekstforståing og fagleg skjønn, er at Alnæs også romantiserar i teksten når han skriv: «Bonden tydet skogen og lærte raskt hvor det vokste furu, alm, eik, rogn, bjørk, hassel og or. (...) Når floskodda seig frå vest inn fjordtarmen, måtte han vite at det kunne bli uvær.» Alnæs målar også bilete, og han set farge på dei ved hjelp at klangar og rytmiske element i språket. Også denne teksten plasserer seg dermed i ein tradisjon som idylliserer, den nevenyttige og praktiske norske bonden og fiskaren.

I neste avsnitt tar eleven for seg den siste teksten som er lagt ved, «Bergtatt av tinden». Her peikar eleven på at teksten gir uttrykk for eit perspektiv som liknar på det som blei skapt av Noreg på 1800-talet. Setninga i linje 50 formulerer dette: «Man kan trekke paralleller til den nasjonalromantiske forestillingen av det norske». I neste linje kan det sjå ut som eleven lever seg inn i denne stemninga, og empatikaren seier: «Bare ved å ser for oss at fjellene er våres «viktigste nasjonalikoner», er det som om man med en gang kjenner til stolthetsfølelsen.» Det



er ikkje heilt klart om eleven her ironiserer over den kjensla av stoltheit ho kjenner på, men å setja delar av setninga i hermeteikn kan vera eit uttrykk for at fjella har fått ein verdi som eleven tar delvis avstand frå. Dette kan underbyggjast med siste setning, der det heiter at «Uavhengig av hvordan man mener at naturen er og burde bli, kan man si at vi har blitt tatt av «det norske»-idyllen.». Eleven lagar her ei binding mot overskrifta der «idyll» står sentralt.

Poenget med framstillinga over er ikkje å ironisera over eleven sin tekst eller skrivemåte, men å spørja – kvifor stoppar eleven her? Her kunne kanskje vasskraftutbygging, oljeleiting i Lofoten, hijab til bunad og norsk turistindustri blitt trekt inn. Oppgåva gir rom for mange typar posisjonar, ulike typar refleksjon og resonnement. Ein kunne tenkja seg at avslutninga var starten på teksten, og at eleven fekk vist ein mykje større skrivekompetanse enn det som kjem fram her. Tida og kompleksiteten i oppgåva spelar her sjølvstøtt ei rolle, og eleven har lese og sett seg inn i fleire tekstar på relativt kort tid. Ho har også forstått tekstane på ein god måte, og skapt ein tekst med god samanheng, der særleg det å formulera hovudsyna i teksten kan framhevast som ein kvalitet. Karakteren 5/4 kan uttrykkja mangelen på refleksjon som teksten viser, der karakter 5 står for kunnskap og 4 for refleksjon.

Tekst A3 viser at ved å vera merksam på og bruka ulike kommunikative posisjonar i teksten, har eleven eit mykje større potensiale for skivinga. Korleis tar me vare på naturen i Noreg i dag? Kva brukar me ressursane til? Er havbotnen og det som er under den også ein verdi utanom pengar? Oppgåva spør ikkje direkte om dette, men ordet refleksjon opnar for medborgarrolla. Empatikaren kunne kanskje ha levd seg inn i korleis det ser ut når fire velvaksne cruisebåtar trengjer seg inn i norske fjordar, eller når dei stakkars Røde kors-frivillige blir vekt midt på natta for å redde dårleg kledde turistar ned frå Trolltunga i allslags ver. Ved å ta desse posisjonane kunne eleven også framstått som kritisk ekspert, argumentert og resonnert med større truverd.

Minst to aspekt ved literacy-omgrepet som kan knytast til demokratisk deltaking er verd å nemna her: Kritisk literacy handlar om å leggja merke til underliggjande ideologiar og stilla seg kritisk til desse, og det er en viktig kompetanse som ein må øva på. Oppgåva opnar opp for refleksjon også om dette. Wenche Vagle seier i samband med KAL-undersøkinga at dersom skilnadene mellom dei svært gode og dei middels gode skrivarane aukar, og dette er knytt til kjønn, sidan gutane i KAL skriv betre argumenterande tekstar enn jenter, vil også forskjellane mellom kjønna auka (Vagle 2005:384). No er ikkje kjønn eit sentralt perspektiv i denne studien,

men tilgangskompetansen handlar om å gi alle så god skriveopplæring som mogeleg. Her kan det vera noko å henta på det kommunikative aspektet ved skrivinga.


### 5.3.2 Tekst B3 – korleis resonnera?

Tekst B3 er ein retorisk analyse av Kong Haralds velkomsttale og svar på oppgåve 2 ved skule B. Teksten fekk karakter 5/4 og har ei lengd på 968 ord. Igjen opnar oppgåva for refleksjon og ei sosio-politisk tilnærming. Eleven posisjonerer seg i teksten som fagforfattar, men tar tidvis også posisjonen medborgar:

I det ene avsnittet sier kongen at nordmenn er nordlendinger, trøndere osv. Han sier også at "Nordmenn har også innvandret fra Afghanistan, Pakistan og Polen..". Neste avsnitt lyder slik: "Det er ikke alltid så lett å si hvor vi er fra, hvilken nasjonalitet vi tilhører". Dette spiller på følelsene våre ved at han får frem at Norge er et flerkulturelt land som består av folk med relasjoner til andre land i verden. Mange har innvandret til Norge og fått barn. Disse barna er da født og oppvokst i Norge, deres *hjerter* er i Norge. (Linje 46-52)

Ei konstativ språkhandling er brukt i siste setninga, og den kan lesast som både ei tolking av innhaldet i kongens tale, men også som at eleven tar stilling til spørsmål i samfunnet og nærmar seg posisjonen medborgar (Otnes 2016:248). Eleven brukar også verdsetjing i avslutninga, der det heiter: «Ved å få frem ulikhetene i både natur og menneskers bakgrunn, yrker og interesse, klarer han å skape en tilknytning til alle. Han bryter ned de forskjellene som er mellom en konge og "vanlige" folk, og styrker da sin egen troverdighet.»

I oppgåveformuleringa heiter det at oppgåva er todelt og at i første del skal elevane bruka omgrep frå retorikken, underbyggja med døme frå teksten og bruka fagspråk. I andre delen skal eleven visa evne til refleksjon. Oppgåveformuleringa gir føringar for strukturen, men det kan sjå ut til at det kan by på utfordringar å gjennomføra dette i praksis. I denne teksten har eleven valt ein annan struktur. Figur 7 viser at eleven etter innleiinga tar for seg komposisjon og språk, og deretter omtalar appellformene.



Figur 7. Makrostrukturen i tekst B3.

Eleven viser refleksjon i teksten, både om innvandring til Noreg, som vist i starten av analysen av elevteksten, men også omkring språk og funksjon:

I talen brukes det et nokså enkelt og dagligdags språk. Noe som også styrker det felles ståstedet med mottaker, nettopp fordi mottakerne er fra ulike sosiale grupper og har ulik kompetanse. Alle er ikke høyt utdannet eller forskere og språket i talen er forståelig for alle. Dersom han hadde brukt et språk med mye avanserte ord og uttrykk, ville det gjort at ikke alle fikk med seg hovedpoenget i det han ønsker å få frem. (Linje 24 – 27)

Dette avsnittet kan knytast til oppsummeringa, der det er spor av ein posisjon som medborgar når eleven skriv: «Han bryter ned de forskjellene som er mellom en konge og ”vanlige” folk, og styrker da sin egen troverdighet.» I avslutninga skriv eleven konstaterande at «Vi elsker landet vårt og vi må elske hverandre.» Her er det rom for refleksjon omkring tematikken i talen, men dette poenget blir ikkje fullt utnytta. Sindre Dagsland spør om det å reflektera er ei eg-orientert skrivehandling (Dagsland 2016:206) slik ein kan få inntrykk av når ein tar utgangspunkt i skrivehandlingane i Skrivehjulet. Han viser til blant anna Matre og Solheim som peikar på at refleksjon gjerne tar utgangspunkt i egne erfaringar, tankar og kjensler (ibid). Dagsland seier at det kunne vore mogeleg med ei meir «det»-retta skrivehandling i samband med refleksjon. Dette er interessant i samband med den oppgåva som er gitt, fordi ein kunne tenkja seg at føremålet med skrivinga her var å trekkja inn nokre av dei samfunnsmessige sidene talen tar opp. Eleven er inne på desse når ho i avslutninga skriv at «Vi elsker landet vårt og vi må elske hverandre», men stoppar der. Er det fordi ho er usikker på om det er råd å gå vidare med denne refleksjonen, og om denne rolla høyrer til sjangeren? Det blir ikkje gitt eit klart svar på dette i samband med denne studien, men det reiser eit spørsmål om i kva grad formålet med skrivinga alltid kjem godt fram i oppgåvene.

Kva roller kan eleven ta, og korleis skal dei realiserast i teksten? Kjell Lars Berge peikar i studie 6 i KAL-undersøkinga på at resonnerande skriving byr på utfordringar, men at sensorane strekkjer seg langt for å tilpassa seg dei forslaga til løysing som elevane legg opp til (Berge 2005:56). At eleven har fått karakteren 5, trass i at den ikkje svarer på oppgåva i tråd med den strukturen som blir etterspurt, kan ha samanheng med at den som vurderer, i dette tilfellet læraren til eleven, ser på skriveoppgåva som eit tilbod, og ikkje eit påbod (ibid.) Løysinga eleven vel, og karaktervurderinga teksten har fått, kan også tyda på at den indentederte skrivehandlinga ikkje nådde fram, og at formålet med skrivinga kunne vore tydelegare formulert. Ei setning i oppgåva som klargjorde *kva type* refleksjon oppgåva la opp til, kunne vore ei god støtte i skrivinga. Otnes seier at det er tydeleg at lærarane arbeider med å laga gode,

simulerte kontekstar for skrivning, og denne oppgåva opnar opp for at elevane kan ta ulike posisjonar. Det kommunikative medvitet og sjangerforventningane kan vera to grunnar til at potensialet ikkje blir fullt utnytta. Dette kan vera eit argument for å fokusera meir på hovudområdet kommunikasjon, slik Norm-prosjektet legg opp til. Teksten blir ikkje plassert inn i vurderingsskjemaet her, men blir vurdert i oppsummeringa av femmartekstane, i del 5.3.4.

### 5.3.3 Tekst C3 – god samanheng

Tekst C3 er eit svar på oppgåve 4 om løgn og masker i *Maskeblomstfamilien*. Også denne teksten fekk karakter 5 og er på 1785 ord. Teksten kommuniserer godt frå starten av med ei god tematisk overskrift, og ei innleiing som tematiserer innhaldet i romanen, og det som eleven vil fokusera på. Også i denne teksten posisjonerer eleven seg som fagforfattar, med høg grad av truverd ved å visa kunnskap.

La oss flytta oss fort til hovudområdet tekststruktur og sjå på korleis eleven skapar samanheng i teksten, og korleis elevar og lærarar kan arbeida med denne delen av skrivekompetansen. Innanfor SFL er det mange ressursar som kan brukast for å skapa samanheng, såkalla kohesjonsressursar (Maagerø 2005:174). Tekstlingvistikken skildrar både korleis enkeltord, ordgrupper og setningar dannar ein samanhengande tekst (Iversen 2009:185). Sjølv om det å skapa samanheng i tekst er eit kriterium ved eksamen i norsk skriftleg, er det ikkje omgrepa tekstbinding eller grammatikk nemnt eksplisitt i læreplanen på noko trinn på vidaregåande skule. Ein må gå til 10. trinn på grunnskulen for å finna eit læremål i læreplanen om tekstbinding. Der heiter det at elevane skal «uttrykkje seg med eit variert ordforråd og meiste formverk, ortografi og tekstbinding» (Udir 2013). Her kan det innvendast at læreplanen er open og gir stor fridom. Likevel er det viktig å kunna noko om setningsoppbygging og tekstbinding, å ha eit *metaspråk*, både i skulen og i seinare studiar eller arbeidsliv. Lærarar bør ha god innsikt i grammatikk blant anna for å kunna gi god formativ respons til elevane og det er mest meningsfullt å knyta opplæringa til elevane sine tekstar, som eit reiskap for språkleg variasjon (Matre 2009:182). Å ta utgangspunkt i eleven sine tekstar er ei form for induktiv grammatikkundervisning (Iversen 2009:185). Også SMS-ar, bloggar og andre skrivepraksisar kan vera eit godt utgangspunkt for å undervisa om grammatikk (ibid.:186). Eleven lagar bindingar i teksten på fleire måtar, blant anna ved repetisjon av ordet «maske» og substantivfraser, markert med feit skrift. Også verbalfrasene, understreka, skapar semantisk samanheng. Markeringane i teksten er mine:

## MASKENS SANNHET

**Masker** kan være fysiske gjenstander. **De** kan bli brukt som utkleddning til blant annet halloween, **maskeradeball** eller andre festligheter. Dette er altså **synlige masker**, som vi vet skjuler et annet ansikt. På den andre siden finnes det også **metaforiske masker**. **Masker** som vi ikke kan se. **Masker** som ikke alltid er så lett å gjennomskue. Dermed blir det vanskelig å skille mellom sannhet og løgn. Det er **disse maskene** Lars Saabye Christensen presenterer i romanen sin **Maskeblomstfamilien** fra 2003. (Overskrift og linje 1 – 8.)

Ved å repetera det nominale leddet, og ved å bruka maska som referanse, blir det danna leksikalske referentkjeder, som hjelper oss med å sjå samanhengen i teksten (Iversen 2009:187). Eleven greier i innleiinga å tematisera problemstillinga, korleis hovudpersonen Adrian brukar masker, og korleis han skjuler seg bak dei. I utdraget er det også brukt ei adversativ eller motstående kopling. Her er det adverbialgruppa «På den andre siden» som får fram kontrasten mellom dei fysiske og dei metaforiske maskene. Eleven greier også å visa engasjement her, ved brot i rytmen i linje 5 og 6: «Masker som vi ikke kan se. Masker som ikke alltid er så lett å gjennomskue.» Dei korte setningane skaper ein ny rytme i teksten, der dei kjem mellom lengre setningar. I linje 51 til 54 brukar eleven eksplisitte setningskoplingar når ho skapar rekkefølge i handlinga fram løyndomane Adrian skjuler. «I den første versjonen (...)», «I den neste versjonen (...)» og «I den siste versjonen (...)». Koplinga som blir skapt får fram samanhengen på ein god måte.

Også andre forbindarar blir brukt gjennomgåande i teksten, som dei sideordnande konjunksjonane og, men, eller, for, og subjunksjonar: Det er Adrian som dominerer historien, **fordi** (...), linje 37. Preposisjonsfraser kan brukast for å framheva ein kontrast: «I stedet for å fortelje oss den sanne hendelsen (...), linje 57, eller additativt: «**I tillegg** er også hans skamløshet et dekke over skammen.», linje 78. Resultatet blir ein tekst med god samanheng, sjølv om ikkje alle formuleringane tyder på like stor tryggleik, som i linje 29: «han har en ond oppførsel (...)». Likevel får eleven fram poenga sine i teksten og språket er ein medverkande årsak til at eleven står fram med truverd. Eleven brukar stort sett posisjonen fagforfattaren, men lever seg inn i hovudpersonen, og tar rolla som empatikar mot slutten:

Tilsynelatende kan det se ut som Adrian er en ondskapsfull gutt uten følelser. Dersom vi går i dybden kan vi se at dette ikke er hans sanne ansikt, men en maske. Derfor spør jeg: "Hva er Adrians masker, og hva skjuler det seg bak løgner og maskeringen?" Blant annet bruker han løgn, makt, hemmeligheter og skamløshet som masker. Maskene gjemmer hans virkelige personlighet. Han er egentlig bare en usikker og følelsesfull gutt. Dette er utviklet fra en oppvekst med lite kjærlighet, men med mye hemmeligheter. Identitetsforvirringen gjør at han ikke kan akseptere seg selv. Derfor har han en dyp skam over hvem han er. Adrian kommer inn i en ond sirkel. (Linje 117 – 127)

I dette utdraget kjem eleven fram med eit ekspressivt «eg», når ho tar fram problemstillinga frå starten av teksten og skal konkludera. Her kan det sjå ut til at eleven lever seg inn i hovudpersonen, og er i stand til å forklara korleis han har det. Eleven formulerer også dette på ein god måte. Dermed viser eleven god tekstforståinga, og posisjonen som empatikar er ein grunn til at eleven klarer å formidla forståinga på ein god måte.

#### 5.3.4 Femmarane – gode, men kommuniserer i ulik grad

Tekstane som har fått karakter 5 har fleire kjenneteikn på kvalitet. Dei viser kunnskap og god tekstforståing, og dei kan skapa samanheng i tekstane sine. Likevel ville det vore spanande å sjå om desse elevane kunne utnytta potensialet som ligg i ulike skriveroller betre, noko som kan vera eit godt utgangspunkt for formativ vurdering.

Kor store forventningar skal ein ha til skrivekompetansen på dette trinnet? Ein skal hugsa på at elevane kanskje på dette tidspunktet er midt i skuleåret, og at dei har moglegheit til å utvikla skrivekompetansen om lag eit halvt år til på vidaregåande. Elevane har kanskje nok med å ta til seg kunnskapen som blir formidla, og dei har meir å forhalda seg til på skulen enn berre eitt fag. Elevane skal tileigna seg fagspråk og tenkjemåtar i fleire fag. Dette kan vera eit argument for å ha fokus på formålet og det kommunikative ved teksten gjennom heile skuleløpet, også på vidaregåande. I tabellen blir det peika på trekk ved tekstane som fekk karakter 5:

<b>Samanlikning av tekstar med karakter 5.</b>	<b>A3 – Tatt av «den norske» idyllen. Karakter 5/4</b>	<b>B3 – Norge er ett Karakter 5</b>	<b>C3 – Maskens sannhet Karakter 5</b>
<b>Kommunikasjon</b> Engasjement og rytme	Tar relevant posisjon som fagforfattar, men utnyttar ikkje potensialet fullt ut som medborgar.	Tar relevant posisjon som fagforfattar, men utnyttar ikkje potensialet fullt ut som medborgar.	Brucar fleire gode skriveposisjonar og kan venda seg til lesaren på relevante måtar.
<b>Innhald og fagleg kunnskap</b> Innhaldet er relevant og utdjupa Argumentasjon og refleksjon Tekstforståing og bruk av kjelder.	Viser tekstforståing og kunnskap om kulturhistorie. Refleksjonen stoppar opp omkring det norske og kva dette betyr.	Har kunnskap om retorikk og viser til forståing av teksten. Refleksjonen stoppar noko opp mot slutten.	Avgrensar oppgåva på ein god måte. Tematiserer og svarer på problemstillinga. Skriv ein omfattande tekst og har med mange relevante moment. Viser god evne til tekstforståing og refleksjon. Viser til fleire kjelder.
<b>Tekststruktur</b> Overordna komposisjon, samanheng i teksten	Meistrar avanserte relevante komposisjonsprinsipp. Meistrar avsnittsinndeling på ein god måte. Brucar koplingsmarkørar på ein god måte for å uttrykkja samanheng i teksten.	Har ein nokså god tekststruktur, truleg etter mal frå modelltekstar i faget. Strukturen bryt med det oppgåva ber om. Skapar likevel god samanheng i teksten.	Meistrar relevante komposisjonsprinsipp på ein god måte. Meistrar avsnittsinndeling på ein god/vært god måte og brucar brukar varierte koplingsmarkørar for å uttrykkja samanheng i teksten.

Skrivekompetanse i norskfaget på vidaregåande skule. Ein studie av kvalitetsforskjellar i elevtekstar.

<b>Språkbruk</b> Ordval, setningsoppbygging og stil	Brukar faglege omgrep og ord frå sekundærdiskursen. Setningsoppbygging og ordval er stort sett på eit godt nivå.	Brukar faglege omgrep og ord frå sekundærdiskursen. Setningsoppbygging og ordval er stort sett på eit godt nivå.	Brukar faglege omgrep på ein god måte og har god samanheng. Nokre formuleringar kan bli betre
<b>Rettskriving og formverk</b>	Meistrar rettskriving og formverk godt.	Meistrar rettskriving og formverk godt.	Meistrar rettskriving og formverk på ein god måte, og har få skrivefeil.
<b>Samla vurdering</b>	Samla sett viser elevsvaret god til svært god kompetanse.	Samla sett viser elevsvaret god til svært god kompetanse.	Samla sett viser elevsvaret svært god kompetanse.

Tabell 59. Plassering av tekstar med karakter 5.

I samband med vurderinga av tekstane på femtalet blir refleksjonsnivået i tekstane utfordra. Posisjonane elevane tar utnyttar ikkje potensialet for refleksjon eller resonnement i oppgåvene. Dermed blir heller ikkje vurderinga så god, sidan det nye skjemaet legg større vekt på det kommunikative aspektet.

## 5.4 Tre seksarar

Av dei totalt 61 tekstane var det fem tekstar fordelt på dei tre skulane som oppnådde karakteren 6 eller mellom karakter 6 og 5. Av desse er det blitt valt ut tre tekstar:

Skule / tekst	A4 – Bildet i avsenderens øyne	B4 – En mørk framtid	C4 – Teateret som forståelse i og for Maskeblomstfamilien
<b>Karakter</b>	6	6	6
<b>Type tekst</b>	Retorisk analyse	Retorisk analyse	Skjønnlitterær analyse
<b>Tal på ord</b>	2229	1303	2198


Tabell 20. Oversikt over utvalstekstar med karakter 6.

Også desse tekstane er ulike, og tekstmengda varierer. Tekst C4 får mest av omtalen av fleire grunnar. Teksten brukar ekspertposisjonen, ei krevjande rolle, som krev både kunnskap, evne til å skapa god struktur og ei kritisk og analytisk tilnærming til tekst. Posisjonen krev og god formuleringsevne og evna til å velja ut, bruka og forstå kjelder. Posisjonen eleven tar visar også eit metaperspektiv på eiga skiving som er interessant.

### 5.4.1 Tekst A4 – kunnskap om retorisk analyse

Tekst A4, som fekk karakter 6, er ei retorisk analyse av ei annonse for Høgskulen i Sogn og Fjordane. Teksten er svar på ei eksamensoppgåve frå våren 2017 og er ein omfangsrik tekst, på 2229 ord. Oppgåva ber eleven først analysera teksten og bruka omgrep frå retorikken. I oppgåva heiter det eleven til slutt skal vurderer kor godt kampanjen fungerer etter formålet. Formuleringa

«til slutt» tilseier at vurderinga kjem i andre rekkje, og ikkje skal utgjera størstedelen av teksten. I handlinga å vurdere ligg det opning for refleksjon og drøfting. Strukturen kan setjast opp slik:



Figur 8. Makrostrukturen i tekst A4.

Figuren viser makrostrukturen, som tyder på at oppgåvelyden er brukt for å strukturera teksten. Kommentaren til oppgåva seier at i første del skal eleven analysere tekst og bilete og samspelet mellom desse, medan den andre delen skal grunngi vurderingane. I strukturen er det også verd å leggja merke til at det er ein samanheng mellom overskrifta og avslutninga, der uttrykket «Bildet i avsenderens øyne» er brukt. Det språklege biletet er kanskje ikkje heilt vellukka, men vitnar om vilje til å kommunisera og motivasjon for skrivinga. Eleven har laga to korte avsnitt, avsnitt 7 og 13, der han introduserer nye element og knyt teksten saman. Desse avsnitt kan nok slåast saman med påfølgjande avsnitt, men bidreg likevel til å skapa overgangar og bind teksten saman. Teksten har ei klar innleiing og avslutning, og dette er med på å skapa ein god makrostruktur. Teksten har også god samanbinding på avsnittsnivå, der avsnitt 14 kan tena som døme på avsnitt med god startsetning, kommentarsetningar og avsluttande setning.

Logosappellen kommer fram spesielt i den nedre delen av reklamen. Logos handler om fornuften og logikken. Det er bruk av fakta og statistikk, åpen og direkte argumentasjon. I teksten kommer de med ulike fakta og statistikk som er med på å overbevise mottakerne om at Høyskolen i Sogn og Fjordene er en god plass å studere og bo. Det er inkludert statistikk om hvor mange som bor i de enkelte byene som skolene er plassert, og hvor mange campusstudenter det er ved hver skole. De har også valgt å ta med et lite kart som viser hvor langt skolene er fra de tre storbyene Oslo, Bergen og Trondheim. Under kartet står det hvor lang tid det tar å reise med både bil og fly til de ulike byene. Dette er opplysninger som ofte er viktige for folk som ser på potensielle skoler. De skriver også at de er en "blant dei beste i landet", og at de har "dei mest fornøgde studentane i landet!". Faktaen og statistikken som blir brukt er relevante og holdbare, ettersom at det er fakta som studenter ofte lurer på, og vi kan lett sjekke opp om det faktisk er tilfellet. På denne måten kommer også logosappellen fram i reklamen. (Linje 111 – 120)

Eleven viser ei analytisk innstilling og går nøye gjennom elementa i teksten, og det er kanskje



i første rekke her teksten viser kompetanse. Eleven har god epistemisk kunnskap om ulike verkemiddel og meistrar retorisk analyse godt. Vurderinga av elementa i reklamen kjem mot slutten av teksten:

I teksten spiller både bilde, tekst og farger på følelsene til leserne. Leserne får tillitt til teksten på bakgrunn av forfatterens stilling, og vurderinger om skolens studietilbud og studentenes trivsel. Leserne får allerede svar på flere spørsmål de kanskje har stilt seg innledningsvis, om hvor mange som bor i området, hvor mange studenter som går på skolene, hvor langt det er til diverse storbyer osv. Ved å bruke forskjellige virkemidler, argumentasjonsformer og appellformer, får de frem budskapet om at Høyskolen i Sogn og Fjordene er en drømmeskole. En drømmeskole med et godt student- og studiemiljø, der du kan lære og utvikle deg kunnskapsmessig, samtidig som at du kan leve et sosialt og spennende liv der du kan finne deg selv. Teksten får frem budskapet på en særdeles god måte. Det eneste som mangler er mer informasjon om det Høyskolen *egentlig* handler om, nemlig studiene. Det er store mengder informasjon om livet som student og fakta om miljøet rundt, men de mangler informasjon om de ulike studiene en kan velge på skolen. Det kan være de har valgt å fokusere på det sosiale omkring studietiden på grunn av at det ofte er dette ungdommer først og fremst ser etter når de søker på skoler. Skolen handler jo ikke bare om å være sosial og ha det gøy, men om å lære og få en utdanning som du skal holde på med resten av livet ditt. (Linje 122 – 130)

Fram til dette avsnittet har eleven stort sett posisjonert seg som fagforfattar, men her kan ein seia at ekspertten kjem inn med ei kritisk tilnærming. Medborgaren og empatikaren får kjem kort inn, når eleven gir uttrykk for om kva funksjon studiar og utdanning har i samfunnet og for den enkelte. Eleven vurderer, sjølv om det blir kort, noko oppgåva legg opp til.

Som nemt tar eleven posisjonen fagforfattar. Å bruka faglege omgrep handlar om å forstå og kunna språket til feltet (Maagerø 2005:45). Ein spesialisert fagtekst vil ha eit sterkt innslag av faglege omgrep, medan ein daglegdags tekst brukar fleire ord frå primærdiskursen. Ordvalet og bruk av faglege omgrep kan også knytast til truverd. Det kan det by på utfordringar når ein skal identifisera kva som er faglege omgrep, og kva som høyrer til ein sekundærdiskurs. I den aktuelle teksten er det brukt mange faglege omgrep, men også ord og uttrykk som kan plasserast i sekundær- og primærdiskursen. Tabellen under peikar på ein del aktuelle ord i desse kategoriane, der tala viser til linje i teksten. Samlinga av ord og uttrykk i tabellen freistar å kategorisera ulike nivå etter kva diskurs dei høyrer til. Fleire av orda og uttrykka også kan plasserast i andre kolonnar. Ordet *hashtag*, som kan vera aktuell også som et fagleg uttrykk eller i sekundærdiskurs. Ord som *følelser* og *tanker* er ikkje tatt med her, men kan plasserast i alle kolonnar. Likevel viser dette at det er brukt mange faguttrykk i teksten, og det viser ein epistemisk kunnskap når faglege uttrykk og nominalar dominerer. Ord eller omgrep er nemnt ein gong, sjølv om dei kan vera brukt fleire gonger i elevteksten.

Omgrep frå feltet	Uttrykk frå sekundærdiskurs	Uttrykk frå primærdiskurs
Sammensatt tekst (4), mottakerne (7), tittelen (11), forfatter, brødtteksten (13), blikkfanget (25), framstille (29), illustrere (31), scenisk (40), appellere (42), veve (...) inn i (46), grep (46), forkortelsen (47), blokkbokstaver (47), framheve (48), blikket (49), markert (50), metode (55), (s)kildre (68), oppbygging (69), argumentasjonsformer (70), skjult argumentasjon (71), patosappellen (72), skrivemåte (78), slagordet (84), avsenderen (88), skriftspråket (89), dialekt (92), tolkning (95), ordvalget (96), positive ord (96), setningene (98), gjenspeiler (100), budskapet (101), repeterer (102), middel (103), troverdighet (106), målgruppen (109), åpne argumentasjonen (110), logosappellen (111), logos, fornuften, logikken, åpen og direkte argumentasjon (112)	Strategier (3), hensikten (6), fakta, statistikker (22), emneknagg (23), betegnet (24), indikerer (30), komfortable (34), overbeviser (39), fenomen (44), faktor (57), forbundet med (67), samarbeid (69), verktøy (73), til syne (74), universelle (76), henvende seg (79), påvirke (82), tilfredsstillende (86), fellesskap (86), primære (88), patriot (94), særegent (94), respekt (106), etterprøvbare (107), potensielle (116), relevante og holdbare (118), tillit (skrivefeil; tillitt) (121), innledningsvis (122), kunnskapsmessig (124), særdeles (125), fokusere (128), helhet (130), formålstjenlig (130)	«selge» (8), hashtag (23), kjekt og lykkelig (38), rolig og fredelig, lykkelig og glad (59), for det første så er rosa (65), naturlige veien (56), øynene går (56), på midten av høyre side av denne streken (62), få folk til å (69), vår indre patriot (94), glad og lykkelig plass (100), «agnet» (103), henge seg på (102), sjekke opp (118), Når alt kommer til alt (130), suksess (132)

Tabell 21. Oversikt over ord og uttrykk i tekst A4 med karakter 6.

Teksten kan plasserast slik i skjemaet:

	1	Noko/delvis (2)	Nokså god/god (3-4)	Svært god/framstående (5-6)
<b>Kommunikasjon</b> Engasjement og rytme		Tar i bruk skriveposisjonar på ein delvis god måte. Kan venda seg til lesaren på delvis relevante måtar	Tar i bruk nokså gode/gode skriveposisjonar og kan venda seg til lesaren på relevante måtar.	Tar i bruk svært relevante skriveposisjonar og vender seg til lesaren på ein svært god/framstående måte
<b>Innhald og fagleg kunnskap</b> Innhaldet er relevant og utdjupa  Argumentasjon og refleksjon  Tekstforståing og bruk av kjelder.		Kan delvis tilpassa mengda av innhald til det teksten handlar om. Argumenterer på ein delvis god måte. Viser svært god evne til refleksjon. Viser delvis god forståing av aktuelle tekstar. Brukar kjelder på ein delvis god måte.	Kan tilpassa mengda av innhald til det teksten handlar om på ein nokså god/god måte. Argumenterer på ein nokså god/god måte. Viser nokså god/god evne til refleksjon. Viser nokså god/god forståing av aktuelle tekstar. Brukar kjelder på ein nokså god/god måte.	Kan tilpassa mengda av innhald til det teksten handlar om på ein svært god/framstående måte. Argumenterer og resonnerer klart og presist. Viser svært god evne til refleksjon. Viser svært god/framstående forståing av aktuelle tekstar. Brukar kjelder på ein svært god/framstående måte.
<b>Tekststruktur</b> Overordna komposisjon, samanheng i teksten		Meistrar relevante komposisjonsprinsipp på ein delvis god måte. Meistrar avsnittsinndeling på ein delvis god måte. Brukar delvis varierte koplingsmarkørar for å uttrykkja samanheng i teksten.	Meistrar relevante komposisjonsprinsipp på ein nokså god/god måte. Meistrar avsnittsinndeling på ein nokså god/god måte. <b>Brukar varierte koplingsmarkørar for å uttrykkja samanheng i teksten.</b>	Meistrar relevante komposisjonsprinsipp på ein svært god/framstående måte <b>Meistrar avsnittsinndeling på ein svært god måte.</b> Brukar varierte koplingsmarkørar for å uttrykkja samanheng i teksten.


<b>Språkbruk</b> Ordval, setningsoppbygging og stil	Brukar delvis varierte setningskonstruksjonar. Har delvis formålstenleg fagspråk.	Brukar nokre varierte/varierte setningskonstruksjonar. Har formålstenleg fagspråk.	Brukar varierte og avanserte setningskonstruksjonar. Har formålstenleg og presist fagspråk.
<b>Rettskriving og formverk</b>	Meistrar rettskriving, formverk og teiknsetjing på ein delvis god måte	Meistrar rettskriving, formverk og teiknsetjing på ein nokså god/god måte	Meistrar rettskriving, formverk og teiknsetjing på ein svært god måte
<b>Samla vurdering</b>	Samla sett viser elevsvaret låg kompetanse	Samla sett viser elevsvaret nokså god/god kompetanse	Samla sett viser elevsvaret svært god/framstående kompetanse

Tabell 22. Vurdering av tekst A4.

Teksten har eit omfang som gir moglegheit til å visa kunnskap på fleire område, og omfanget påverkar også tekststrukturen. Det kan innvendast at samanbinding på setningsnivå ikkje er så godt, og at det er liten variasjon i startsetningane. «Det» og «De» går igjen i svært mange av setningane, til dømes i avsnitt tre og fire. Dette kan ha samanheng med at skrivaren vil gjera greie for det visuelle på ein presis måte, og utover i teksten blir setningsstrukturen endra.

#### 5.4.2 Tekst B4 – litt kritisk

Tekst B4 fekk karakter 6, og er på 1303 ord, ein av dei lengste frå skule B. I del 4.1 om oppgåvene blei denne oppgåva knytt til ein sosio-politisk diskurs. Oppgåva opna for å kommentera dei meningane som kom fram i kommentarartikkelen «Framtiden? Den står i kø hos NAV». Her kunne ein tenkja seg at elevane var kritiske til underliggjande haldningar. Oppgåva opnar for rolla som medborgar og samfunnsdeltakar. Som tidlegare nemnt er oppgåvene ved skule B todelt, der elevane først skulle bruka omgrep frå retorikken, og i siste del visa evne til sjølvstendig refleksjon. Dette gir føringar for strukturen som er slik:



Figur 9. Makrostruktur i tekst B4.

Figuren viser at strukturen ikkje fylgjer strukturen slik oppgåva legg opp til, men det kan tenkjast at teksten likevel viser refleksjon. Eleven viser god forståing av konteksten som tekstvedlegget tar utgangspunkt i. Dette kjem fram i overskrifta «En mørk framtid», som på ein

god måte tematiserer emnet i teksten, at ungdommar hamnar utanom arbeidslivet på grunn av aukande automatisering. Sjølv om eleven ikkje bruker omgrepet *kairos*, blir det vist til kontekstuelle samanhengar, at det blir arrangert Nordens første økonomifestival i Stavanger og i linje 39 at: «Maskiner tar stadig meir over jobbene som vi mennesker hadde før, og nå fjerner de fleire arbeidsplasser enn de skaper». Å kontekstualisera teksten på denne måten, kan knytast til god tekstforståing. Berge peikar på at eit sentralt trekk ved resonnerande tekstar, er at dei ikkje kan lausrivast frå konteksten (Berge 2005:97). Dømet frå linje 39 over, er også starten på eit mogeleg resonnement. Eleven tar også fram i teksten sin at Omdal er subjektiv og seier i linje 17 at: «(...) vi ser bare saken frå den ene siden.» I siste skriv eleven at «Jeg savner at han skriver om om muligheter og løsninger». Avslutninga kan syna at eleven ikkje viser klart at teksten er godt forstått, og at Omdal sitt føremål er først og fremst å gjera lesarane merksam på temaet han tar opp og åtvara om farene ved automatisering. Å lesa med kritisk sans må øvst, og eleven er eit stykke frå rolla som ekspert eller medborgar her. Teksten kan plasserast slik:

	1	Noko/delvis (2)	Nokså god/god (3-4)	Svært god/framstående (5-6)
<b>Kommunikasjon</b> Engasjement og rytme		Tar i bruk skriarposisjonar på ein delvis god måte. Kan venda seg til lesaren på delvis relevante måtar	<b>Tar i bruk nokså gode/gode skriarposisjonar og kan venda seg til lesaren på relevante måtar.</b>	Tar i bruk svært relevante skriarposisjonar og vender seg til lesaren på ein svært god/framstående måte
<b>Innhald og fagleg kunnskap</b> Innhaldet er relevant og utdjupa  Argumentasjon og refleksjon  Tekstforståing og bruk av kjelder.		Kan delvis tilpassa mengda av innhald til det teksten handlar om. Argumenterer på ein delvis god måte. Viser svært god evne til refleksjon. Viser delvis god forståing av aktuelle tekstar. Brukar kjelder på ein delvis god måte.	Kan tilpassa mengda av innhald til det teksten handlar om på ein nokså god/god måte. <b>Argumenterer på ein nokså god/god måte.</b> <b>Viser nokså god/god evne til refleksjon.</b> <b>Viser nokså god/god forståing av aktuelle tekstar.</b> <b>Brukar kjelder på ein nokså god/god måte.</b>	Kan tilpassa mengda av innhald til det teksten handlar om på ein svært god/framstående måte. Argumenterer og resonnerer klart og presist. Viser svært god evne til refleksjon. Viser svært god/framstående forståing av aktuelle tekstar. Brukar kjelder på ein svært god/framstående måte.
<b>Tekststruktur</b> Overordna komposisjon, samanheng i teksten		Meistrar relevante komposisjonsprinsipp på ein delvis god måte. Meistrar avsnittsinndeling på ein delvis god måte. Brukar delvis varierte koplingsmarkørar for å uttrykkja samanheng i teksten.	<b>Meistrar relevante komposisjonsprinsipp på ein nokså god/god måte.</b> Meistrar avsnittsinndeling på ein nokså god/god måte. <b>Brukar varierte koplingsmarkørar for å uttrykkja samanheng i teksten.</b>	Meistrar relevante komposisjonsprinsipp på ein svært god/framstående måte <b>Meistrar avsnittsinndeling på ein svært god måte.</b> Brukar varierte koplingsmarkørar for å uttrykkja samanheng i teksten.
<b>Språkbruk</b> Ordval, setningsoppbygging og stil		Brukar delvis varierte setningskonstruksjonar. Har delvis formålstenleg fagspråk.	<b>Brukar nokre varierte/varierte setningskonstruksjonar.</b> <b>Har formålstenleg fagspråk.</b>	Brukar varierte og avanserte setningskonstruksjonar. Har formålstenleg og presist fagspråk.
<b>Rettskriving og formverk</b>		Meistrar rettskriving, formverk og teiknsetjing på ein delvis god måte	Meistrar rettskriving, formverk og teiknsetjing på ein nokså god/god måte	<b>Meistrar rettskriving, formverk og teiknsetjing på ein svært god måte</b>
<b>Samla vurdering</b>		Samla sett viser elevsvaret låg kompetanse	<b>Samla sett viser elevsvaret nokså god/god kompetanse</b>	Samla sett viser elevsvaret svært god/framstående kompetanse

Tabell 23. Plassering av tekst B4.

Det er eit spenn i kvalitet også ved tekstar som får karakter 6. Ved sensorskoleringa ved eksamen i norsk skriftleg våren 2017 blei det ytra av ein sensor at det er ein tendens at det alltid vil vera noko som trekkjer eit eksamenssvar ned frå karakteren 6. Dette poenget samstemmer med karakterstatistikken over standpunkt- og eksamenskarakterar i norsk skriftleg våren 2017. Berre 2% av elevane oppnådde karakteren 6 til eksamen i norsk hovudmål skriftleg våren 2017, medan tilsvarende tal for sidemål var 1,3%.<sup>3</sup> Ved standpunkt var det 4,8% som oppnådde karakter 6 i norsk hovudmål, medan talet for sidemål var 2,6%. Slik sett samstemmer karakteren i sidemål betre med den karakteren som blei oppnådd til eksamen dette året. Ei direkte samanlikning med andre fag på vidaregåande er komplisert, sidan det ikkje er andre fag enn norsk som har obligatorisk skriftleg eksamen på vg3. Dei fleste elevar på vg3 skal opp i to skriftlege eksamenar utanom norsk hovudmål, men samanlikningsgrunnlaget her er vanskeleg fordi det ikkje er tale om fellesfag. Eit fag på vidaregåande som har mange kandidatar opp til eksamen skriftleg, er engelsk på vg1. Her var det til samanlikning 10 % som oppnådde karakteren 6 våren 2017. Då må det leggjast til at dette er eit trekkfag, og at eksamen ikkje er obligatorisk.

#### 5.4.3 Tekst C4 – eksperten

Tekst C4 ved skule C fekk også karakter 6. Den er omfangsrik, på 2198 ord. Teksten er eit svar på oppgåve 6, om komposisjonen i romanen *Maskeblomstfamilien*. Under hovudområdet kommunikasjon skil denne teksten seg frå dei andre på fleire måtar. Noko av det første ein legg merke til i denne teksten er korleis avsendaren posisjonerer seg, både med kunnskap og engasjement. Når eleven introduserer romanen ho skal analysere, skjer det slik:

I *Maskeblomstfamilien* møter vi en ungdom som er annerledes på en svært konkret måte, og som hele livet har måttet forholde seg til at andre ser på ham som unormal. *Beatles* tar leseren med gjennom et stort følelsesregister, men grunntonen er en godfølelse. Denne godfølelsen er det vanskelig å finne når man leser *Maskeblomstfamilien*. Det kan nesten virke som om forfatteren har skrevet et vrengebilde av det relativt lyse og varme Oslo-eposet, eller med en av romanens sentrale metaforer: et negativ som ennå ikke har blitt fremkalt, som altså fremdeles befinner seg i mørkerommet. Denne metaforen vender jeg tilbake til i avslutningen. (Linje 5 til 10)

Eleven lagar lengre og meir avanserte setningskonstruksjonar enn dei andre tekstane som har blitt analysert. Ho set også opp ein kontrast mellom to kjende romanar av Christensen, og samanliknar dei. Uttrykket «vrengebilde» er treffande på fleire måtar, og det blir utdjupa når

---

<sup>3</sup> Udir.no, statistikk vidaregåande skole. <https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-videregaende-skole/karakterer-vgs/> (Lest 24. mai 2018)

eleven trekkjer fram negativet som metafor. Posisjonen eleven tar blir forsterka når ho presenterer temaet og problemstillinga for oppgåva:


I denne oppgaven vil jeg konsentrere meg om komposisjonen i romanen, og mer spesifikt om hvordan den er bygget opp rundt det jeg vil kalle en *teatermetafor*. I det som følger vil jeg analysere dette komposisjonstrekket på tre nivå. Først vil jeg vise hvordan koblingen til teateret ligger til grunn for strukturen i romanen på ulike nivå. Deretter vil gjennomgå noen sentrale hendelser, som illustrerer hvordan teateret utgjør en modell for framstillingen. Som siste moment i analysen vil jeg se på hvordan teatermetaforen virker som en forståelsesramme for hovedpersonen. (Linje 11 – 15)

Eleven tar eit sprang mot ein risikabel posisjon når ho etter innleiinga stiller seg kritisk til ei av kjeldene, masteroppgåva til Gjerland. Her posisjonerer eleven seg som kritisk og vurderande, og teksten rører seg med dette mot skrivehandlinga å *overtyde*, der argumentasjon høyrer med:

Teatermetaforen stikker både dypere og bredere i romanen, uten at det lar seg gjøre å få med alt i denne oppgaven. Jeg håper likevel å få fram hvor gjennomført romanen er bygget opp rundt referanser til (klassisk) teater, i motsetning til Cecilie Gjerlands påstand om at "tilknytningen til det greske drama kun befinner seg på overflaten". (Gjerland, 2010, s. 6),

Ved å ta denne rolla plasserer teksten seg som ein argumenterande tekst, der hovudargumentet er korleis teatermetaforikken er eit grunnleggjande kompositorisk element i romanen. Resten av teksten er ei underbyggjing av denne argumentasjonen. Skjelten trekkjer fram at synspunkt og påstandar ikkje berre kan kastast fram for å skapa truverd, dei må underbyggjast (Skjelten 2013:190). Eleven finn fleire argument som byggjer opp under argumentasjonen, og nemner desse i utdraget over. Oppbygginga av romanen i akter, og namna på aktene, er to argument som taler for det eleven seier, «Skyggen» som regisserer oppsetjinga av *Ødipus* er eit anna argument, det retrospektive blikket blir også trekt fram, samt referansen til tragedie og komedie som finst i romanen. Det siste argumentet eleven nemner, er mørkerommet, og her kan forteljaren setja seg sjølv i scene. Lesaren sit att med ei sterk overtyding, og samstundes med argumentasjonen har eleven fått vist stor kunnskap på fleire felt som er relevante i norskfagleg samaheng. Eleven får også med dette eit sterkare formål med skrivinga, eit formål ho har skaffa seg ved å ta ein aktiv posisjon. Samla er dette å visa ei sterk kommunikativ evne. Lat oss sjå korleis eleven strukturer teksten. Kjell Lars Berge skriv at ein av utfordringane med resonnerande skriving, er strukturen (Berge 2005:183). Det ser ikkje ut til å vera tilfelle med denne teksten. Teksten er å finna som vedlegg, men avsnittsstrukturen blir forklara her, og sett opp i trestruktur under. Teksten kan sjå ut til å vera strukturert i tre hovuddeler og – kanskje – ein pause til slutt, slik romanen er strukturert. Viss denne strukturen er laga med medvit, er det eit svært godt strukturelt grep. Overskrifta er tematisk og fortel kva teksten handlar om. Del 1

startar med første avsnitt som presenterer forfattaren, og her høyrer også avsnitt to og tre til, som avgrensar oppgåva og klargjer argumentasjonen. Del 2 startar med avsnitt fire om komposisjon der også motivet i romanen blir kort referert, avsnitt fem om familien og seks om maskemetaforen høyrer også til i del 2. Del 3 argumenterer for kvifor teatermetaforen er eit sentralt strukturingsprinsipp, og denne delen går fram til siste avsnitt, i alt ti avsnitt. Figuren viser avsnittsstrukturen:



Figur 9. Makrostrukturen i tekst C4.

Det kan sjå ut som teksten manglar ei klar avslutning, men det kan også tenkjast at siste avsnittet er eit stilistisk grep, at teksten sluttar i eit spørsmål, og er tvetydig, slik eleven tar opp i dei fire siste linjene. I så tilfelle er dette også eit svært godt grep, og kan dette fungera også i ein argumenterande teksttype. Eleven ser ut til å ha valt ut litteratur med omhug, og brukar kjeldene på ein god måte i teksten. Kjeldene er relevante og interessante ut frå det eleven skriv om:

#### Litteraturliste:

- Aristoteles. (2004). *Om diktekunsten*. Oslo: Cappelen akademisk.
- Christensen, L. S. *Maskeblomstfamilien* (2003). Cappelen Damm AS
- Drama. (2011, 24. februar). I Store norske leksikon. Hentet 13. desember 2017 fra <https://snl.no/drama>. Sist oppdatert 21.2.11.
- Forfattersentrum, Norsk. (2017, 23. april). Lars Saabye Christensen. I Store norske leksikon. Hentet 13. desember 2017 fra [https://snl.no/Lars Saabye Christensen](https://snl.no/Lars_Saabye_Christensen).
- Gjerland, C. T. (2010). Skammens maske : en analyse av maskebruken i Maskeblomstfamilien (2003) av Lars Saabye Christensen. Retrieved from <https://www.duo.uio.no/handle/10852/26417>
- Ibsen, H. (1962). *Nutidsdramaer 1877-99*. Oslo: Gyldendal
- Knudsen, S. V. (2012). Skæve mænd og mærkelige maskuliniteter i romaner af Lars Saabye Christensen. *Edda*, 99(01), 16–28.
- Nordby, Terje. *Forvandlinger: Et møte med greske myter*. Andresen og Butenschøg Forlag: 2006.
- Van der Poll, S., Hamm, C., Sejerstedt, J. M., & Waage, L. R. (2008). Maskeblomstfamilien: En hybrid? *Tekster På a Tvers: Queer-Inspirerte Lesninger*, 297–307.

Wenche Vagle trekkjer fram ordlengd er eit kjenneteikn på kvalitet i KAL-undersøkinga (Vagle 2005:305). Lange ord har «meir innhald» enn korte, og det er ein samanheng mellom lengden

på ordet, frekvensen og den semantiske «tyngda» i ordet (ibid.). Ordlengdesnittet har samanheng med teksten sitt språkregister, altså alle ord som er brukt i teksten, og dette heng igjen saman med språkbrukssituasjonen (ibid.:306). I ein formell situasjon stig ordlengdesnittet. I avsnittet over, og gjennomgåande i tekst C4, er det svært mange lengre ord, og ord frå sekundærdiskursen. Ordlengdesnittet er ikkje rekna ut for denne teksten, men ein merkar seg samansetningar som «teatermetaforen», «forståelsesramme» og «komposisjonstrekket». Ut frå det som er sagt i analysen plasserer teksten seg høgt på alle kriteria som er sett opp, både ved skule C og i dei nye kriteria som er tatt i bruk i oppgåva. Ikkje minst posisjoneringa som ekspert er interessant, og dette gjer teksten god og lesverdig. Posisjonen er krevjande, men eleven fullfører godt. Teksten har mange sterke sider: Engasjement, kunnskap, bruk av faglege omgrep og gode setningskonstruksjonar. Eleven brukar kjeldene på ein svært god måte og har få feil i ortografi og teiknsetjing.

#### 5.4.4 Seksarane – ulike, men også framstående

Tekstane som har fått karakter 6 har fleire felles kjenneteikn på kvalitet, som god overordna struktur, epistemisk kunnskap, som kjennskap til retoriske appellformer og god bruk av faglege omgrep. Tekstlengd synest å vera eit kriterium som ligg til grunn for ein svært god karakter. Det er også råd å peika på engasjement i tekstane som viser seg ved posisjonen skrivaren tar i teksten eller ved refleksjonsnivået, særleg gjeld dette ved karakter C4. Også mellom tekstane som har fått beste karakter er det kvalitetsskilnader, og forskjellane er å finna på ulike tekstnivå.

<b>Samanlikning av tekstar med karakter 6.</b>	<b>A4 – Bildet i avsenderens øyne Karakter 6</b>	<b>B4 – En mørk framtid Karakter 6</b>	<b>C4 – Teateret som forståelse i og for Maskeblomstfamilien Karakter 6</b>
<b>Kommunikasjon</b> Engasjement og rytme	Tar relevant posisjon som fagforfattar, og viser god kunnskap i tråd med rolla.	Tar relevant posisjon som fagforfattar, men utnyttar ikkje potensialet fullt ut som medborgar.	Brukar ekspertrolla og overtøyer med sterkt engasjement og kritisk innstilling. Markerer engasjement i teksten ved rytme og ved å utnytte strukturelle grep på ein svært god måte.
<b>Innhald og fagleg kunnskap</b> Innhaldet er relevant og utdjupa Argumentasjon og refleksjon Tekstforståing og bruk av kjelder.	Viser tekstforståing og kunnskap om retorikk og analyse av samansett tekst . Vurderer korleis teksten fungerer. Argumenterer godt og brukar primærkjelda på ein god måte.	Har kunnskap om retorikk og har god forståing av teksten. Refleksjonen stoppar noko opp mot slutten.	Avgrensar oppgåva på ein god måte og tematiserer og svarer på problemstillinga. Skriv ein omfattande tekst og viser framstående kunnskap om litteratur. Ser samanhengar og viser evne til refleksjon. Brukar relevante kjelde på ein framstående måte.
<b>Tekststruktur</b> Overordna komposisjon, samanheng i teksten	Har god struktur og samanheng i teksten. Brukar koplingsmarkørar på ein god måte for å uttrykkja samanheng.	Har god tekststruktur. Strukturen bryt med det oppgåva ber om. Skapar likevel god samanheng i teksten.	Meistrar relevante komposisjonsprinsipp på utsøkt måte. Har god avsnittsinndeling og har god samanheng i teksten.



Skrivekompetanse i norskfaget på vidaregåande skule. Ein studie av kvalitetsforskjellar i elevtekstar.

<b>Språkbruk</b> Ordval, setningsoppbygging og stil	Brukar faglege omgrep og ord frå sekundærdiskursen. Setningsoppbygging og ordval er på eit svært godt nivå.	Brukar faglege omgrep og ord frå sekundærdiskursen. Setningsoppbygging og ordval er stort sett på eit godt nivå.	Brukar faglege omgrep på ein svært god måte og har god samanheng. Uttrykkjer seg på ein framstående måte.
<b>Rettskriving og formverk</b>	Meistrar rettskriving og formverk svært godt.	Meistrar rettskriving og formverk godt.	Meistrar rettskriving og formverk på ein svært god måte.
<b>Samla vurdering</b>	Samla sett viser elevsvaret god til svært god til framifrå kompetanse.	Samla sett viser elevsvaret svært god kompetanse.	Samla sett viser elevsvaret framstående kompetanse.

Figur 24. Oversikt over tekstar med karakter 6.

Dei tre tekstane viser at det er skilnad i kompetansen også mellom desse. Nokon ville kanskje innvenda at tekst C4 er karakter 7 eller betre, medan dei to andre er seksarar. Her kjem det faglege skjønnet inn i biletet. Vurderinga som er gitt her må også sjåast i samband med at vurderingsområdet kommunikasjon er kome til.

## 6. Drøfting av resultatata

*I denne delen blir resultatata frå analysane bli samanlikna og drøfta. Styrande for denne delen er dei seks hovudområda i vurderingsskjemaet, og kvar av desse har fått sin eigen del. I desse delane vil kvalitetsforskjellane som har vist seg i tekstane bli trekt fram og drøfta, og moglege forklaringar vil bli drøfta. Til slutt vil resultatata bli summert opp.*

Problemstillinga for oppgåva er kva som skil middels gode frå svært gode tekstar. Kva er forskjellen mellom tekstar som har fått karakter 3 og 4, og 5 og 6? Skilnadene har vist seg å vera relativt store på somme område, men det er også teikn som kan tyda på at det kan vera relativt stor skilnad mellom tekstane som har fått same karakter. I heile denne delen er det viktig å hugsa på at funna ikkje kan generaliserast ut frå denne undersøkinga, men at dei kan opna for nye spørsmål om kva skrivekompetanse i norsk på vg3 handlar om.

### 6.1 Hovudområdet kommunikasjon

Hovudområdet kommunikasjon tar for seg korleis elevane posisjonerer seg i tekstane og korleis dei utnyttar dei mogleheitene som finst i oppgåvene. Tekstane i intensivutvalet er såkalla presentasjonstekstar, og skrivehandlingane handlar i stor grad om å informera, vurdera eller resonnera. Elevane posisjonerer seg på ulike måtar, og teksten dei skaper ut frå desse rollene påverkar i høg grad kunnskapen som blir vist og lengda på teksten, men også evna til refleksjon, å gjennomføra gode resonnement eller argumentera. Rolla som fagforfattar krev kunnskap om emnet, og det kan vera krevjande å forstå tekstar og formulera seg på ein god måte ut frå dei krava som blir stilt. Der tekstane ber eleven om vurdera eller reflektera er rolla som medborgar aktuell, og det kan sjå ut til at dette er ein uvant skriveposisjon som svært få utnyttar på ein god måte. I tekst C4 tar eleven ein kritisk og argumenterande posisjon, samstundes som eleven også posisjonerer seg som ekspert. Dette er ein av få elevar som kan seiast å bruka desse rollene, og det viser at det er stor skilnad mellom middels gode og framstående skrivarar på dette området.

Det kan sjå ut til at det kommunikative elementet blir underkommunisert i samband med skrivinga, og at det her ligg eit potensiale for å utvikla skrivekompetansen til elevane. Dei svært gode skrivarane finn fram til relevante skrivarroller, men oppgåver og skriverammer og modelltekstar kan kanskje vera ei støtte her for å gjer elevane merksame på dei posisjonane som kan brukast i tekst. Her spelar både forventningar om sjanger og back-wash-effekten i tilhøve

til eksamen ei rolle. Kjell Lars Berge viser at norsklærarane har ein verdi- og kunnskapsorientert tilnærming til tekst, og dette kan ha påverknad på lærarane si utforming av oppgåvene og valet av oppgåve elevane gjer. Basert på det som kjem fram i eksamensoppgåver og vurderingskriteria ved eksamen, kan det sjå ut til at det kommunikative elementet og føremålet med skrivinga er tona noko ned ved skriftleg eksamen til fordel for fagleg relevans. Dette, og det at skrivarposisjonar ser ut til å vera ein utfordring, var ein av grunnane til at det blei utvikla eit sett med kriterium i samband med denne oppgåva, der kommunikasjon blei tatt inn som det første hovudområdet. Dette var etter modell frå Norm-prosjektet, der det blei opplyst om at det ikkje var laga kriterium for skriving i norsk på vidaregåande basert på hovudområda. Fokuset som har vore på skrivehandlingar og føremålet med skrivinga i samband med mellom anna Skrivehjulet vil truleg også nå vidaregåande skule i større grad enn det kan sjå ut til gjennom denne korte undersøkinga. Elevane ved skule C har blitt gjort merksame på stemmene dei kan ta i teksten, og det kan sjå ut til at dette har hatt ein effekt på motivasjonen for skrivinga, kombinert med krav om tekstlengd.

## 6.2 Hovudområdet innhald

Innhaldet i tekstane blir påverka av posisjonen skrivaren tar, og dei første hovudområda heng såleis tett saman. Ut frå dei posisjonane eleven tar, kan eleven velja ulike innhaldselement, og få ein betre utbygd og meir innhaldsrik tekst. At innhaldet veks og blir betre kan vera eit anna argument for å ha større merksemd retta mot det kommunikative aspektet. Innhaldet i teksten er likevel det sentrale i presentasjonstekstar, og kunnskap om faglege emne er nødvendig for å kunna skriva godt. Dette viser seg i tekstane som har fått karakter 3, der kunnskapsnivået i tekstane generelt er på eit lågare nivå enn dei som har fått betre karakter.

Tekstlengda spelar ei sentral rolle. Skrivarar som skriv meir tekst, får stort sett betre karakter enn dei som skriv kortare, men ikkje alltid. Tekst A2, som var den lengste i utvalet, nådde nok eit grensepunkt for tekstlengd med 2400 ord. Kunnskapen som blei vist var god, men framstillinga gjorde truleg at vurderinga blei dårlegare enn det kortare tekstar oppnådde. Wenche Vagle tar i studie 10 i KAL-prosjektet opp tekstlengda og kva denne har å seia for vurderinga. Her trekkjer ho fram studiar frå Sverige, der resultata peikar på at når skrivesituasjonen blir endra, ved at elevane skriv i prosess, påverkar dette tekstlengda (Vagle 2005:307). I denne studien viser det seg at elevane ved skule C skriv lengre tekstar. Dei har hatt

ein annan skrivesituasjon enn ved dei to andre skulane. Prosessen fram mot tekstskrivinga bar preg av modellering, og her arbeidde elevane også med teksten i ein lengre periode. Dei hadde dessutan lengre tid til rådvelde ved skrivinga, og spesifikke krav om tekstlengd og innhald. Tekstane ved skule B er generelt kortare enn ved dei to andre skulane. Tidsaspektet spelar her inn, men det kan også tenkjast at valmoglegheitene med tanke på type oppgåve gjorde at ikkje alle fann noko å skriva om. Skriveramma som blei delt ut hadde her ein mogeleg dobbel effekt: Den gav noko å skriva om, men samstundes kan det sjå ut til at den blei nytta som utfyllingsliste. Når lista var fylt ut, og alle spørsmåla svara på, var teksten ferdig. Tekstlengda og mengda av innhald ser ut til å ha samanheng med både læraren og elevane sine forventningar, samt elevane sin motivasjon for skrivinga. I vidaregåande skule spelar karakterar ei stor rolle, kanskje for stor. Det at elevane visste at teksten spela inn på standpunkt-karakteren, kan ha medverka til at dei skreiv fyldigare tekstar og strekte seg lenger for å fylla ut oppgåva.

Elevane sin skrivekompetanse må også sjåast i samband med kva ressursar som var tilgjengelege undervegs i skrivinga. Ved skule A hadde elevane tilgang til ein del nettsider undervegs, og det same hadde elevane ved skule C. Elevane ved skule B hadde ikkje tilgang til internett, og nokre av desse tekstane har blitt kortare. Bruken av internett ved prøvar kan ha samband med ei frykt for at elevane skal henta informasjon og plagiera frå nettet. Det kan også ha samanheng med eit ynskje om å trenast på ein eksamensnær skrivesituasjon, der nett-tilgangen er avgrensa til nokre få nettsider, slik som ved skule A. Det å ha tilgang til kjelder på internett liknar meir på ein autentisk skrivesituasjon som elevane vil møta i seinare studie og arbeid. Å gje god opplæring i kjeldebruk vil såleis kunna sjåast på som ein sentral del av skriveopplæringa. Elevane har brukt kjelder på ulike måtar. Ved skule C har det å finna gode kjelder undervegs i førskrivingsprosessen vore viktig. Elevane hadde moglegheit til å setja seg inn i relevant sekundærlitteratur og bruka bøker og teoriar frå andre skulefag. Dei elevane som får det best til bruker fleire kjelder på ein aktiv måte i teksten sin. Tekst C4 kan seiast å ha brukt kjelder på ein måte som har ført fram til nye perspektiv:

Hvis "(...) historie(n) beveget deg, var det en tragedie. Lo du, bare en eneste gang, var det ikke annet enn en komedie", sier han på romanens siste side (s. 285). Dette spørsmålet vridde særlig på min opplevelse av verket og tankene om hvor grensene mellom en tragisk og en komisk person går. Aristoteles skiller mellom de to ved å si at tragiske helter er bedre enn oss, mens komiske figurer er dårligere enn oss (Aristoteles, 2004, s. 27). (Linje 96 – 99)

Eleven viser her tekstforståing, og trekkjer inn ulike kjelder og brukar dei til å utforska og

utfordra seg sjølv og andre kjelder. Fordjupingsoppgåva i norsk oppnår då formålet i læreplanen – å gjennomføra ei sjølvvald og utforskande oppgåve. Innhaldet i oppgåva har læraren ved skulen hatt påverknad på, men eleven har sett seg inn i kjeldene og gir innhaldet meining. Til samanlikning viste eleven som fekk karakter 3+ ved skule C til berre ei kjelde utanom primærtteksten. Innhald og kunnskap vil alltid vera eit sentralt element i fagskriving, og ved å utnytta ressursar som ulike posisjonar, skapa rammer for samtaler om tekst og innhald og kjeldebruk, kan innhaldet bli betre og meir utbygd, og visa seg i større skrivekompetanse. Dette vil truleg også gje eit høgare karaktervurdering.

Aslaug Fodstad Gourvenec intervjuar avgangselevar om si oppfatninga av litteraturundervisninga (2016:5). Her blei dei blant anna spurt om dei kunne nemna eit minneverdig møte med litteratur og om kva slags arbeidsformer dei føretrekkjer i undervisninga. Elevane hadde ulike preferansar, men kjerneverdiane i svarea viste at elevane var opptekne av teksten si rolle, samspelet mellom lesar og tekst, og samspelet mellom lesar, tekst og andre lesarar. Deltaking er sentralt, og det å ynskja velkommen ulike tolkingar (ibid.14). Elevane svarta at det var viktigare å få vera med å forma tekstforståinga og produsera meining, enn å produsera ved å følgja faste oppskrifter. Gourvenec seier at desse elevane er høgtpresterande, og dermed ikkje er representative for alle elevar på vidaregåande skule. Desse tankane kan knytast til fleire sider ved denne studien. Elevane ved skule C har arbeidd med teksten og utvikla ei større forståing av både primærtteksten og sekundærttekstar. Dei har gjennom å samarbeida med andre møtt andre si forståing av tekst, noko eleven bak tekst C4 uttrykkjer slik: «En utbredt tolkning (i klassen) er at det dreier seg om en person med uklar kjønnsidentitet.» Det sosiale samspelet og tolkinga i fellesskap viser seg i tekstane, både eksplisitt ved å nemna det. Det er også råd å tolka motivasjonen for skrivinga og tekstlengda ved skule C slik at dette har påverka fleirtalet av elevane. Dette aspektet kan knytast til dei fleste sider ved tekstane, både innhaldet, strukturen, bruken av kjelder og det kommunikative aspektet ved teksten.

### 6.3 Hovudområdet tekststruktur

Hovudområdet tekststruktur heng saman med dei to føregåande hovudområda, ved at posisjonane og innhaldet elevane skriv om er med å strukturere framstillinga. Oppgåvene som er gitt strukturerer også teksten, og vurderinga av elevtekstane viser at lærarane er opne for dei tilboda om struktur som elevane skapar, særleg ved skule B. Å skapa god struktur handlar blant

anna om å ha gode skrivestrategiar, og å kunna planleggja kva innhald ein skal ha med og korleis det skal framstillast i teksten. Struktura i tekstane varierer, og det kan tyda på at elevane ikkje alltid er like medvitne om struktura i teksten. Skrivestrategiar som tankekart kan vera til hjelp dersom dette ikkje allereie er ein innarbeida del av elevane sine strategiar.

Tekst A2 er trekt fram som døme på tekstar som har god tekststruktur på makronivå, men der det er manglar i samanhengen i avsnitt og mellom setningar. Tekst C3 er eit døme på ein tekst der det er ein meir medviten bruk av koplingar, som skapar ein betre koherens i teksten. Skilnader på det mikrostrukturelle området kan vera det som skil mellom ein middels karakter, og ein karakter over middels. Tekst A2 viser at eleven har kunnskap, men samanhengen i og mellom setningar trekkjer teksten nedover på karakterskalaen, saman med språk og val av ord.

Forventningar til sjangrar spelar også ei sentral rolle når det gjeld struktur i tekst, der ei tredeling frå retorikken er eit ideal for saksprega tekstar. Skriverammer og modelltekstar kan visa korleis tekstar kan strukturast, og kva innhald ein bør ha med. Dette kan vera nyttige verktøy å kjenna til, men dei kan også gje sterke føringar for tekststrukturen. Nokre av tekstane ved skule B har svara på spørsmåla i skriveramma, og strukturert teksten etter desse. Bruken og funksjonen til skriverammene må vurderast, og her har lærarane ei viktig rolle. Gourvennec sin studie viste at høgtpresterande elevar ikkje opplever rammer for lesing og skriving som kjernen i faget. Det kan sjå ut til at i alle fall nokre av dei høgtpresterande i denne studien i stor grad klarer å bruka strukturane i skriverammer, men at dei samstundes kan ta sjølvstendige posisjonar i tekstane.

I delen om ulike kriterium blei det peika på at det er likskapar mellom ulike teksttypar, slik dei blir presentert i eksamensrettleiinga og vurderingskriteria til skriftleg eksamen i norsk. Det nye skjemaet som er tatt i bruk har vist seg å kunna fungera på ulike tekstar, sjølv om det raskt må leggjast til at denne studien berre tar for seg eit utval tekstar, og berre nokre av teksttypene som er aktuelle til eksamen. Ei forenkling av vurderingskriteria kan vera positivt spesielt for elevane, som får færre hovudområde å vera opptatt av i skrivinga. Hovudformålet med det nye skjemaet var likevel å retta meir merksemd på kommunikasjonen i tekstane, og dette kan sjå ut til å fungera etter føremålet. Dette betyr ikkje at sjangrane forsvinn ut av skriveopplæringa, men at meir av merksemda kan bli retta mot føremålet med teksten, og ikkje om ein oppfyller bestemt krav for bestemte teksttypar.

## 6.4 Hovudområdet språkbruk

Å kjenna til og kunna bruka faglege omgrep er ein viktig del av å tilhøyra diskursen i faget. Ordvalet seier noko om skrivarens faglege autoritet og tyngde (Skjelten 2013:195). Valet av ord er også eit sentralt kjenneteikn på at det epistemiske kunnskapsnivået. Dei gode skrivarane ser ut til å vera medvitne om at faget har ein eigen diskurs, og dei kan ofte bruka orda i faglege samanhengar i teksten. Tekstane som er på eit middels nivå brukar generelt fleire ord frå primærdiskursen, og færre frå sekundærdiskursen. For å kunna tileigna seg fagspråket trengs det eksplisitt opplæring og øving. Elevane er på eit steg i læreprosessen der dei øver seg på formuleringar og bruk av faglege omgrep, og dei er på ulikt nivå. Medvitet omkring omgrep ved retorikk og skjønnlitterær analyse blir det øva intensivt på, som førebuing til eksamen.

Evna til å formulera seg, variera setningslengda og byggja ut setningar kan også øvast opp. Som vist er variasjon i rytme og tempo i teksten ein måte å visa engasjement og tematisera innhaldet i teksten. Mange gode skrivarar meistrar dette også, men det kan sjå ut til at god samanheng og variasjon blir vurdert som mindre viktig når lærarane fastset karakteren. Variasjon i setningsoppbygginga treng ikkje alltid vera på plass, kan det sjå ut til. Innhaldet i teksten ser ut til å vera viktigare.

Språket som blir brukt viser også haldninga eleven tar. Tekst A2, der eleven vender seg til lesaren med eit «du» og lever seg inn i teksten, og skaper eit bilete av situasjonen i «Karens jul», viser eit engasjement ved å bruka språklege ressursar og variasjon i posisjonen. Teksten kan visa at eleven er merksam på denne effekten, og prøver å bruka stemma på fleire måtar, noko som truleg vil bli honorert. Analysane har peika på at elevane kanskje på dette stadiet er fullt medvitne om dei posisjonane dei kan ta i tekstane, og kva språklege verkemiddel dei kan bruka for å utnytta dette potensialet til fulle. I tekst C4, eksperten, ser ein også at eleven tar i bruk språklege bilete for å forklara korleis ho les tekstane. Metaforen «vrengebilde» er brukt. Litterære verkemiddel kan også brukast i analysar, og vil løfta språket og framstillinga. Undervisninga i norsk kan også prøva å stimulera til dette, ved eksplisitt å henta fram slike gode døme. Kreativiteten og engasjementen i skrivinga kan kanskje også aukast ved å ta ein posisjon ikkje berre som fagforfattar, men også som skjønnlitterær forfattar.

Gode skrivarar brukar også ulike måtar å kopla saman elementa og laga struktur i teksten. Tekst C3 tematiserer avsnitta ved å starta med det sentrale elementet avsnittet vil ta opp. Å skapa

avsnitt ved å bruka temasetningar, kommentarsetningar, ofte med døme frå tekst, og deretter avslutta avsnittet med ein avsluttande setning er ei øving som mange elevar på dette trinnet møter, eller har møtt, i opplæringa. Det kan sjå ut til at mange elevar meistrar denne struktureringsforma. Dette handlar også om val av ord og plasseringa i teksten. SFL har eit positivt syn på språk som ein ressurs som kan utnyttast, og mange elevar viser at dei er på god veg til å få grep om desse ressursane (Maagerø 2005:19).

## 6.5 Hovudområdet rettskriving og formverk

Skrivefeil, bruk av dialekt, feil i teiknsetjing er relativt lett å leggja merke til i ein tekst, men er lite kommentert i samband med tekstane i denne studien. Dette har samband med at det er lagt meir vekt på andre delar av skrivekompetansen, som posisjonering, fagleg innhald og struktur.

Harald Nilsen skriv i studie 4 i KAL-undersøkinga at svake tekstar har eit svakheitssyndrom, der mange faktorar spelar inn og gjer at teksten plasserer seg under middels. Eit av teikna på svakheit er at det er manglar i rettskrivinga (Nilsen 2005:129). Som vist i delen om vurderingskriteria trekkjer Sidsel Skjelten fram rettskriving som eit av fire sentrale kjenneteikn på optimal skrivekompetanse. Kravet om rettskriving har lang tradisjon i skulen, seier Skjelten (Skjelten 2013:243). Mønsterplanen frå 1974 modererte kravet til rettskriving, og framheva andre sider ved skriving, som fantasi og god disposisjon (ibid.). Skjelten seier likevel at gode ferdigheiter i rettskriving er viktigare enn nokon gong. Me omgir oss med mykje tekst, og i møtet med alle tekstar er det eit psykologisk krav om at tekstane må vera leseverdige (ibid.:244). Skjelten deler feila inn i fire kategoriar: Ortografi, samskriving, morfologi og andre rettskrivingskategoriar. Ortografi handlar om feil i enkel/dobbelt konsonant, sj-lyden, utelating eller ombyte av bokstavar. Samskriving/særskriving er eit aukande problem i språket, seier Skjelten og er derfor interessant å studera isolert. Morfologi handlar om feil i bøying i alle ordklassar. I kategorien andre feil plasserer Skjelten liten bokstav i eigennamn, innslag frå den andre målforma, eller feil i bruken av og/å. Når det gjeld teiknsetjing er det mange tvilstilfelle, seier Skjelten, og det blir derfor meir omtrentleg kvantifisert. Feilindeksen er forholdet mellom talet på feil og tekstlengde (ibid.:246).

I denne studien er det ikkje rekna ut feilindeks for tekstane. Feil av alle dei typane Skjelten trekkjer fram i materialet over er å finna i utvalstekstane, men også bruk av dialekt, som truleg



ville blitt plassert i andre feil. Bruk av hermeteikn ved sitat eller markering av titlar kan sjå ut til å vera eit trekk ved tekstane. Det er også råd å sjå nokre tendensar blant utvalstekstane, som samstemmer med funn hjå Skjelten (Skjelten 2013:248). Det er få feil når det gjeld enkel/dobbelt konsonant, og sj-lyden. Utvalstekstane har heller ikkje mange feil når det kjem til særskriving, som ein kanskje kunne forventa. Tekst B1 har to tilfelle, «dollar tegn» og «patos appellen», men det siste ordet er skrivi rett andre stader i teksten. Det er noko meir feil i teiknsetjinga, og dette kan ha samanheng med ulike skrivioprogram som automatisk endrar til dømes plasseringa av hermeteikn bort frå første bokstav, som i tekst A4: «TA EIN # SELFHISF (...)». Vurderinga av denne teksten såg ikkje ut til å trekkja mykje her, for teksten fekk karakter 6. Det kan likevel sjå ut til at gode skrivarar har eit meir innarbeida ordbilde og kjenner igjen fleire ord. Eit kvalitetstrekk det kan vera verd å merkja seg, er at det er mindre bruk av dialekt i tekstane som har fått karakter over middels.

Å ha gode skriviestrategiar kan bety å ha ein plan for å luka bort skrivi-feil i teksten sin. Her handlar det i første rekkje om å ha stavekontroll tilgjengeleg på PC-en, samt om å bruka dei hjelpemidla som finst i skrivioprogram og på internett for å slå opp ord. Det kan likevel sjå ut som at rettskriving ikkje er eit sentralt kvalitetsstrekk dersom ein ser på samanhengen mellom skrivi-feil og vurdering.

## 6.6 Samla vurdering

Denne studien er kvalitativ og abduktiv og baserer seg på eit lite utval av tekstar samla inn innanfor eit avgrensa geografisk område. Det er ikkje mogeleg å trekkja absolutte svar ut frå det som er funne, men det er mogeleg å peika på nokre tendensar.

Analysane av skrivioppgåvene og elevtekstane viser at i dette utvalet blir det lagt vekt på oppgåver om litterære og retoriske analysar. KAL-undersøkinga konkluderte blant anna med at forteljande og sjølvcentrerte tekstar dominerte skrivinga, og at berre 15% valde oppgåver som inviterte til sakprega skriving. I vidaregåande skule har denne tendensen snudd. Sakprega og fagspesifikk skriving, som tekstanalysar og resonnerande tekstar, dominerer i dette utvalet. Tekstforståing og lesekompetanse er to viktige aspekt ved elevtekstane, sidan elevtekstane tar utgangspunkt i eit eller fleire tekstvedlegg. Det kan sjå ut til at det blir lagt størst vekt på kunnskap om omgrep frå retorikk og evna til å analysere skjønnlitterære tekstar. Også kunnskap om litteraturhistoriske periodar er ein vesentleg del av stoffet elevane må meistra for å kunna

skriva gode tekstar og få ein karakter over middels. Dette kan sjåast i samanheng med at ein kunnskaps- og kulturarvmodell framleis kan sjå ut til å dominera lærarane si oppfatning av kva som er det viktigaste fagstoffet i vidaregåande skule (Berge 2005:24). Berge nemner også wash-back effekten (ibid.), og at eksamen påverkar valet av oppgåver og skrivemåtar. Dette samstemmer også med funna i denne studien. Ein skule brukar tidlegare gitte eksamensoppgåver, og dette kan sjåast på som ein del av førebuinga til obligatorisk skriftleg eksamen i norsk hovudmål.

Funna i studien viser at det er ein nokså klar samanheng mellom lengda på teksten og den karakteren elevane har fått. Sjølv om det er skilnader i skrivesituasjonane og oppgåvene som er gitt ved dei tre skulane, viser studien at nokre elevar skriv lengre tekstar og dermed får vist meir av kompetansen sin. Tekstlengd er eit kriterium som i stor grad heng saman med ei god vurdering, noko som også samstemmer med funna i KAL studie 10. Elevane har gjennomført skrivinga på ulike måtar og med ulike hjelpemiddel. Dette har truleg vore medverkande til at elevane har skrive tekstar med ulik lengd. Skrivebestillinga ved skule C skil seg frå dei to andre skulane sine, ved at førebuinga til skrivinga har gått føre seg over lengre tid, og at elevane har kunna gjort ulike oppgåver og samtala om teksten undervegs. Desse elevane hadde dessutan spesifikke krav og forventningar til lengda på teksten, noko som ser ut til å ha påverka tekstlengda og kompetansen som blir vist. Funna kan tyda på at det er god læring i å gå i djupna og arbeida med ein tekst over lengre tid. Breidda som er vist i tekstane frå skule C kan tyda på at elevane har opplevd auka motivasjon og læring.

Posisjonane elevane tar i tekstane varierer også i stor grad. Dei beste skrivarane posisjonerer seg på fleire måtar og brukar fleire roller i skrivinga. Dette samstemmer med funn i KAL-undersøkinga. Det kan sjå ut til at det kommunikative aspektet ved skrivinga ikkje blir utnytta i den grad som skriveoppgåvene kan leggja opp til. Særleg ser det ut til at oppgåvene ved skule B, som inviterer til refleksjon og at elevane tar rolla som medborgar, er krevjande. Elevane viser usikkerheit omkring korleis dei kan reflektera og resonnera i tekstane. Dette samstemmer også med funna i KAL-undersøkinga, og kan vera ein grunn til å fokusera meir på den kommunikative sida ved skrivinga. At elevane ikkje alltid i stor grad reflekterer eller resonnerer i så stor grad som oppgåva legg opp til, går likevel ikkje alltid ut over karaktervurderinga. Dette kan også vera eit teikn på at presentasjon av kunnskap blir vekta høgare enn refleksjon. Det kan sjå ut til at formålet med skrivinga ikkje alltid kjem klart fram der eleven blir beden om å resonnera. Når formålet med teksten er å analysa ulike tekstar og gjera greie for kunnskap,

oppfattar elevane kva skrivehandlingane i teksten deira dreiar seg om. Her kan det også liggja eit potensiale for å kommunisera formålet betre i oppgåvene, og i samband med førebuinga.

Analysane peikar også på at bruk av skriverammer er ein viktig del av opplæringa. Skriverammer kan vera ei god støtte for å koma i gang med skrivinga, men kan også føra til ei skriving som er meir instrumentell og mindre fri. Ved skule B er ei skriveramme lagt ved oppgåva, og fleire elevar brukar spørsmåla i ramma for å fylla ut innhaldet i teksten. Gode skrivarar riv seg i større grad laud frå skriverammene. Bruk av skriverammer kan også knytast til forventningar om sjanger. For å bli kjende med den faglege sjangeren er skriverammene nytta som ein del av ei eksplisitt undervisning i faget sine skrivemåtar. Her kan det trekkjast inn at tekstane er skrivne midt i skuleåret på vg3, og at elevane er i ein prosess der dei kanskje i større grad vil lausriva seg frå skriverammer og modelltekstar, og posisjonera seg på andre måtar etter kvart som dei blir tryggare på kunnskapen som skal formidlast i tekstane. Struktura i tekstane blir også påverka av skriverammene, og også her kan det vera eit poeng at elevane er i ein læringsprosess.

I samband med analysane er det prøvd ut eit nytt vurderingsskjema som tar utgangspunkt i hovudområda for vurdering i Norm-prosjektet. Eit slikt skjema har ikkje vore utvikla for vidaregåande skule tidlegare, etter det Synnøve Matre, prosjektleiar for Norm-prosjektet opplyser om. Skjemaet kan sjå ut til å fungera etter føremålet, som var å setja fokus på det kommunikative aspektet ved skrivinga, samt å bruka ei analytisk tilnærming til tekst. Analytiske tilnærmingar ser nærare på dei enkelte elementa i tekstane, og mindre på heilskapsinntrykk, i motsetnad til holistiske tilnærmingar. Skjemaet har berre ei side, og er tenkt å kunna brukast på alle teksttypar, ved både formativ og summativ vurdering. Det kan tenkjast at andre kriterium vil erstatta nokre av dei som er føreslått i skjemaet. Det er også for tidleg å fastslå om dette skjemaet kan brukast på alle teksttypar ut frå denne studien, blant anna fordi det ikkje er såkalla kreative tekstar i utvalet.

Prosesen med fagfornyng i norskfaget som no er i gang, har forslag om at kreative tekstar ikkje lenger skal vera ein teksttype som elevane skal få eksplisitt opplæring i å skriva (Udir 2018). I oppsummeringa frå fagfornyng heiter det at kreativitet er ein viktig kompetanse for framtida, men: «I norskfaget handler kreativitet om å være kreativ i utforminga av tekst og i språklige valg. Kreativitet kan være en del av all kommunikasjon og tekstskaping, ikke bare skriving av visse teksttyper eller sjangere» (ibid.). Denne formuleringa stemmer godt med det

som kjem fram i denne oppgåva med tanke på dei posisjonane elevane tar i tekstane sine. Det går også fram at det skal skje ei «dreining mot ei meir studiespesialiserande retning på vg2 og 3», og at skjønnlitterær skriving er fjerna i det siste året på studiespesialisering for å fokusere meir på akademisk skriving, og dermed forberede elevane betre på vidare studiar (ibid.). Dette kan ha både fordelar og ulemper. Det kan vera bra at kreativitet får større plass i skrivinga, og det kan vera god grunn til å fokusera meir på språklege uttrykksmåtar og posisjonering framfor presentasjon av kunnskap. På den andre sida kan auka fokus på akademisk skriving føra til ei enda større vektlegging på skriving som kunnskapsformidling. Den kreative skrivinga har for mange elevar, og lærarar, vore ein «fristad», der ein har hatt fridom til å prøva ut nye skrivemåtar og skrivehandlingar, og dette kan også ha positiv innverknad på fagskrivinga.

Studien viser at språket i tekstane spelar ei vesentleg rolle for vurderinga. Bruk av fagspråk og eksemplifisering frå tekstane aukar kvaliteten i teksten, og fører til betre vurdering, medan ord frå primærdiskursen og dialekt kan sjå ut til å svekka kvaliteten og vurderinga teksten får. Teiknsetjingsfeil ser ikkje ut til å gjera at vurderinga alltid blir dårlegare, men det ser ut til å vera ein samanheng mellom god vurdering og god samanheng i teksten, som til dømes god avsnittsstruktur.

Mykje av det som her er peika på er også trekt fram i KAL-undersøkinga, og funna viser dermed ikkje ein ny tendens. Det kanskje mest interessante er likevel at resonnerande tekstar og refleksjon framleis synes å vera ei utfordring, på slutten av vidaregåande. Dersom dette stemmer, kan det bety at dette er eit område der skrivekompetansen kan utviklast vidare og der det er eit utviklingspotensiale. Dette kan eventuelt nye studiar prøva å svara på. Dersom det er slik, kan det også knytast til eit demokratisk aspekt ved skriving, og eit viktig aspekt ved skriving i det heile. At opplæringa i skulen, som skrivinga er ein del av, dannar grunnlag for deltaking i samfunnet og vidare studiar og arbeidsliv.

## 7. Avsluttande kommentarar

*Denne delen vil peika på nokre oppsummerande tendensar i samband med studien, og det vil bli peika på nokre perspektiv på skriveopplæring. Til slutt vil det bli forsøkt å gi nokre konkrete råd om skriving i vidaregåande skule.*

### 7.1 Oppsummerande tendensar

Finst det ein vurderingskultur i skulen? Og kva handlar i så fall denne om? Det som kan tala for at det allereie eksisterer ein felles vurderingskultur, er mellom anna eit omfattande arbeid med vurdering for læring både på nasjonalt og fylkeskommunalt nivå og på regionnivå, i form av skulering og samlingar. Det går også føre seg omfattande forskning på området vurdering ved Universitet og høgskular. Også media og tidsskrift er opptekne av vurdering og dette spreier seg til samfunnet generelt, ikkje minst foreldre og elevar som har ein naturleg interesse for vurdering og karakterar. Skriftleg eksamen på vg3 er årleg, og her møtest lærar til sensur og oppgåvene blir kommentert i media. I samband med eksamen blir sensorane skulerte, og her er det fokus på å skapa ei felles oppfatning av kvalitet i vurderinga.

Ut frå denne studien kan det sjå ut til at det er ein viss variasjon i korleis undervisninga blir gjennomført på, og kva det blir lagt vekt på i vurderinga. Skrivinga skjer både i ein form for prosess og i ein tradisjonell summativ situasjon. Her må det raskt leggjast til at breidda i korleis lærarane underviser og korleis dei vurderer tekst ikkje kjem fram i denne undersøkinga. Det kan sjå ut til at lærarane er samstemte om noko: Du må visa forståing av tekst og skapa struktur og samanheng i teksten. Det kommunikative aspektet handlar først og fremst om å visa kunnskap, og refleksjonen blir ikkje alltid like sterkt lagt vekt på.

«Hvilken tekstkyndighet har studenter med seg fra videregående skole?» Dette spørsmålet stiller Greek og Jonsmoen i ein artikkel publisert på Utdanningsforskning.no. Her blir det peika på at det å skriva fagtekstar er ein viktig kompetanse på høgare utdanning, og at norskfaget er egna som arena for studier av tekstkyndigheit (Greek & Jonsmoen 2016:3). Konklusjonen seier at elevane kan ha utfordringar med å bruka kunnskapen frå vidaregåande skule. Elevane må sjå teksten sin i ein fagleg samanheng og utvikla eit metaforhold til teksten sin og vurdere eigen tekstkompetanse. Elevane bør eksplisitt læra korleis dei kan utbetra tekstane ved å diskutera struktur, og korleis argumentasjon og slutningar kan brukast i ein fagspesifikk samanheng.

Dette kan føra til at tekstkompetansen frå vidaregåande skule får større reell verdi (ibid.) Dette kan peika mot at det er større behov for å arbeida med argumenterande tekstar i norskfaget. Litterære og retoriske analyser også argumenterande, men det er samstundes grunn til å ta fram ei større breidd av teksttypar i undervisninga, ikkje minst argumenterande tekstar.

Kva med dei skrivarane som ikkje er ein del av denne undersøkinga? Dei som ligg under middels nivå, på karakter 2 eller i grensesjiktet mellom 2 og 3? Det kan vera fleire årsaker til at elevane ikkje kjem opp på det nivået som er ynskjeleg, og det kan handla om at undervisninga ikkje er systematisk nok eller at formålet med skrivinga ikkje er godt nok kommunisert. Det kan også ha samanheng med manglande motivasjon, språkvanskar eller dysleksi (Skrivesenteret 2013:29). Bakgrunn med eit anna morsmål kan også vera ein grunn til at det å formulera seg på norsk kan vera utfordrande. Eit kjenneteikn på vanskar med skrivinga kan vera at det er vanskar med å skriva ned tankane, problem med skriveflyt, problem med teiknsetjing og eventuelt handskrift. Dei manglar gjerne også motivasjon til å planleggja og gjennomføra ei skriveoppgåve (ibid.) Self Regulated Strategy Development (SRSD) er ein modell som kan vera til støtte for elevar med skrivevanskar. Modellen er delt inn i seks stadier eller steg som kan støtta skrivaren. Dette handlar i stor grad om å ha gode skrivestrategiar, og å kunna automatisera desse. Eksplisitt undervisning av strategiar kan ut frå eiga erfaring også vera nyttig for alle elevar, uavhengig av karakter. Strategiane har dei ofte lært seg i grunnskulen, men desse blir ikkje tatt i bruk på vidaregåande på same måte som i grunnskulen. Det vil føra for langt å gå inn på alle årsaker til dette, men det kan handla om lærarane sin bakgrunn først og fremst som fagpersonar. Dette peikar mot Kunnskapsløftet, og tanken om at alle lærarar er skrivelærarar.

Kva er så viktig å meistra når du skriv tekstar på vg3, anten i norsk eller til og med i andre fag? Lat meg avslutningsvis byta stemme, og ta på meg lærarbrillene, og koma med nokre velmeinte råd. Basert på funna i denne studien kan kanskje desse punkta vera til hjelp når du skal skriva:

1. *Kva er formålet med teksten du skal skriva?* Kva skrivehandlingar blir det opplyst om i oppgåva? Seier oppgåva til dømes at du skal gjera greie for, drøfta eller analysera?
2. *Kva stemme eller stilnivå vil du ha i teksten?* Korleis vender du deg til lesaren? Øv på å bruka ulike posisjonar i teksten, og bruk dei som høver best til formålet med teksten.

3. *Involver deg i det du skriv om! Vær engasjert og kritisk!* Vis at du bryr deg om teksten du skriv – skriv om noko du bryr deg om. Ta gjerne ei posisjon der du vurderer dei haldningane som kjem fram i teksten, men underbygg synspunkta dine.

4. *Lag eit tankekart eller ein disposisjon.* Slik får du strukturert innhaldet og får eit oversyn over det du ynskjer å få med i teksten. Set gjerne nummer på momenta for å laga struktur på tankekartet. Dette kan også hjelpe deg til å sjå om du svarer på oppgåva. Kjem du på fleire punkt undervegs, skriv du dei ned på tankekartet.

5. *Skriv eit utfyllande svar og svar på oppgåva.* Er det sagt noko om kor langt du skal skriva? Skriv du langt er det større sjanse for at du får vist breidda i kompetansen din. Ved eksamen er det ikkje spesifisert kor langt du skal skriva, bortsett frå i kortsvarsdelen. Til eksamen bør du skriva mellom 1000 til 1500 ord på langsvaret. Ikkje gjenta deg sjølv for å skriva ein lengre tekst. Det går utover strukturen og relevansen i svaret.

6. *Bruk fagspråket.* Faglege omgrep gjer teksten din meir presis og gjer at du står fram med større kunnskap og truverd. Unngå for munnleg språk, kjenneteikna av kvardagsspråk.

7. *Skap samanheng.* Skaff deg kunnskap om korleis du kan skapa samanheng i teksten din og kva som gjer at du kan kopla ord, setningar og avsnitt saman. Bind saman teksten på ord- og avsnittsnivå, og tenk på korleis heile teksten heng saman.

8. *Vær medviten om kva kjelder du brukar.* Er dei relevante? Kor truverdige er dei?

9. *Revider teksten din i skriveprosessen.* Tenk på revisjonen som ein del av ein skriveprosess, der du først les oppgåva, lagar tankekart eller disposisjon, skriv tekst og reviderer.

10. *Spør deg sjølv til slutt – er teksten eg har skrive truverdig? Kan eg det eg har skrive om? Har eg gjort greie for deg eg skal og svara på oppgåva?*

Lukke til! Og hugs – ein middels god karakter er heller ikkje å forakta ...

## Litteratur

- Aristoteles (2006) *Retorikk*. Omsett av Tormod Eide. Vidarforlaget, Oslo.
- Aftenposten (2014) «En konfliktfylt eksamensoppgave», Aftenposten meninger, publisert 11. juni 2014. Lokalisert på internett 5. februar 2018: <https://www.aftenposten.no/meninger/sid/i/ng2W5/En-konfliktfylt-eksamensoppgave>
- Barton, D (2007) *Literacy. An introduction to the ecology og the written language*. 2. utgåve. Blackwell publishing, Oxford.
- Berge, K.L. (1996) *Norsksensorenes tekstnormer og doxa. En kultursemiotisk og sosiotekstologisk analyse*. Dr. art. avhandling ved Institutt for anvendt språkvitenskap. Det historisk-filosofiske fakultet, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, Trondheim.
- Berge, K.L. (2005) *Skriving som grunnleggende ferdighet og som nasjonal prøve – ideologi og strategier*. I Aasen, A. J. & Nome, S. (Red.), *Det nye norskfaget*. (161-188). Bergen. Fagbokforlaget/LNU. (Lokalisert på internett 3. mai 2018 <http://folk.uio.no/kjellbe/Skriving.pdf>)
- Berge, K.L., Evensen, L.S., Hertzberg, F., Vagle, W. (red.) (2005) *Ungdommers skrivekompetanse. Bind I*. Universitetsforlaget, Oslo.
- Berge, K.L., Evensen, L.S., Hertzberg, F., Vagle, W. (red.) (2005) *Ungdommers skrivekompetanse. Bind II*. Universitetsforlaget, Oslo.
- Berge, K.L, Coppock, P., Maagerø, E. (red.) (1998) *Å skape mening med språk*. Landslaget for norskundervisning og Cappelen Akademisk Forlag as, Oslo.
- Blikstad-Balas, M. (2016) *Literacy i skolen*. Universitetsforlaget, Oslo.
- Breivega, K.R. og Johansen, S.P (2016) «Frå sjanger til teksttype i skriveopplæringa» *Norsklæraren*, nr. 2, 2016.
- Dahl, B.H. m.fl. (2015) *Grip teksten. Norsk vg3*. 2. utgåve, 3. opplag. H. Aschehoug & Co. (W. Nyggard). Oslo.
- Evensen, L.S (2010) «En gyldig vurdering av elevers skrivekompetanse?» I Smidt, J., Folkvord, I. og Aasen, A.J. (red.) *Rammer for skrijving. Om skriveutvikling i skole og yrkesliv*. Tapir Akademisk Forlag, Trondheim.
- Fjørtoft, H. (2014) *Norskdiaktikk*. Fagbokforlaget, Bergen.
- Fjørtoft, H og Sandvik, L.V. (2016) *Vurderingskompetanse i skolen*. Universitetsforlaget, Oslo.
- Gjerstaad, C. T. (2010) *En analyse av maskebruken i Maskeblomstfamilien (2003) av Lars Saabye Christensen*. Masteroppgave i nordisk, særlig norsk, litteratur og språk i Lektor- og adjunktprogrammet. Institutt for lingvistiske og nordiske studier, Universitetet i Oslo.
- Gourvennec, A. F. (2016) *Litteraturfaglig praksis: Avgangselevers retrospektive blick på arbeid med litterære tekster i videregående skole*. I «Nordic journal of literacy reserach». (Lokalisert på internett 2. mai 2018 <https://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/2398745/271-2704-1-PB.pdf?sequence=1&isAllowed=y>)
- Greek, M. og Jonsmoen, K.M. (2016) *Hvilken tekstkyndighet har studenter med seg frå videregående skole?* I *Utdanningsforskning.no* – Uniped 3/2016. (Lokalisert på internett 12. mars 2018)



Skrivekompetanse i norskfaget på videregående skule. Ein studie av kvalitetsforskjellar i elevtekstar.

<http://utdanningsforskning.no/artikler/hvilken-tekstkyndighet-har-studenter-med-seg-fra-videregaende-skole/>)

- Hertzberg, F. (2011) «Skriving i fagene – viktig, riktig og nødvendig». I *Skriv i alle fag! Argumentasjon og kildebruk i videregående skole*. Universitetsforlaget, Oslo.
- Hertzberg, F. (2006) «Skrivekompetanse på tvers av fag» i Elstad og Turmo *Læringsstrategier. Søkelys på lærernes praksis*. 3. opplag 2010. Universitetsforlaget, Oslo.
